



INNHOLD

HURTIGVEILEDER FOR ACROBAT
READER VERSJON 4.0 PDF



| | | |
|--------------|---|-----------|
| 1 | INNLEIING | 5 |
| 2 | REGULERINGSPLANAR OG UΤBYGGINGSPLANAR I PLANSYSTEMET ELLES | 6 |
| 2.1. | Nasjonale retningsliner | 7 |
| 2.2. | Regionale retningsliner | 7 |
| 2.3. | Arealdelen av kommuneplanen, kommunedelplanar | 7 |
| 2.4. | Reguleringsplan | 8 |
| | BYGGJESAKSREGLANE | 9 |
| | VERKNADENE AV REGULERINGSPLAN | 10 |
| 2.4.1. | PLIKT TIL Å UTARBEIDE REGULERINGSPLAN - TILHØVET TIL OVERORDNA PLANAR | 11 |
| 2.4.2. | FORENKA REGULERINGSPLAN | 12 |
| 2.4.3. | MELLOMBELS DELE- OG BYGGJEFORBOD | 13 |
| 2.5. | UTBYGGINGSPLAN | 14 |
| 2.5.1. | KOMMUNEPLAN - UTBYGGINGSPLAN | 15 |
| 2.5.2. | REGULERINGSPLAN - UTBYGGINGSPLAN | 15 |
| 2.5.3. | KRAV OM KONSEKVENSUTGREIING | 16 |
| 2.6. | Andre føresegner | 16 |
| 3 | REGULERINGSFØREMÅL OG REGULERINGSFØRESEGNER | 17 |
| 3.1. | Arealbruksføremål etter § 25 | |
| 3.1.1 | Generelt om reguleringsføremål | 18 |
| 3.2. | REGULERINGSFØRESEGNER ETTER § 26 | |
| 3.2.1 | GENERELT OM REGULERINGSFØRESEGNER | 19 |
| 3.2.2 | OM INNHALDET I REGULERINGSFØRESEGNENE | 20 |
| 3.3. | Byggjeområde | 26 |
| 3.3.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 26 |
| 3.3.2. | GENERELT OM FØRESEGNER TIL FØREMÅLET BYGGJEOMRÅDE | 26 |
| 3.3.3. | DELFØREMÅL ETTER § 25 NR. 1 BYGGEOMRÅDER | 28 |
| | EKSEMPEL PÅ FLEIRE UNDERFØREMÅL | 32 |
| 3.4. | LANDBRUKSOMRÅDE | 32 |
| 3.4.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 32 |
| 3.4.2. | FØRESEGNER TIL LANDBRUKSOMRÅDE | 34 |
| 3.4.3. | DELFØREMÅL ETTER § 25 LANDBRUKSOMRÅDER: | 34 |
| 3.5. | OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE | 36 |
| 3.5.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 36 |
| 3.5.2. | DELFØREMÅL ETTER § 25 OFFENTLIGE TRAFIKKOMRÅDER: | 36 |
| 3.6. | FRIOMRÅDE | 39 |
| 3.6.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 39 |
| 3.6.2. | FØRESEGNER TIL FRIOMRÅDE | 39 |
| 3.6.3. | KONSEKVENSUTGREIINGAR | 39 |
| 3.7. | FAREOMRÅDE | 40 |
| 3.7.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 40 |
| 3.7.2. | FØRESEGNER TIL FAREOMRÅDE | 41 |
| 3.7.3. | DELFØREMÅL ETTER § 25 FAREOMRÅDER | 41 |
| 3.8. | SPESIALOMRÅDE | 42 |
| 3.8.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 43 |
| 3.8.2. | DELKATEGORIAR ETTER § 25 SPESIALOMRÅDER: | 43 |
| 3.8.3. | KONSEKVENSUTGREIINGAR | 55 |
| 3.9. | FELLESOMRÅDE | 55 |
| 3.9.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 55 |
| 3.9.2. | FØRESEGNER TIL FELLESOMRÅDE | 56 |
| 3.10. | FORNYINGSOMRÅDE | 56 |
| 3.10.1. | KVA FØREMÅLET OMFATTAR | 56 |
| 3.10.2. | FØRESEGNER TIL FORNYINGSOMRÅDE | 57 |
| 3.11. | KOMBINASJON AV FØREMÅL INNANFOR SAME OMRÅDE ELLER I SAME BYGNING | 57 |
| 3.11.1. | FØRESEGNE OM REKKJEFØLGJE VED SKIFTE FRÅ EITT FØREMÅL TIL EIT ANNA I BYGNING ELLER FOR EIT OMRÅDE | 58 |
| 3.12. | EKSEMPEL PÅ REGULERINGS- OG UΤBYGGINGSPLANAR MED TILHØYRANDE FØRESEGNER | 60 |



| | | |
|--------|--|-----|
| 3.12.1 | ANDRE PLANTEMA | 82 |
| 4 | PLANPROSESSEN OG SAKSHANDSAMINGA | 83 |
| 4.1. | ORGANISERINGA AV ARBEIDET MED REGULERINGSPLAN / UΤBYGGINGSPLAN | 83 |
| 4.2. | SAKSHANDSAMING AV REGULERINGSPLAN/UTBYGGINGSPLAN | 85 |
| 4.2.1. | UTARBEIDING AV PLANFORSLAG | 87 |
| 4.2.2 | HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN | 88 |
| 4.2.3 | PLANVEDTAK | 92 |
| 4.2.4 | ETTER PLANVEDTAK | 94 |
| 4.2.5. | ENDRING AV PLAN | 96 |
| 4.3. | HANDSAMING AV UTBYGGINGSPLAN | 97 |
| 4.4. | REGULERINGSFORSLAG FRÅ ANDRE OFFENTLEGE ETATAR | 99 |
| 4.5. | PRIVATE REGULERINGSFORSLAG | 99 |
| 5 | RETTSVERKNADER OG PLANEN SOM RETTSLEG DOKUMENT | 101 |
| 5.1. | ERSTATNING / INNLØYSING | 104 |
| 5.2. | OREIGNING | 105 |
| 5.3. | OPPARBEIDINGSKRAV | 106 |
| 5.4. | REFUSJON | 106 |
| 5.5. | DISPENSASJON | 107 |
| 5.6. | PLAN- OG BYGNINGSLOVA OG TILHØVE TIL SEKTORLOVENE | 109 |
| 6 | SAKSFRAMSTILLING OG SAKSMATERIALE | 111 |
| 6.1. | JURIDISK BINDANDE PLANMATERIALE | 111 |
| 6.2. | REDIGERING AV REGULERINGSFØRESEGNER | 111 |
| 6.3. | PLANFRAMSTILLING OG ANNA SAKSMATERIALE | 111 |
| 6.4. | FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR | 112 |
| 6.4.1. | FORHOLDET TIL ANDRE REGULERINGSPLANAR | 112 |
| 6.4.2. | FORHOLDET TIL KOMMUNEPLANEN | 112 |
| 6.4.3. | ANDRE OVERORDNA PLANAR OG OPPLYSNINGAR | 112 |
| 6.5. | SAKSMATERIALE VED FORMELL HANDSAMING | 112 |
| 6.6. | HANDSAMINGSSKJEMA | 113 |
| 6.7. | AVGRENSING AV PLANOMRÅDET | 113 |
| 6.8. | AVGRENSING AV FØREMÅLA | 113 |
| 6.9. | RETTSLEGE KRAV TIL PLANFRAMSTILLINGA OG FØLGJENE AV EVENTUELLE FEIL | 113 |
| 7 | FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLANAR OG UTBYGGINGSPLANAR | 114 |
| 7.1. | OMGREP | 114 |
| 7.2. | UTARBEIDING AV PLANKART | 114 |
| | ANALOG/DIGITAL PLANLEGGING | 114 |
| | SOSI-STANDARDEN | 115 |
| | KARTGRUNNLAG | 115 |
| | TEMAGRUNNLAG | 116 |
| | AREALIS | 116 |
| | PLANAR SOM DEL AV EIT KOMMUNALT FORVALTINGSSYSTEM | 116 |
| 7.3. | INNHALDET I PLANKARTET | 116 |
| 7.4. | PRODUKSJONSMETODAR FOR PRESENTASJON AV PLANKART | 118 |
| 7.5. | FARGAR OG SYMBOL I REGULERINGSPLANAR OG UTBYGGINGSPLANAR | 118 |
| | FARGEBLANDINGSSYSTEM | 118 |
| | NORM FOR FARGAR, LINER OG SYMBOL I REGULERINGSPLANAR OG UTBYGGINGSPLANAR | 118 |
| | STIKKORDSREGISTER | 137 |

LOVTEKSTER



FIGURLISTE

- Figur 2.1.** Figuren viser dei formelle mogelegheiter/ alternativa lova gjev for å gå frå kommuneplan til gjennomføring av tiltak 7
- Figur 3.1.** Utsnitt av reguleringsplan kor det i tilhøyrande reguleringsføresegner er stilt vidare plankrav før byggjesak vert behandla 24
- Figur 3.2.** Utsnitt av reguleringsplan for mindre tettstad kor det er brukt blanda føremål og offentlege bygningar er vist med oppgjevne føremål 31
- Figur 3.3.** Eksempel som viser landbruksområde avsett til jordbruk, verneverdig gards tun regulert til spesialområde bevaring / landbruk, og verdifullt landskapselement regulert til spesialområde naturvern / landskapsvern. 33
- Figur 3.4.** Eksempel som viser veganlegg og handtering av sideareal til vegen med støyttiltak, turveg, gang- / sykkelveg mm. 38
- Figur 3.5.** Eksempel som viser fareområde høgsplantanlegg og fareområde flom 41
- Figur 3.6.** Eksempel som viser regulering til spesialområde bevaring med føresegner om rekkjefølgje og med moglegheit for nybygging 48
- Figur 3.7.** Eksempel som viser klimavernsone 51
- Figur 3.8.** Eksempel som viser frisktsoner ved veg 59
- Figur 3.9.** Eksempel som viser regulering i fleire plan 59
- Figur 3.10.** Detaljert reguleringsplan med tilhøyrande føresegner som viser nye bustadområde og avgrensa fortetting av eksisterande bustadområde. Eksemplet viser også regulering til landbruk, spesialområde bevaring, fareområde, friområde og fellesområde. 61
- Figur 3.11.** Forenkla reguleringsplan (flateplan) med nokre eksempler på føresegner som styrer utviklinga av sentrum i ein mindre tettstad. Planen rydder opp i vegsystemet, samlar buss- og jarnbane-terminalane og gjev rettleing om byggjemogelegheitene. 64
- Figur 3.12.** Reguleringsplan med tilhøyrande føresegner for meir samansett og krevjande by-/ tettstadssituasjon med krav om nærmere detaljering / utbyggingsplan i reguleringsføresegner. Eksemplet viser både eksisterande og nytt, blanda formål, bevaring og fornyingsområde 66
- Figur 3.13.** Utbyggingsplan med tilhøyrande føresegner for del av reguleringsområde i figur 3.12 som oppgjev nærmere høgder og form på bygningane 70
- Figur 3.14.** Illustrasjon til utbyggingsplan 72
- Figur 3.15.** Illustrasjon til utbyggingsplan 72
- Figur 3.16.** Utbyggingsplan for mindre bustadområde etter krav i kommuneplan. Viser eksisterande og nye bustader, felles tilkomst, fellesareal, leik / opphold / vegetasjonsbelte (grøntdrag og klimaverne). 73
- Figur 3.17.** Reguleringsplan med tilhøyrande føresegner som viser trafikkområde for større veganlegg med lokalisering av bensinstasjonar, skjermingstiltak og øvrig handtering av vegen sine sideareal. Viser også byggeområde for industri med parkbelte 74
- Figur 3.18.** Reguleringsplan med tilhøyrande føresegner som viser fareområde / skytebane kombinert med industri og friområde. Områda har felles tilkomst og parkering. Industribygg og idrettshall er lagt som støyskjerm. 77
- Figur 3.19.** Reguleringsplan som viser anlegg i sjøen. 79
- Figur 3.20.** Reguleringsplan med føresegner som viser bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevarast. 80
- Figur 4.1.** Reguleringsplanprosessen 86
Skjematiske framstilling av hovedfasar i planprosessen og nokre formelle milepæler etter lova. Figuren nemner også korleis og når medverknad og samarbeid kan føregå. (figuren signaliserar ikkje tidsbruk for dei ulike fasane) 86
- Figur 4.2.** Eksempel på kunngjering av planoppstart 88
- Figur 4.3.** Eksempel på kunngjering av offentleg ettersyn 91
- Figur 4.4.** Eksempel på kunngjering av vedtak 95
- Figur 7.1.** Eksempel på utforming av teiknforklaring for reguleringsplan.....138
- Figur 7.2.** Eksempel på plankart med tilhøyrande SOSI-fil (forenkla) 139



Føreord

Dette er ei rettleiing til utarbeiding av reguleringsplanar og utbyggingsplanar etter føresegnene i plan- og bygningslova. Rettleiinga erstattar T-1128 Reguleringsplaner og bebyggelsesplaner frå 1996. Saman med rettleiing T-1225 for utarbeiding av arealdel til kommuneplanen utgjer ho Miljøverndepartementet si grunnrettleiing i utarbeidingsa av arealplanar i kommunane. Røynsler frå dei fylkesvise opplæringsprogramma i 1996-97 har vore med og danna grunnlaget for arbeidet med denne utgåva.

Rettleiinga gjer greie for plansystemet og planverktøyet, og er utforma til bruk for kommunale planleggjarar og andre som utarbeider arealplanar etter føresegnene i plan- og bygningslova. Ho er tenkt som eit praktisk oppslagsverk og hjelpemiddel i korleis reguleringsplanar og utbyggingsplanar skal framstillast og sakshandsamast, dvs. ho skal gje svar på dei vanlegaste problemstillingane som kan oppstå.

Rettleiinga skal òg fungere som oppslagsverk for sektorane, både dei som planlegg etter plan- og bygningslova og dei som skal innrette seg etter slike planar. Også private som jobbar med planlegging og utarbeiding av planar vil ha nytte av rettleiinga.

For fylkeskommunen vil rettleiinga vere eit viktig grunnlag for det lovpålagde rettleiingsarbeidet overfor kommunane, og for fylkesmannen eit nyttig hjelphemiddel i arbeidet med rettleiing og opplæring når det gjeld juridiske spørsmål.

Rettleiinga er ei av fleire kjelder til bruk i plan-utarbeidingsa. Innhalten er ikkje uttømmande med omsyn til planfaglege og juridiske problemstillingar. Rettleiinga bør difor brukast saman med lovteksten og dei presiseringar og tolkingar som er gjevne i rundskriv, og elles avgjerder frå departementet og Planavdelingen informerer / Planjuridiske fortolkninger osb. Kommunane bør òg søkje råd og rettleiing hos fylkeskommunen og fylkesmannen i spørsmål som går ut over det som vert teke opp her.

Miljøverndepartementet
Avdelingen for regional planlegging, areal- og kartpolitikk.
November 1998.



1

Innleiing

Reguleringsplanlegging har lange tradisjonar i Noreg. Dei noverande føresegne om reguleringsplan og utbyggingsplan vart fastlagde i den nye plan- og bygningslova av 1985, iverksett 1. juli 1986. Det er seinare gjort nokre justeringar.

Plan- og bygningslova gjev kommunane hovudansvaret for reguleringsplanlegging. På same tid skal det takast regionale og nasjonale omsyn i planane. Vegstypesmaktene har ein særskild rett til å fremje vegsaker. Også private kan føreslå reguleringsplanar.

Ei effektiv planlegging føreset tidleg kontakt og godt samspel både med private lokale interesser og med statlege og fylkeskommunale organ under utarbeidninga av planane. Det er spesielt viktig å stimulere til medverknad frå impliserte par-

tar og til offentleg debatt om planane før dei vert endeleg vedtekne.

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar skal utarbeidast når dette er fastsett i arealdelen i kommunepalanen. For større byggje- og anleggsarbeid skal det alltid utarbeidast reguleringsplan. Planen skal ikkje ha større omfang enn at han kan gjennomførast innan rimeleg tid. Det skal utførast planrevisjon etter kvart som tilhøva krev det.

Etter plan- og bygningslova kan kommunane sjølv i stor grad ta stilling til kor detaljert planane skal utformast ved bruk av ulike reguleringsføremål og reguleringsføresegner.



2

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar i plansystemet elles

Dette kapitlet handlar om:

- Kva nasjonal og regional politikk har å seie for den lokale planlegginga
- Tilhøvet mellom dei ulike plantypane i plan- og bygningslova
- Definisjon av reguleringsplan og utbyggingsplan
- Når det skal og kan utarbeidast slike planar
- Planinhald og rettsverknader (sjå òg kapittel 5 om rettsverknader)
- Bruk av mellombels dele- og byggjeforbod.

2.1. Nasjonale retningslinjer

Mål og rammer for den nasjonale arealpolitikken går mellom anna fram av stortingsmeldingar, riks-politiske retningsliner og rundskriv. Slike mål og rammer skal leggjast til grunn for kommunar, fylkeskommunar og statlege fagorgan i deira planlegging og forvalting. Etter § 9-3 har fylkesmennene og andre statlege sektorstyresmakter ansvar for å følgje opp måla og rammene overfor kommunane. Avvik frå retningslinene kan gje grunnlag for motsegner til kommunale planar frå fylkeskommune, nabokommune eller statlege fagorgan.

Rikspolitiske retningsliner er ikkje juridisk bindande for den einskilde grunneigar, men er formelt instruksjon til styresmaktene og skal leggjast til grunn i all planleggingsverksemd etter lova, og er samstundes viktige saksføresetnader for handsaming av einskildsaker etter lova.



Per oktober 1998 er det gjeve rikspolitiske retningslinjer for:

- å vareta interessene til barn og unge i planlegginga
- planlegging i kyst- og sjøområde i Oslofjordregionen
- planlegging i samband med hovedflyplass på Gardermoen
- verna vassdrag
- samordna areal- og transportplanlegging

Retningsliner om ein del saksfelt er gjevne i rundskriv som til dels er omtala eller viste til under vedkomande planføremål.

2.2. Regionale retningslinjer

§19 -1. Fylkesplanlegging - utdrag

«I planen fastlegges også retningslinjer for bruken av arealer og naturressurser i fylket når det gjelder spørsmål som får vesentlige virkninger ut over grensene for en kommune eller som den enkelte kommune ikke kan løse innenfor sitt område og som må sees i sammenheng for flere kommuner i fylket.»

Dei retningslinene for arealbruk som går fram av fylkesplanen, skal leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet. Men fylkesplanen har ingen rettsleg bindande arealdel slik kommuneplanen har.

Det kan utarbeidast fylkesplanar for delar av eit fylke eller for visse typar verksemder (fylkesdelplanar). For mange typar arealforvaltingstiltak er det nødvendig med interkommunalt samarbeid for å oppnå gode løysingar.


Avvik frå retningslinene om arealbruk i fylkesplanen kan gje grunnlag for motsegner frå fylkeskommunen, nabokommunane eller statleg fagorgan til kommunale planar.

2.3. Arealdelen av kommuneplanen, kommunedelplanar

Arealdelen i kommuneplanen fastset rammer for arealbruken i kommunen. Desse rammene, saman med fylkesplan og nasjonale rammer, skal vere retningsgjevande for detaljplanlegging gjennom regulerings- og/eller utbyggingsplanar. Arealdelen i kommuneplanen er rettsleg bindande for alle arbeid og tiltak som kjem inn under lova. Det vil seie at grunneigarar, rettshavarar og styresmaktene er juridisk bundne av planen.

Sjå elles Miljøverndepartementet si rettleiing T-1225 Kommuneplanens arealdel.

Figur 2.1. Figuren viser dei ulike formelle framgangsmåtane frå kommuneplan til gjennomføring av tiltak





2.4. Reguleringsplan

§ 22. Definisjon

«Med reguleringsplan forstas i loven her en detaljplan med tilhørende bestemmelser som regulerer utnytting og vern av grunn, vassdrag, sjøområder, bebyggelse og det ytre miljø i bestemte områder i en kommune innenfor den ramme SS 25 og 26 angir:

En reguleringsplan kan omfatte ett eller flere av de formål og bestemmelser som er nevnt i SS 25 og 26. »

Plandokument og planinnhold

Føremålet med reguleringsplan (og utbyggingsplan) er å fastsetje meir i detalj korleis grunnen innanfor avgrensingslina for planen skal nyttast eller vernast. Reguleringsplan er òg i mange tilfelle nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, mellom anna ved eventuell oreigning. Reguleringsplan (og utbyggingsplan) omfattar eitt eller fleire kart med eventuelle tilhøyrande føresegner. Planen kan etter § 25 innehalde eitt eller fleire hovud- og/eller underføremål, kvar for seg eller i kombinasjon, eventuelt i rekjkjefølgje.

Paragraf 25 gjev heimel for å kartfeste arealbruken som vert vist med fargesymbol. Reguleringsføresegner etter § 26 vert brukte for å binde forhold ved planen som ikkje kjem klart nok fram av plankartet, t.d. utforming, utnyttingsgrad m.m.

Ofte må ein vurdere om § 25 eller § 26 er mest tenleg som heimel for å fastleggje tilhøve innanfor reguleringsområdet. Kart og føresegner er likeverdige delar av reguleringsplanen (sjå kap. 3), men dersom det skulle vere motstrid mellom plankartet og dei tilhøyrande føresegnene, er det opplysningane på kartet som skal leggjast til grunn.

Reguleringsplanen sikrar ved krav om kunngjeiring og individuelt varsel at grunneigarar (festarar) og andre impliserte får hove til å delta i planprosessen.

I eit tidsrom på 10 år frå planen er vedteken, gjev han hove til oreigning utan ny handsaming av oreigningsgrunnlaget. Vedtaka om reguleringsplan og utbyggingsplan kan påklagast til Miljøverndepartementet. Avgjerdsretten i klagesaker er delegert frå departementet til fylkesmannen ved Miljøverndepartementet og Kommunaldepartementet sitt rundskriv av 1. juli 1986 om overføring av myndighet til fylkesmannen. Klager frå fylkesmannen sjølv skal avgjerast av setjfylkesmannen, jf. rundskriv T-6/96.

Kommunestyret som reguleringsmakt må fastsetje reguleringsføremål, utbyggingskarakter og grad av utnytting. Det er ikkje hove til å gje reguleringsføresegner som overlet til andre organ å fastsetje dette.

Lova gjev rett, men ikkje plikt, til å knyte reguleringsføresegner til planen. Reguleringsplanar kan difor vere svært ulike i omfang og detaljeringsgrad. Val av utforming vil til eksempels vere avhengig av tidlegare planavklaring (kommuneplan), kor komplisert plansituasjonen er og kor langt ein er komen i prosjektavklaringa.

Detaljert reguleringsplan etter § 22 er den vanlegaste plantypen. Denne omfattar plankart med føremålsnemningar med heimel i § 25 og føresegner med heimel i § 26. I tettstader vil ein reguleringsplan normalt gje relativt detaljerte føresegner om kvar og korleis det skal byggjast ut.

Enkel reguleringsplan som viser utbyggingsføremål, hovudvegnett og utnyttingsgrad, kan vere nyttig å utarbeide for større areal/prosjekt der utbygginga skal skje etappevis over tid. Det er då vanleg å stille krav om m.a. rekjkjefølgja for gjennomføring av dei ulike byggjetrinna, kva infrastrukturtiltak som må vere gjennomførte før utbygginga kan ta til og krav om utbyggingsplanar som fastset korleis kvart delområde skal løysast i detalj.



Retningsliner og supplerande opplysningar

Ofte vert det utarbeidd hjelpedokument til reguleringsplanar som har til føremål å vise korleis ei framtidig utbygging vil kunne utformast innanfor rammene av reguleringsplanen. Slike hjelpedokument er det høve til å utarbeide, men dei vil ikkje få rettsverknad som utbyggingsplan sjølv om dei vert kalla det. Hjelpedokument bør kallast noko anna, til eksempels illustrasjonsplan.

Det kan vere behov for supplerande opplysningar til einskilde planar. Dette kan gjelde innhaldet i politiske vedtak og føresetnader m.m. som er knytte til planlegginga. Det kan òg vere forklaringar til innhaldet i planen, opplysningar om korleis planen skal samordnast med gjennomføringa av planar i tilstøytande område og korleis det elles er tenkt at planen skal følgjast opp.

Slike opplysningar har ikkje noko å seie for den juridiske verknaden til planen og kan ikkje takast inn som reguleringsføresegner, men bør gjevast i ei utgreiing om planen. Opplysningane kan ha mykje å seie for vurderinga av planinnhaldet, og bør difor følgje planen både ved offentleg utleggning og når planen vert vedteken.

Av andre føresetnader som det er viktig å ha klart, og som det ofte vil vere tenleg å nemne i dokumenta, er føresegner som er fastlagde gjennom t.d. byggjeforskriftene, kommunale vedtekter etter § 3 i plan- og bygningslova m.m., arealdelen i kommuneplanen og opplysningar om aktuelle føresegner i andre lover som gjeld i samvirke med planen.

Detaljeringsgrad

Generelt kan det seiast at di meir detaljert ein reguleringsplankart er utforma, di færre føresegner trengst. Motsett vil ein forenkla plan, ein såkalla flateplan, måtte supplerast med detaljerte føresegner for at gjennomføringa skal vere sikra. Dette er viktig, då ein reguleringsplan gjev den einskilde høve til bygging i samsvar med planen.

Detaljeringsgraden i kart/føresegner må rette seg både etter kommunen si evne til oppfølging og det konkrete behovet for å styre arealbruken og utforminga av bygningar, anlegg m.m.

Områdeavgrensninga

Reguleringsplan kan omfatte ein eigedom eller eit større område.

Byggjesaksreglene

Regelverket om byggjesakshandsaming er endra, jf. lov av 5. mai 1995 med seinare mindre endringar, jf. rundskriv H-12/97 frå Kommunaldepartementet. Føresegne tredde i kraft 1. juli 1997, samtidig med forskrift av 22. januar 1997. Om sakshandsaming og kontroll i byggjesaker, sjá Veiledning SAK frå Kommunaldepartementet.

Kva endringane får å seie for planarbeidet, går spesielt fram av §§ 84 og 93. Varige konstruksjonar eller anlegg og vesentlege terrenginngrep mm kjem no inn under kravet om byggjeløyve, jf. § 93 bokstav a), i) og j). § 84 gjer lovreglane gjeldande for desse tiltaka berre så langt dei passar, og gjev samtidig heimel for å frita tiltak frå lova.

Meldeplikta etter § 84 er teken bort.

Med heimel i § 93 andre ledd vert visse anlegg og bygningar som kjem inn under sektorlov, pluss ein del mindre tiltak, unntekne frå kap. XVI i lova om sakshandsaming og kontroll. Vidare er nokre av sektortiltaka unntekne frå byggjesakskapitla og handhevingskapitla, jf. §§ 5, 6 og 7 i forskrifta. Vilkåret for unnatak er at tiltaket ikkje er i strid med planvedtak, jf. forskrifta § 4.

Paragraf 5 omhandlar ni nærmere fastsette tiltak som kjem inn under sektorlov, m.a. veg- og jarnbaneanlegg, vasskraftanlegg med tilhøyrande stasjonar m.m., elektriske anlegg, m.a. gasskraftverk, kraftleidningar, flytande oppdrettsanlegg og landbruksvegar som er handsama etter forskrift av 20. november 1996 frå Landbruksdepartementet. For veganlegg og jarnbaneanlegg gjeld unnataket berre så langt det er detaljert avklara i gjeldande reguleringsplan eller utbyggingsplan. Kva som ligg i "detaljert avklara i gjeldande reguleringsplan eller utbyggingsplan",



vil bli nærmere klargjort i rundskriv frå Kommunal- og regionaldepartementet.

I § 6 vert fem av § 5-tiltaka unntekne frå byggjesakskapitla, men slik at § 77 om produktkrav gjeld så langt det passar og § 74 nr. 2 gjeld for veganelegg som kjem inn under forskrifta. Tiltakshavar har i utgangspunktet ikkje noko ansvar for å sjå til at tiltaket vert utført etter lova, jf. heimelsgrunnlaget i § 84 og forskrifta § 3 som uttrykkjeleg presiserer dette. Vedkommande styresmakt saman med tiltakshavar har oppfølgingsansvaret etter vedkommande lov.

Mens unnataka i §§ 5 og 6 gjeld tiltak som vert handsama etter sektorlov, fritek føresegna i forskrifta § 7 tretten mindre tiltak frå kravet om sakshandsaming og kontroll i kap. XVI, m.a. frittliggjande bygningar på inntil 10m² på bustad- og hytteeigedom, forstøttingsmur inntil 1 meter høg og biloppstillingsplass for inntil to bilar. I tillegg til det generelle vilkåret om at tiltaket må vere i samsvar med plan, kjem her vilkåret om at tiltaket "... ikke fører til urimelig ulempe for omgivelsene eller allmenne interesser", jf. rettleiing SAK frå Kommunaldepartementet side 16.

For kommunane inneber den nye forskrifta at der tiltak etter §§ 5 og 6 er i samsvar med plan, kjem dei ikkje inn i sakshandsaminga. Dei har heller ikkje ansvar for oppfølginga og byggjesaksreglane som lova fastset for dei tiltak som kjem inn under § 6. Det same gjeld for tiltak etter § 7, men her skal i følgje lovgrunnlag og forskrift tiltakshavar ha eit visst ansvar for oppfølginga.

Sakshandsamingskrava vil likevel alltid gjelde der tiltaket er i strid med plan. Verken sektortiltak eller mindre byggje- og anleggstiltak kan gjenomførast i 100-metersbeltet ved sjøen, dersom dei ikkje kjem inn under dei lovfeste unnataka i § 17-2. Vidare går også dei store tiltaka som vert unntekne frå byggjesakshandsaming og materielle krav inn under reguleringsplikta i § 23. Paragraf 33 om dele- og byggjeforbod kan nyttast dersom det trengst.

Kommunaldepartementet vil i seinare informasjon om forskrifta kommentere kva ansvar sektorstyresmakt og tiltakshavar har både for plan-avklaring og oppfølging av byggjesaksreglar.

Nedanfor under dei einskilde planføremåla er det gjeve eksempel på føresegner som kan vere aktuelle i spesielle planområde for å sikre at tiltak som kjem inn under forskrifta § 7, vert handsama i kommunen, til eksempler i naturvernområde, verneområde, hytteområde o.l.

Verknadene av reguleringsplan

Verknadene av reguleringsplan er fastsette i § 31. Paragrafen inneber at det ikkje er tillate å setje i verk nærmere definerte nye byggjetiltak og anlegg i strid med planen, gjennomføre bruksendring i strid med planen, gjennomføre frådeling i strid med planen eller setje i gang anna verksemd eller andre tiltak som kan komme i vegen for gjennomføringa av eller føremålet med planen. Planen medfører såleis råderettsinnskrenkingar både for private og for offentlege styresmakter.

Reguleringsplanen gjev derimot hove til å gjennomføre dei tiltak og utøve den bruk som let seg passe inn i planen.

I tillegg er planen oreigningsgrunnlag for kommunen og staten, og for visse tiltak også for fylket og private, jf. § 35. Vidare er planen grunnlag for refusjonskrav og refusjonsutrekning.

Planen gjeld på ubestemt tid til han vert endra eller oppheva, men merk revisjonskravet i § 27 nr. 1. Ny arealdel til kommuneplanen kan likevel setje rettsverknadene av reguleringsplanen heilt eller delvis til side. Ein reguleringsplan vil verke framover i tid slik at han berre fangar opp nye tiltak og ny/endra bruk av areal. Planen etablerer såleis ikkje noka endrings- eller opphørsplikt.

Dersom planen føreset gjennomføring ved oreining, har dei impliserte ei tilpassingsplikt slik at oreininga ikkje vert fordyra unødig. Retten til å oreigne med heimel i reguleringsplanen gjeld berre i 10 år etter at planen er endeleg vedteken.

Sjá kapittel 5 om rettsverknader og planen som rettsleg dokument.



2.4.1. Plikt til å utarbeide reguleringsplan - tilhøvet til overordna planar

§ 23. Plikt til å utarbeide reguleringsplan - tilhøvet til overordna planar - utdrag

"1. Det skal utarbeides reguleringsplan for de områder i kommunen hvor det er bestemt i arealdelen av kommuneplanen at utbygging m.v. bare kan skje etter slik plan og for områder hvor det skal gjennomføres større bygge- og anleggsarbeider. Tillatelse etter § 93 kan ikke gis for større bygge- og anleggsarbeider før det foreligger reguleringsplan.

Reguleringsplaner skal ellers utarbeides i den utstrekning det er nødvendig for å trygge gjennomføringen av oversiktsplanleggingen etter loven. Reguleringsplaner skal ikke gis større omfang enn at de kan gjennomføres innen rimelig tid."

Reguleringsplikta som kommunen er pålagd etter første ledd, er i utgangspunktet knytt til

- Dei områda i arealdelen av kommuneplanen der det er fastsett at reguleringsplan må liggje føre før utbygging kan setjast i gang
- Før det vert gjennomført større bygge- og anleggsarbeid

Ved at kommunen ikkje kan gje byggjeløyve for store byggjetiltak før det er utarbeidd og vedteke reguleringsplan, gjeld føresegna i slike tilfelle også som eit krav for den einskilde utbyggjar. Kommunen kan i tilfelle vurdere å dispensere frå det lovfastsette plankravet dersom det ligg føre særlege grunnar for å gjere unnatak.

Paragraf 23 er ikkje uttømmande, og kan ikkje tolkast slik at det berre kan/bør regulerast i dei tilfella der § 23 krev reguleringsplan. Kommunen kan regulerer når han finn det tenleg.

Det er det faste utvalet for plansaker som avgjer om eit tiltak fell inn under lovuttrykket "større bygge- og anleggsarbeider". Er utvalet i tvil, bør

saka leggjast fram for kommunestyret før vedtak vert gjort. Utvalet sitt vedtak om kor vidt eit byggetiltak vert å rekne som "større", og dermed skal nektast gjennomført til det eventuelt er vedteke reguleringsplan, kan pålagast til fylkesmannen etter dei vanlege reglane om klage over vedtak i plan- og byggjesaker, jf. lova § 15.

Vurderinga av kva som er "større bygge- og anleggsarbeider" etter § 23 nr. 1 andre punktum, må ta utgangspunkt i dei konkrete tilhøva som gjer seg gjeldande på staden og i saka. Ein kan ikkje fastsetje skjematiske i ei form for "kommuneplanføresegn" kva som er store tiltak etter § 23. Men kommunen kan gje rettesnorer som vert tillempa vurderinga av om eit tiltak er å rekne som eit "større" tiltak i samanhengen det skal setjast inn i. I føresegn til arealdelen av kommuneplan kan det likevel ut frå byggstorleik, tal osb. fastsettast når tiltak utløyser krav om utarbeiding av reguleringsplan eller utbyggingsplan.

Visse tiltak vil i kraft av storleiken åleine utløyse reguleringsplikt. I andre tilfelle kan tiltak som ikkje i seg sjølv er så store, men der verknadene for omgjevnadene er omfattande eller usikre, føre til reguleringsplikt. Dette kan vere aktuelt for tiltak som skal plasserast i sårbare område med t.d. særleg verdifullt kultur- eller naturlandskap, område som er prega av verneverdige bygg eller på annan måte har særleg vernekarakter.

Det går elles fram av § 20-4 første ledd nr. 1 at bruk av bandlegging føreset oppfølging med reguleringsplan i ein del tilfelle.

Også private har rett til å leggje fram forslag til reguleringsplan, jf. § 30. (Sjå kap. 4).

Reguleringsplanar skal ikkje ha større omfang enn at dei kan gjennomførast innan rimeleg tid. Kva som er rimeleg tid, må vurderast konkret. For utbyggingsplanar vil eit utgangspunkt vere pårekna gjennomføring i løpet av ein 10-årsperiode. Merk at reguleringsplanen ikkje kan gjennomførast ved oreigning når det er gått meir enn 10 år etter at planen er vedteken.



2.4.2. Forenkla reguleringsplan

§ 24. Forenklet reguleringsplan

"For bestemte byggeområder kan reguleringsplan innskrenkes til reguleringsbestemmelser som fastlegger reguleringsformålet og graden av utnytting. Nærmere bestemmelser om beregningsmåten kan gis ved forskrift. Det kan stilles krav om at det for enkelte byggeområder utarbeides bebyggelsesplan etter § 28-2."

Føresegna gjeld berre for visse byggeområde, og har utgangspunkt i føresegna i den tidlegare bygningslova om høve til å gje mellombels reguleringsføresegner.

Det som kjenneteiknar forenkla reguleringsplan, er at bygningane ikkje er innteikna, men planen er innskrenka til reguleringsføresegner som fastset føremålet og utnyttingsgraden innanfor

byggeområde. Vegsystemet, også turvegar og offentlege gangvegar, bør vere vist. Dessutan bør byggjegrense, frisiktsoner og avkøyring til dei ulike områda vere påført.

Det skal gå fram kva kvart einskilt område innanfor planen er regulert til, og med planen skal det følgje ein illustrasjon som viser konkret korleis planen eventuelt vil kunne gjennomførast. Større forenkla reguleringsplan bør innehalde krav om utbyggingsplan. Dette gjeld t.d. for større industri- og bustadområde (i byar).

Sakshandsamingsføresegne og rettsverknadene er dei same som for andre reguleringsplanar. Føresegna om forenkla reguleringsplan har no mindre sjølvstendig verdi då kommunane har stor valfridom med omsyn til detaljeringa av ein reguleringsplan.



2.4.3. Mellombels dele- og byggjeforbot

§ 33. Midlertidig forbud mot deling og byggearbeid

"Finner det faste utvalget for plansaker selv at et område bør reguleres eller omreguleres, kan utvalget bestemme at eiendommer innenfor området ikke må deles og arbeid eller tiltak som nevnt i § 81, § 86 a, § 86 b og § 93 ikke settes i gang før reguleringsspørsmålet er endelig avgjort. Det samme gjelder andre tiltak som vil kunne vanskeliggjøre planlegging eller gjennomføring av planen.

Det faste utvalget for plansaker kan samtykke i at en eiendom blir delt eller et arbeid utført, hvis det etter utvalgets skjønn ikke vil vanskeliggjøre den nye regulering.

Gjelder den påtenkte regulering fornyelsesformål (§ 25 nr. 8), kan utvalget også bestemme at grunneier (rettighetshaver) ikke uten samtykke fra kommunen kan ráde rettslig over eiendom innenfor fornyelsesområdet på en måte som kan vanskeliggjøre eller fordyre gjennomføringen av planen. Utvalget skal la slikt vedtak tinglyse på de berørte eiendommer.

Er reguleringsspørsmålet ikke endelig avgjort senest 2 år etter at forbud er nedlagt, faller forbudet bort og tinglyst vedtak etter tredje ledd skal slettes. Tidligere innsendte forslag til deling og søknader om byggetillatelse tas straks opp til

behandling og avgjørelse. Det faste utvalget for plansaker selv kan i tilfelle fastsette tomtegrenser og bebyggelsens beliggenhet, høyde og grunnflate.

Departementet kan i særlige tilfeller forlenge fristen. Søknad om forlengelse må angi ønsket fristforlengelse og være avgitt til post eller telegraf eller til offentlig tjenestemann som har fullmakt til å ta imot søknaden, innen fristens utløp. Er det søkt om forlengelse av fristen, gjelder forbudet inntil saken er avgjort.

Ved fristforlengelse kan departementet bestemme at berørte grunneiere, straks eller fra et bestemt tidspunkt, gis rett til å kreve innløsning som om eiendommen - eller den del av eiendommen som berøres av byggeforbuddet - var blitt regulert til formål som nevnt i § 25 nr 3, 4, 7 og 8 samt til statens, fylkets og kommunens bygninger og grav- og urnelunder. Bestemmelsene i § 42 gis tilsvarende anvendelse.

I forbindelse med planlegging etter § 17-1 annet ledd og § 18 og for øvrig når særlige grunner foreligger kan departementet treffen vedtak som nevnt i første ledd. Bestemmelsene i forvaltningslovens § 16 og § 27 første og annet ledd gjelder i så fall tilsvarende i forhold til vedkommende kommune.

Bestemmelsene gjelder tilsvarende ved revisjon av kommuneplanens arealdel, jf. § 20-5 siste ledd."

Dele- og byggjeforbot kan nyttast for å gje planorgana pusterom til å utarbeide og vedta nye reguleringssplanar eller å revidere gjeldande planar, også arealdelen av kommuneplan. Forbodet hindrar at det vert gjennomført arbeid og tiltak som kjem inn under lova, mellom anna frådeling og eventuelt riving.

Første ledd andre punktum gjeld òg for tiltak som ikkje kjem inn under § 81, § 84 og § 93, men som likevel vil kunne vanskeleggjere planlegginga eller gjennomføringa av planen. Det er tilstrekkeleg at tiltaket vil kunne vanskeleggjere planlegginga eller gjennomføringa. I område som skal regulerast til friluftsområde eller naturvern-område, kan også landbruks tiltak som nydyrkning, skogreising, flatehogst osb. bli råka.

Tredje ledd gjev det faste utvalet for plansaker heimel til å forby disposisjonar som kan vanskeleggjere eller fordyre gjennomføringa av reguleringssplan til fornyingsføremål.

Forbodet kan gjelde generelt for eit visst område eller for einskilde eigedomar.

Etter fjerde ledd kan det faste utvalet for plansaker fastsetje tomtegrenser og kvar bygningane skal ligge og kor store dei skal vere, dersom forbodet går ut utan at det er utarbeidd ny reguleringssplan og dersom det ligg føre aktuelle byggesøknader.

Av femte ledd følgjer at det i særskilde tilfelle kan søkjast om lenging av fristen. Føresegna set ikkje



noka grense for kor mykje fristen kan lengjast, og heller ikkje kor mange gonger det kan søkjast om slik lenging.

Sjette ledd gjev departementet fullmakt til i samanheng med lenging av frist å fastsetje at aktuelle grunneigarar straks, eller frå eit fastsett tidspunkt, får rett til å krevje innløysing som om eigedomen eller den delen av eigedomen som byggje-forbodet gjeld for, var blitt regulert til føremål som nemnt i § 35 nr. 1 andre ledd. Føresegna tek sikte på å hindre misbruk av mellombels byggje-forbod.

Når det kjem inn søknad om lenging av frist, kan departementet (fylkesmannen) lengje fristen, men samstundes opne for krav om innløysing. Fylkesmannen kan òg nekte lenging.

Forbodet gjeld til spørsmålet om lenging er avgjort dersom det er søkt om lenging før fristen går ut. Søknad om lenging må vere innlevert til post eller telegraf eller til offentleg tenestemann som har fullmakt til å ta imot søknaden, jf. § 30 i forvaltingslova, før fristen går ut.

Retten til å leggje ned dele- eller byggjeforbod gjeld òg ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen, jf. áttande ledd. Det kan likevel ikkje leggjast ned slikt forbod i påvente av førstegongs kommuneplan.

Også statleg planstyresmakt kan nytte dele- og byggjeforbod når det skal utarbeidast statleg plan etter plan- og bygningslova § 18, og elles når særlege grunnar krev det.

Vert fristen for å søkje om lenging av dele- og byggjeforbodet broten, er det ikkje høve til å setje nytt mellombels dele- og byggjeforbod for same området med same grunngjeving som ved første vedtak i saka, jf. Planjuridiske fortolkninger 1/98.

2.5. Utbyggingsplan

§ 28-2. Bebyggelsesplan - utdrag

"Med bebyggelsesplan forstås i loven en plan vedtatt av det faste utvalget for plansaker selv, og som fastlegger arealbruk og utforming av bygninger, anlegg og tilhørende utearealer innenfor et nærmere avgrenset område hvor det etter arealdelen av kommuneplan eller reguleringsplan er stilt krav om slik plan som grunnlag for utbygging.

I bebyggelsesplan kan det innenfor rammen av arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplan og de formål som er nevnt i § 25 foretas de utfyllinger og endringer i slike planer som finnes nødvendige for å gjennomføre utbyggingen."

Utbyggingsplanen er ein detaljplanteype for enkle utbyggingssituasjonar eller for ei ytterlegare detaljering av reguleringsplan. Han skil seg frå reguleringsplanen ved at han vert endeleg vedteken med rettsverknad av det faste utvalet for plansaker. Utbyggingsplanen har same rettsverknad som reguleringsplan. Kravet om klárleik gjeld difor på same måten som for reguleringsplan.

Utbyggingsplanen vil utfylle og detaljere planen som han vert vedteken med grunnlag i, og kan berre krevjast og utarbeidast for område der dette er fastsett i planføresegna til kommuneplan eller reguleringsplan. Utbyggingsplanen kan ikkje endre hovudrammene for arealbruken som er fastlagde i kommune- eller reguleringsplan.

Utbyggingsplanen omfattar plankart med dei same føremåla som går fram av § 25 og eventuelle føreseigner etter § 26.

Utbyggingsplanen kan innehalde detaljerte føreseigner om gesimshøgd, takvinkel og krav om bygningsmessig samanheng med andre bygningar, fortau, gate, utforming og i spesielle tilfelle material- og fargebruk og utforming av uteareal.

Utbyggingsplan kan utgjere eit formingsverktøy for å vare på karakteren til ein tettstad, m.a. i verne- og byfornyingsområde.



Det kan ofte vere praktisk å supplere planen med utfyllande materiale, jf. ovanfor om slike opplysnings og dokument i samband med reguleringsplanar.

For å vareta omsynet til medverknad når det gjeld ein grovt utarbeidd utbyggingsplan, kan det faste planutvalet krevje tilleggmateriale til byggjesøknaden.

2.5.1. Kommuneplan - utbyggingsplan

I utbyggingsområde der arealdelen av kommuneplanen eventuelt gjev detaljert avklaring på arealbruks- og prinsipielle konfliktspørsmål, kan bruk av utbyggingsplan vere aktuelt når det er ønskjeleg med ei utdjuping av detaljeringsgraden før utbygging vert sett i gang. Dette gjeld både i mindre, nye utbyggingsfelt og for tiltak innanfor etablert byggjesone.

I landbruks-, natur- og friluftsområde der kommuneplanen gjennom føresegner gjev hove til spreidd utbygging, vil utbyggingsplan vere aktuell planform for tilrettelegging av mindre husgrupper og andre utbyggingstiltak der plansituasjonen er enkel.

Kravet om at det skal utarbeidast reguleringsplan for større byggje- og anleggsarbeid, jf. § 23, set likevel ei grense for når utbyggingsplan kan utarbeidast direkte på grunnlag av arealdelen av kommuneplanen. I område som i arealdelen er lagde ut til utbyggingsområde, og der det skal skje ei større utbygging, samla eller over lengre tid, vil det difor vere nødvendig å utarbeide reguleringsplanar.

2.5.2. Reguleringsplan utbyggingsplan

Utbyggingsplan på grunnlag av reguleringsplan vil vere mest aktuelt der det er utarbeidd såkalla flatereguleringsplan/forenkla reguleringsplan. Dette kan vere tilfelle der det er ønske om å regulere området utan å måtte ta stilling til detaljutforming og lokalisering av utbygginga før på eit seinare tidspunkt.

I utbyggingsplanen er det hove til å utfylle og i ei viss mon endre den arealbruken som er fastlagd i arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplanen. Endringane må haldast innanfor ramma av den arealbruken som er fastlagd i overordna plan.

Bakgrunnen for dette er at det spesielt i arealdelen av kommuneplanen, men også i såkalla flatereguleringsplanar, kan vere vanskeleg å ta standpunkt til meir detaljerte arealbruksoppskrift innanfor områda, t.d. korleis tilkomsten til dei einskilde tomtene skal vere, korleis fellesareala for leik, parkering m.m. skal lokaliserast, korleis mindre friområde skal innpassast, plassering og utforming av støyskjermingstiltak osb.

I praksis har det også vist seg å vere behov for å endre den innbyrdes lokaliseringa av ulike føremål i samband med ei meir detaljert planlegging og utbygging. Til eksempelets kan det vere praktisk at tomt for barnehage byter plass med friområde eller at vegføringa vert endra. Dette vil normalt vere utfyllingar og endringar innanfor ramma av den arealbruken som er fastlagd i overordna plan.

Men det vil ikkje vere heimel for å endre reguleringsføremåla, t.d. å ta ut friområde, tomt for barnehage, endre vegsystem vesentleg eller liknande. Slike endringar må handsamast som endring av arealdelen i kommuneplanen eller reguleringsplan. Kva for utfyllingar og endringar som kan gjerast og ikkje, må vurderast etter skjøn i kvart tilfelle på grunnlag av at planen kan justere, supplere og utfylle den overordna planen, men ikkje endre denne slik at det i realiteten vert snakk om ein annan plan.



2.5.3. Krav om konsekvensutgreiing

For visse tiltak gjeld føresegndene om konsekvensutgreiingar i kapittel VII-a i plan- og bygningslova. Føremålet med føresegndene er å klargjere verknaðer av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Det skal takast omsyn til konsekvensane under planlegginga av eit tiltak og når det vert teke stilling til om, og eventuelt på kva vilkår, tiltaket kan gjennomførast. Føresegndene er utvida sakshandsamingsreglar for tiltak, der utbyggjar sjølv skal stå for utgreiingsarbeid og kostnader.

Kva for tiltak som vert omfatta, går fram av vedlegg I og II til Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996. Tiltak som vert omfatta av vedlegg I, skal alltid konsekvensutgreiast. Utgreiingsplikta er hovudsakleg knytt til storleiken på tiltaket. For mange av dei mindre tiltaka (vedlegg II) er ho òg knytt til om tiltaket medfører behov for ny plan etter plan- og bygningslova. For tiltak som kjem inn under vedlegg II, skal det gjerast ei konkret vurdering av om det ligg føre utgreiingsplikt. Kriteria for denne vurderinga er gjevne i § 4 i forskrifta. Kriteria er område som gjennom vedtak eller dokumentasjon er gjevne ein offisiell status som viktige. Visse arealbruksføremål i reguleringsplanen er oppførte som miljøkriterium som utløyser utgreiingsplikt for tiltak som vert lokaliserte i området. Kva føremål dette er, er omtala i kapittel 3.

Reguleringsplanar som eksplisitt omhandlar tiltak som kjem inn under føresegndene, utløyser utgreiingsplikt dersom denne ikkje er oppfylt på høgare plannivå. Korleis planprosessen då bør gjennomførast, er omtala i kapittel 4.

2.6. Andre føresegner

Det er viktig å sjå innhaldet i og verknadene av reguleringsplanar i samanheng med dei generelle føresegndene i plan- og bygningslova elles med eventuell vedtektsplikt, og i høve til anna aktuell lovgeving, jf. her m.a. plan- og bygningslova § 9-3 og §§ 94 og 95.

Kommunen kan ved bruk av vedtektsplikt i medhald av plan- og bygningslova § 3 fastlegge kvalitetsskrav til bygningar og fysisk miljø innanfor kommunen sitt område. Jf. t.d. § 69 om den ubygde delen av tomta og fellesareal, og § 74 om planløysing og utsjånad. Formelt er vedtekter ei lokal tillemping av dei generelle føresegndene i plan- og bygningslova med lovs verknad. Det bør liggje føre spesielle behov før det vert innført slike vedtekter. Vedtekter knytte til planføresegner i plan- og bygningslova er berre brukte av nokre få kommunar (m.a. Oslo).

Ved bruk av reguleringsføresegner vil krava berre gjelde for det einskilde regulerte området, dvs. innanfor avgrensingslinja for planen. Bruk av vedtekter vil dermed kunne lette arbeidet med reguleringsplanlegginga, samtidig som det blir gjort gjeldande visse einsarta miljøstandardar i den einskilde kommunen.

Plan- og bygningslova er meint å vere den sektor-samordnande eller sektorovergripande lova på samfunnsplanlegginga sitt område, og føresegndene i lova er såleis av generell karakter. Dersom igangsetjing av eit tiltak føreset løyve etter sektorlov og plan- og bygningslova, kan ikkje tiltaket setjast i verk berre på grunnlag av sektorløyvet. Det same gjeld dersom eit tiltak føreset eit planvedtak som heimlar tiltaket eller dersom det føreset dispensasjon frå planvedtak eller ei planendring.

Plan- og bygningslova legg opp til at sektorinteressene etter kvart vil bli nedfelte i arealplanar. Lova sikrar sektorinteressene ved at dei aktuelle sektorstyresmaktene skal delta i planprosessane. Lova gjev heimel til å hindre kommunalt planvedtak gjennom motsegnsordninga, og har dessutan føresegner om klagerett for slike styresmakter.



3

Reguleringsføremål og reguleringsføresegner

Dette kapitlet gjev ein omtale av reguleringsføremåla etter lova og kva for føresegner som kan knytast til regulerings- og utbyggingsplanar.

Først kjem ein generell omtale av § 25 om reguleringsføremåla og § 26 om føresegner. Etter dette vert kvart hovud- og delføremål gjennomgått etter kronologien i § 25. Her er det gjort eit utval av delføremål, og for nokre føremål er omtalen til

dels kortfatta. Det same gjeld omtalen av kva føresegner det er vanleg å knyte til dei ulike føremåla. Bak i kapitlet er det gjeve eksempel på framstilling og planeksempel med føresegner. Når det gjeld spørsmål om i kva grad regulering utløyser erstatning og innløysing, sjå gjennomgang i kapittel 5.



3.1. Arealbruksføremål etter § 25

§ 25 inneholder 8 hovedgrupper av reguleringsføremål:

§ 25. Reguleringsformål - første ledd

"I reguleringsplan avsettes i nødvendig utstrekning:

1. Byggeområder:

herunder områder for boliger med tilhørende anlegg, forretninger, kontorer, industri, fritidsbebyggelse (fritidshus og tilhørende uthus), samt områder for offentlige (statens, fylkets og kommunens) bygninger med angitt formål, andre bygninger med særskilte angitte allmennyttige formål, herberger og bevertningssteder og for garasjeanlegg og bensinstasjoner.

2. Landbruksområder:

herunder områder for jord- og skogbruk, reindrift og gartnerier.

3. Offentlige trafikkområder:

Veger - med dette forstås i denne loven også gater med fortau, gangveger, sykkelveger, gatetun og plasser - bruer, kanaler, jernbaner, sporveger, rutebilstasjonar, parkeringsplasser, havner, flyplasser og andre trafikkinnretninger og nødvendige arealer for anlegg og sikring m.v. av trafikkområder.

4. Friområder:

Parker, turveger, leirplasser, anlegg for lek, idrett og sport og områder i sjøen for slik virksomhet.

5. Fareområder:

Områder for høyspenningsanlegg, skytebaner, ildsfarlig opplag og andre innretninger som kan være farlige for allmennheten, og områder som på grunn av ras- og flomfare eller annen særlig fare ikke tillates bebygget eller bare skal utbygges på nærmere vilkår av hensyn til sikkerheten.

6. Spesialområder:

herunder områder for private veger, camping, områder for anlegg i grunnen, i vassdrag eller i sjøen, områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares, fiskebruk, områder for reindrift, friluftsområder som ikke går inn under nr. 4, parkbelte i industriområde, naturvernområder, klimavernsoner, vannforsyningsskilder med nedslagsfelt, frisiktsoner ved veg, restriksjonsområde rundt flyplass, og område og anlegg for drift av radiosignaliseringssystemer utenfor flyplass, og områder for anlegg og drift av kommunalteknisk virksomhet, grav- og urnelunder, vann- og avløpsanlegg, områder for bygging og drift av fjernvarmeanlegg, taubane, fornøyelsespark, golfbane, steinbrudd og massetak samt andre områder for vesentlig terrengrinngrep, anlegg for Televerket og øvingsområder med tilhørende anlegg for forsvaret og sivilforsvaret.

7. Fellesområder:

Felles avkjørsel og felles områder for parkering, felles lekeareal for barn, gårdspllass og annet fellesareal for flere eiendommer.

8. Fornyelsesområder:

Områder med tettbebyggelse som skal totalfornytes eller utbedres.

Det kan fastsettes flere reguleringsformål innenfor samme område eller i samme bygning. Reguleringsformålene friluftsområde og naturvernområde kan imidlertid ikke kombineres med reguleringsformålet landbruksområde. Det kan også fastsettes at område eller bygning etter en nærmere angitt tid eller når nærmere angitte vilkår er oppfylt, skal gå over fra ett reguleringsformål til et annet."

3.1.1. Generelt om reguleringsføremål

Plan- og bygningslova § 25 med sine 8 hovedføremål gir det rettslege grunnlaget for kva areal kan disponerast til i reguleringsplan og utbyggingsplan. Føremåla skal brukast for å avgjere kva alle areal som ligg innanfor planavgrensinga

skal nyttast til, jf. §§ 22 og 24. Føremåla skal kartfestast, jf. byggjeforskriftene. Det må gå klart fram kva kvart område innanfor avgrensingslinia for planen er regulert til.

Det er planstyresmaktene som avgjør kva for arealbruksføremål som skal nyttast innan det



einskilde planområdet og på dei einskilde areala. Ingen har såleis krav på å få regulert eit areal til eit visst føremål.

Hovudføremåla er uttømmande nemnde i lova, men kan i stor grad spesifiserast slik at dei i praksis dekkjer dei ulike behova og bruksformene.

Alle føremål kan gjennomførast ved oreigning med unnatak for 2 Landbruksområder. Offentlege byggjeføremål og allmennyttige føremål skal underspesifiserast nærmare med omsyn til kva funksjon bygningen skal ha.

Hovudføremål og underføremål kan kombinerast innanfor same område, og i same bygning så langt det faktisk og rettsleg er tenleg og forsvarleg.

Ulike føremål kan også fastleggjast i tidsrekkefølgje eller i rekkefølgje knytt til vilkår eller til gjennomføringa av nærmere fastsette tiltak eller situasjonsendringar i eller utanfor planområdet for at dei skal få verknad.

Ved kombinasjon av ulike byggjeføremål må innbyrdes lokalisering gå fram av plankartet og/eller føresegndene. Dette kan t.d. gjerast ved å gje opp prosenttal, eller ved at føresegndene nemner føremålet med kvar etasje eller kvart plan. Ved regulert sambruk av areal kan ulik bruk tidsavgrensast, til eksempels til delar av året. Dette må vere nærmere fastlagt i føresegndene og/eller gå fram av plankartet. Planen må vere klar og eintydig m.a. fordi reguleringsplan er grunnlag for oreigning etter § 35 i lova, men også fordi han er bindande for utføring av byggjeløyve.

Kombinasjonar av føremål bør klarleggjast ved bruk av eintydige supplerande illustrasjonar. Ukriktig bruk av kombinerte føremål kan få uheldige følgjer, og kombinasjonen kan bli vanskeleg å gjennomføre i praksis. Det er difor nødvendig å vurdere og deretter opplyse kva resultat planen skal sikre før kombinasjonar vert nytta.

3.2. Reguleringsføresegner etter § 26

§ 26 Reguleringsbestemmelser

"Ved reguleringsplan kan det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser om utforming og bruk av arealer og bygninger i reguleringsområdet. Bestemmelsene kan sette vilkår for bruken eller forbry former for bruk for å fremme eller sikre formålet med reguleringen. Det kan også påbys særskilt rekkefølge for gjennomføringen av tiltak etter planen."

"Bestemmelser etter første ledd bør angi minste lekeareal pr. boenhet og nærmere regler for innhold og utforming av slike arealer"

3.2.1. Generelt om reguleringsføresegner

Heimelen til å gje reguleringsføresegner er utforma som ei ramme utan uttømmande opprekning av kva for tilhøve dei kan omfatte.

Reguleringsføresegndene vert i utgangspunktet brukt til fastlegging av tilhøve som det ikkje er mogeleg eller tenleg å fastsetje på plankartet i medhald av § 25. Det går likevel inga skarp grense mellom kva som vert fastlagt på plankartet og kva som vert fastlagt i føresegner.

Reguleringsføresegner kan nyttast for å nyansere reguleringsføremåla, men det må ikkje vere direkte motstrid mellom oppgåve over arealbruk etter § 25 og føresegner etter § 26. Det inneber at dei reguleringsføremåla som er omtala i føresegndene, også må vere viste på reguleringskartet, jf. side 8.

Sjølv om § 26 i plan- og bygningslova er utforma som ei ramme, må føresegndene som vert gjevne likevel liggje innanfor dei tema som ordlyden i lova nemner, reguleringsføremålet som føresegna er knytt til, og føremålsparagrafen i plan- og bygningslova § 2.

Som ved fastsetjing av arealbruksføremål er det



planstyresmaktene som fastset kva for føresegner som skal gjevast til ein plan.

Reguleringsføresegne er ein del av reguleringsplanen og skal kunne handhevast på lik line med reguleringsplanen elles. Dei må difor ha heimel i lova.

Føresegne vert nytta for å få ei forsvarleg og presis styring med utforming og bruk av areal og bygningar. Det er likevel ein fordel at mest mogeleg kan framstillast grafisk på kartet.

Det som kan regulerast, er først og fremst kva for arealbruksfunksjonar som skal tillatast, kvar det kan gjennomførast bygge- og anleggsarbeid, kva omfang dei skal ha og korleis dei skal utførast. Det kan setjast vilkår som ein utbyggjar må oppfylle for å kunne innrette seg etter reguleringsa, og det kan setjast krav til byggjetiltaka og til bruken av areala. Det kan også setjast forbod mot former for bruk og nærmere grenser for utbygginga.

Når det gjeld formuleringa i plan- og bygningslova § 26 om at føresegne som vert gjevne må "fremme eller sikre formålet med reguleringen", er det i rettspraksis avklara at dette gjeld føremålet/tanken med reguleringsplanen i seg sjølv, og ikkje berre reguleringsføremålet som vert fastsett for det einskilde område etter § 25. Sjá avgjerd i Høgsterett av 17. mars 1993 (Gaulosendommen), "Planavdelingen informerer" 1/93 og dom i Eidsivating lagmannsrett 18. oktober 1991 (Lunner Pukkverk).

Ein reguleringsplan skal ta sikte på å oppnå best mogeleg arealbruk totalt sett etter ei samordna avveging av dei ulike interessene. Når arealbruk og føresegner skal fastsetjast for eit reguleringsområde, må det difor takast omsyn til kva arealbruksinteresser som gjer seg gjeldande på tilstøytande område, og kva type verksemd og bruk som er aktuell der. Vilkår etter § 26 må difor også kunne gjerast gjeldande for arealbruken i reguleringsområdet under omsyn til dei tilstøytande areala og dei interessene som totalt knyter seg til dei områda det gjeld. Planføresegne kan berre brukast som heimel for forbod eller påbod innanfor avgrensingslina for planen.

Kvar føresegns må gjennomgåast kritisk slik at det ikkje vert etablert restriksjonar utan heimel og sakleg grunngjeving, jf. omgrepet "nødvendig utstrekning".

3.2.2. Om innhaldet i reguleringsføresegne

Tilhøve som det kan gjevast føresegner om:

- **Storleik/volum/høgd på bygningar og anlegg**

Planen kan ikkje utformast så ope at ein overlet til det faste utvalet for plansaker å fastsetje grad av utnytting. Grad av utnytting (etter definisjonen i byggjeforskriftene § 22) må førast på planen eller fastsetjast i reguleringsføresegner.

Der det er utarbeidd ein detaljert regulerings- eller utbyggingsplan med eksisterande og planlagd utbygging innteikna, vil det gå fram av sjølve planen kva utnyttingsgrad som er fastsett av kommunestyret. Der graden av utnytting ikkje er fastsett, vil planen ikkje oppfylle minstekrava til utforming av reguleringsplan.

Eigedomsgrensene, og dermed tomtearealet, er viktig m.a. for inndelinga av kva einingar som kan disponerast og byggjast ut i samanheng, for graden av utnytting og for saker som funksjonelt må avklarast innanfor kvar eining. Planen kan vise nye grensegangar dersom det er behov for endring av eigedomsstrukturen og for innpassing av aktuelle føremål i planområdet.

Eigedomsgrensene som er viste eller fastsette i planen, må leggjast til grunn for ny utbygging.

Eksempel på føresegner om grad av utnytting og fastsetjing av tilhøvet mellom bygd og ubygde grunnareal på dei einskilde tomtene er viste bak i kapittel 3 her. Utfyllande omtale av forskriftene om grad av utnytting og eksempel er også å finne i rettleiing T-1205 Grad av utnytting - Veileder til Tekniske forskrifter til plan- og bygningsloven kapittel III.

Rammene for høgda på bygningane kan omfatte maksimal gesimshøgd og mønehøgd i meter over bakken eller maksimal kotehøgd. Bygg som skal



førast opp med gesimshøgd over 8 meter og mønehøgd over 9 meter, må ha heimel i føresegnene til plan- og bygningslova kapittel VI Kommuneplanlegging, eller VII Reguleringsplan, jf. § 70.

Det kan også gjevast føresegner om at kommunen for å godkjenne søknad om byggjeløyve kan kreve utarbeidd teikningar som viser korleis bygningsmassen skal tilpassast (også m.o.t. høgd) etter omkringliggjande bygningar og vegetasjon. Slik føresegns kan nyttast der det er viktig å sjå heilskapen i eit bygningsmiljø eller gateparti, tilhøve til bygningar på motsett side av gate m.m.

- **Plassering/lokalisering**

Etter plan- og bygningslova § 70 nr. 1 første ledd skal plasseringa av bygningar i horisontalplanet, høgd og høgdeplassering godkjennast av kommunen. Desse faktorane kan også fastsetjast eksakt på plankartet.

Det kan opplysast kva delar av tomta det vert tillatte å bygge på. Dette vert gjort med hussymbol som i føresegnsene vert fastsette som bindande, eller med byggjegrenser. Bygningane må i så fall plasserast innanfor grensene. Det kan også fastsetjast at fasaden på bygningar skal ligge i byggjegrensa.

Det må i alle tilfelle gå klart fram av planen om påteikna husplassering er bindande eller berre tener som illustrasjon eller retningsline. Planføresegna kan også utformast slik at det vert overlate til bygningsstyresmaktene å fastsetje den endelege plasseringa av bygningar på tomta. Slik føresegns passar der den nøyaktige plasseringa av bygningar ikkje er vurdert ved utforminga av planen.

Der det ikkje er fastsett andre grenser i reguleringssplanen, skal kommunen sjå til at byggjegrensene etter veglova vert følgde. Kommunen skal i tillegg sjå til at byggjegrensene etter veglova vert følgde der det ikkje er fastsett andre grenser i reguleringssplan. Byggjegrensar etter veglova inneber at bygningar ikkje kan plasserast nærmere senterlinja i vegen enn det veglova fastset for kvar vegklasse. Vidare kan møneretninga på bygning-

en fastsetjast med symbolbruk på reguleringsplankartet.

Ved mindre detaljerte planar kan det også gjevast føresegner om lokalisering av ulike tiltak og funksjonar innanfor eit planområde og kva tiltak og funksjonar som er forbodne. Slike føresegner kan t.d. gjelde plassering av industribygg i høve til andre typar bygningar og verksemder. Det kan setjast forbod mot større varehus og kjøpesenter og forbod mot eller særskilde krav til bygningar og anlegg for brann- og eksplosjonsfarleg og tyngre industri. Føresegnsene kan nyttast til nærmere fastlegging av lokalisering, eller forbod mot lokalisering, m.a. med referanse til anlegg for veg, vatn og avløp, annan teknisk infrastruktur, samfunnstnestar elles, eller av omsyn til verneobjekt, naturlement, annan bygningsmasse, landbruksdrift osv.

Føresegner om plassering kan verke inn på forma på bygningane, eller dei kan verke inn på ferdsls og tilkomst m.m. Eksempel på føresegns her kan vere at 1. etasje skal byggjast innrykt som vist på plankartet. Føresegna kan vere praktisk for forretningsbygg der ein ønskjer innrykt første etasje.

Det kan setjast krav om at bygningane vert plasserte i nabogrense og gavl mot gavl. Dette krev at bygningane er detaljplasserte på plankartet, jf. plan- og bygningslova § 70 og grannelova § 4.

Ved punktfeste i hytteområde kan det vere aktuelt å vise lokaliseringa av bygningane på plankartet med målepunkt og med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innanfor hytta sine fire veggjar. Mindre justeringar i plasseringa av hytta kan gjerast av kommunen.

- **Karakter og utforming av utbygginga - utsjänad - utforming av terreng og fysisk miljø elles**

Dette temaet omfattar føresegner for utbyggingsmønster, plassering av bygningar og anlegg, utforming og estetikk.

Karakteren til utbygginga har å gjere med om det kan oppførast samanhengande eller open utbygging, om det skal vere småhus eller blokker, om det gjeld bustadfelt, industriområde osb. Ulike



funksjonar vil òg gje utbygginga ulik karakter. Utforminga av bygningane kan òg fastleggjast nærmere etter plan- og bygningslova § 28-2 om utbyggingsplan.

Dei fleste sider ved utsjånad og utvendig utføring av bygningar kan fastleggjast ved bruk av kartsymbol og føresegner, jf. eksempel bak.
Fasadeoppriss kan òg bindast opp i planen.

Planen kan gå langt i detaljering, og kan t.d. fastsetje plassering av vindauge med tanke på å unngå naboinnsyn. Planlegginga skal sikre estetiske omsyn. I handsaminga av byggjesøknader skal kommunen sjá til at bygningane får ei god utføring når det gjeld form og materialbruk, og at bygningar i same byggjeflukt eller gruppe vert harmonisk utforma. I planen kan det såleis stillast krav til utvendige fargar, mellom anna farge på tak, og til materialbruk m.m. etter nærmere vurdering av behovet.

Dersom kommunen har utarbeidd overordna retningsliner for det estetiske og formmessige, vil retningslinene vere eit viktig grunnlag for utforming av føresegner til kvar einskild plan.

- **Estetikk**

Stortinget sine tilføyinger, både i fastsetjinga av føremål for plan- og bygningslova, i føresegne om kommuneplanlegging og i § 74 nr. 2 - "skjønnhetssparagrafen" - utgjer ei oppfordring og ei plikt til å nytte plan- og bygningslova meir aktivt for å påverke den estetiske utviklinga av bygningsmiljøet og dei fysiske omgjevnadene på ein god måte.

- **Planløysing**

Det kan gjevast føresegner om planløysing både for bygningar, anlegg og uteareal for å sikre god funksjonalitet og rasjonell bruk av areala samtidig som ei rekke andre omsyn skal varetakast. Det kan t.d. fastsetjast at bilar skal parkerast i felles garasjekjellar under terrenget, eller at forretningsbygg skal ha publikumsretta funksjonar, t.d. forretningar, ut mot offentleg gate.

Av føremålsparagrafen til plan- og bygningslova, §

2, og av § 26 siste ledd går det fram at planløysingane særleg skal ta omsyn til barna sine interesser og behov for eit godt oppvekstmiljø. Når det gjeld det ytre miljøet og sikring av leike- og uteoppphaldsareal ut frå barn sine interesser, sjá eigne merknader om leikeplassar nedanfor under pkt. 3.2.2.

Det kan gjevast føresegner om stigningstilhøve for vegar, om avkjørsler og inndeling i gangveg og køyreveg, her medrekna gågater, sykkelstigar, gatetun o.a., som òg kan visast direkte på plankartet. Planen kan òg stille krav om fartsdempande tiltak, men ikkje fastsetje fartsgrenser. Slike grenser må fastsetjast med heimel i vegrafikklova.

- **Rekkjefølgje og tidsplan for gjennomføring av ulike tiltak i reguleringsområdet**

Det kan gjevast føresegner om rekkjefølgje og tidsplan for utbygging av ulike byggjeområde, mellom anna om samtidig ferdigstilling av bustader, anlegg og fellestiltak som skular, barnehagar, leikeareal, sykkel- og gangvegar m.m. Slike føresegner kan òg brukast for å sikre at område som er regulert til utbyggingsføremål, ikkje kan takast i bruk før tilstrekkeleg vassforsyning, kommunikasjon, elektrisitetsforsyning og tilgang til samfunnstenester er etablert.

Krav om rekkjefølgje og tidsplan for utbygging av ulike byggjeområde sikrar at tiltaka innanfor planområdet vert sette i verk på ein samordna og tenleg måte. Slike føresegner kan sikre samanhengen i områda som skal byggjast ut etter reguleringssplanen. Planen kan difor utformast slik at dei einskilde tiltaka kjem i ei rekkjefølgje og eit omfang som gjer at området fungerer best mogeleg.

I føresegner kan det fastsetjast rekkjefølgjekrav som føreset at tiltak utanfor områdeavgrensinga for planen er iverksette eller gjennomførte før planen kan gjennomførast. Dette inneber at bygging i samsvar med reguleringa først kan setjast i gang på eit seinare tidspunkt enn vedtakstidspunktet, og at vilkåret for desse rettsverknadene er knytt til omstende som ligg utanom det konkrete plan-



området. Eksempel på dette kan være etablering av infrastrukturtiltak som overordna veggnett eller bygging av ei bru. Det er § 26 første ledd andre punktum som er heimelen for å fastsetje rekkjefølgjekrav i tilknyting til tiltak som først må vere gjennomførte utanfor reguleringsområdet.

Når det vert nytta såkalla rekkjefølgjeføresegner, er det ein føresetnad at dei tiltaka som ligg til grunn for å utsetje gjennomføringa av planen, faktisk og rettsleg kan og vil bli gjennomførte innan rimeleg tid, jf. 10-årsfristen for oreigning i § 31 i lova.

Rekkjefølgjeføresegner gjeld såleis to ulike rettslege realitetar ved at § 26 skil mellom rekkjefølgjekrav som gjeld tiltak innanfor og rekkjefølgjekrav som gjeld tiltak utanfor reguleringsområdet. Sistnemnde er "vilkår" for gjennomføring av reguleringsplanen.

- Sikring, avskjerming og bøtande tiltak**

I føresegner kan det også setjast vilkår om sikrings-tiltak eller tiltak for å hindre fare eller bøte på miljølemper. Dette gjeld både for bygningar, anlegg og uteareal.

Vilkår kan til eksempeles gjelde avskjerming av byggjeområde for å hindre miljøulemper som følge av støy, stov, lukt høgspenttrasear m.m., og for å vareta trafikktryggleiken. Konkrete tiltak kan vere støyvollar, gjerde, tilplantingsbelte, fasadeisolering m.m. Det bør vidare stillast krav om fullføring av slike tiltak før området vert teke i bruk.

Det kan gjevast føresegner som indirekte kan redusere forureining som er til ulykke for omgjevnadene. Det kan m.a. fastsetjast at visse former for industriverksemd skal vere forbodne, t.d. dersom industriområdet grensar mot eit bustadområde. Forskrifter og retningslinjer fra sentrale miljøvernstyresmakter skal leggjast til grunn ved utforminga av planen.

Dersom det er mistanke om forureina grunn, kan kommunen fastsetje eigne reguleringsføresegner som sikrar at utbyggjar kontrollerer om reguleringsområdet inneheld forureina grunn. I

tillegg kan det gjevast eigne føresegner for graving/omdisponering av tomta. Dersom det er mistanke om at gravearbeid eller disponering av tomta kan føre til fare for vesentleg forureining, skal forureiningsstyresmakten varslast.

Departementet sine støyretningsliner skal leggjast til grunn og innarbeidast i planane. Som planansvarleg skal kommunen vurdere støyfølgjene av ein plan, m.a. ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande støyskapande tiltak i nærlieken av område som er vare for støy. Støyanalysar skal følgjast opp ved at konkrete støydempande tiltak vert teikna inn på reguleringsplankartet. Rettsverknaden følgjer av det som vert fastsett i reguleringsføresegnerne, t.d. at det skal førast opp støyskjermar som vist på planen. Av omsyn til gjennomføringa av planen bør til eksempeles støy-skjermane teiknast inn på grunn som er regulert til offentleg veg. I føresegnerne bør utforminga og høgda på skjermane òg takast med.

- Krav til storlek, plassering og utforming av uteareal for leik og opphold**

Sjá nedanfor under byggjeområde for bustader pkt. 3.3.2.


- Krav til utfyllande planar**

Det kan gjevast føresegner om utbyggingsplan etter § 28-2 og tomtedelingsplan etter § 28-1 nr. 3. Vidare kan det stillast krav om situasjonsplanar, planar for utandørsareal, fasadeoppriß m.m. Slike planar kan gjelde både bygningar, anlegg og uteareal.

I føresegner kan det også fastsetjast at til eksempeles illustrasjonsplan skal ha same rettsverknad som planen, men dette føreset at slike supplerande dokument vert handsama og vedtekne som ein del av planen.



Figur 3.1. Utsnitt av reguleringsplan der det i tilhøyrande reguleringsføresegner er stilt vidare plankrav før byggjesak vert handsama



- Retsverknad for element som er viste på kartet**

Føresegne kan og bør nyttast til å klargjere dei rettslege følgjene av dei ulike føremåla, symbola, bygningane, anlegga og tiltaka som er viste på planen. For mange element er dette naudsynt for at planen skal få rettsverknad for dei aktuelle tilhøva. Det kan til eksempels vere plikt til å opparbeide støyskjermer eller andre tiltak som det er sett vilkår om før gjennomføringa. Eller t.d. for å gjere det klart at visse hussymbol skal vere bindande for plasseringa av nye bygg.

- Prosesskrav/dokumentasjonskrav**

Krava til innhald i søknad om byggjeløyve m.m. er fastsette i byggjeforskriftene. I føresegner kan det òg takast med presiserande og noko utvida krav til kva dette materialet skal omfatte. Dette kan t.d. vere aktuelt der ein noko meir utfyllande byggjesøknad er tilstrekkeleg, slik at det av den grunn ikkje er nødvendig å krevje utbyggings-

plan. Det kan òg stillast som vilkår at ei byggjesak skal leggjast fram for aktuelle sektorstyresmakter. Reguleringsplanar skal likevel handsamast på ein slik måte at dei er avklarande for alle interesser når dei vert vedtekne.

Tilhøve som det ikkje kan gjevast føresegner om - grensetilfelle

Sidan bindande detaljplan gjeld regulering av dei fysiske ressursane, kan det som brei hovudregel ikkje gjevast føresegner om direkte regulering av aktivitet og verksemrd, eller kven som skal gjennomføre dei planlagte tiltak eller nytte bygningar, anlegg og grunn. Dette er tilhøve som til vanleg vert fastsette i konsesjonar eller bevillingar etter andre lover. Men likevel vil bygge- og arealbruksrestriksjonane og vilkåra for gjennomføring påverke verksemrd og drift i stor grad.

Det kan ikkje gjevast føresegner om økonomiske



tilhøve eller plikter/rettar, t.d. om bankgaranti for tilbakeføring etter masseuttak eller krav om avgifter. Det kan då ikkje gjevast føresegner om regulering av den økonomiske driftssida. Heller ikkje er det høve til å stille krav om aktiv fordeling av utbyggingsrettar og bakgrunnsareal med dette for auge. Det kan likevel setjast vilkår som set grenser for type verksemd og utføring, m.a. restriksjoner for å hindre unødige miljøulemper i form av støy, stov og lukt.

Føresegnerne kan ikkje nyttast til å regulere andre privatrettslege tilhøve direkte. Det er såleis ikkje høve til å gje føresegner om t.d. dekning av kostnader til opparbeidning eller andre tiltak, om rett for det offentlege til å leggje vassleidning, kloakk mm over privateigd grunn eller om etablering av velforeining. Ein viser her til dei føresegnerne i lova som gjeld opparbeidingsplikt, refusjon og eventuelt vedtekt om frikjøpsordning om slikt tilhøve. I føresegnerne kan det heller ikkje setjast opp kven som skal utføre tiltaka i planen som byggherre eller ansvarshavande. Føresegner med pålegg om vedlikehaldsplikt kan ikkje gjevast i reguleringsplan. § 89 gjev heimel for kva pålegg som kan gjevast om utbetring og vedlikehald, men reguleringsplan er oreigningsgrunnlag for rett til å gjennomføre rehabilitering/stell/vedlikehald for dei aktuelle styringsorgana, til eksempels kulturminneetaten i verneområde. Heller ikkje kan det gjennom føresegner setjast grenser for private sin rett til å selje eller feste bort eigedom. Unnataket her er regulering til fornying, der det gjeld spesielle avgrensingar på dette området.

Reguleringsføresegner må òg innordnast etter kva som elles er fastsett i plan- og bygningslovgjevinga. Det kan t.d. ikkje gjevast føresegner som er i strid med føresegnerne i byggjeforskriftene om måling av bygningshøgd og om grad av utnytting. Reguleringsføresegner må såleis brukast til å utdjupe eller presisere lovføresegnerne elles. Det er likevel nokre føresegner som uttrykkjeleg eller føresetnadsvis kan fråvikast ved regulering, t.d. § 70 om høgd, plassering og naboavstand.

Det er ikkje høve til å gje føresegner som utvidar,

innskrenkar eller endrar retten til å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 7. Likevel kan det trekkjast opp visse retningsliner for seinare praktisering av dispensasjonsføresegna, jf. kap. 5.5.

Som nemnt i § 26, finst det ingen generell heimel for regulering av ferdsla, men der det har samanheng med føremålet, kan ferdsla likevel til ein viss grad regulerast, t.d. i regulerte friluftsområde eller naturvernområde der det må stillast særskilde vilkår for å sikre føremålet med planen. Det kan då t.d. fastsetjast at ferdsla skal følgje visse fastlagde trasear.

Eksempel på konkrete problemstillingar i praksis er:

- Etter vurdering kan innlegging av vatn i byggeområde til fritidsføremål forbydast visst det er nødvendig for å unngå forureining av vasskjelder som følgje av auka vassforbruk og utslepp.
- Dersom det etter ei konkret vurdering av behovet kan gjevast føresegner som fastset at leidningar for straum, telefon og TV skal førast fram i kabel, jf. dei omsyn som plan- og bygningslova § 74 nr. 2 skal vareta.
- Sjølv om det ikkje er høve til konkurranse- eller bransjeregulering, kan det i plan setjast forbod mot større kjøpesenter og varehus, eller det kan fastsetjast at forretningsverksemada skal avgrensast til slike tider på døgnet at det ikkje verkar unødig forstyrrande for stroket.



3.3. Byggjeområde

§ 25 Reguleringsformål - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

1. Byggjeområder:

herunder områder for boliger med tilhørende anlegg, forretninger, kontorer, industri, fritidsbebyggelse (fritidshus og tilhørende uthus), samt områder for offentlige (statens, fylkets og kommunens) bygninger med angitt formål, andre bygninger med særskilte angitte allmennytige formål, herberge og bevertningssteder og for garasjeanlegg og bensinstasjoner."

3.3.1. Kva føremålet omfattar

Byggjeområde omfattar i utgangspunktet oppføring av bygningar, dvs. bustader, med tilhøyrande anlegg, forretningar, kontor, industri, fritidsbygningar (fritidshus med tilhøyrande uthus) og i tillegg område for offentlege (statlege, fylkeskommunale og kommunale) bygningar med oppgjevne føremål, andre bygningar med særskilt oppgjevne allmennytige føremål, herberge og serveringsstader og for garasjeanlegg og bensinstasjoner.

I tillegg kan kvar kategori spesifiserast vidare, og det kan leggjast til eller spesifiserast fleire typar utbygging etter som det trengst. Bygningar til privat barnehage eller kino/forsamlingslokale m.m. kan til eksempels førast opp som eigne underføremål under byggjeområde.

Område for anlegg og bygningar med spesielle funksjonar, t.d. bygningar på kraftanlegg, vil stort sett komme inn under andre føremål.

Byggjeområda dekkjer såleis alle former for private utbyggingsføremål frå einebustader og hytter til industriføremål og forretningsføremål. Også byggjeområde for offentlege bygningar hører inn under § 25 nr. 1.

Tilhøyrande anlegg i byggjeområde kan t.d. vere garasjar/garasjeanlegg, daginstitusjonar for barn,

nærbutikk, vaktmeisterbustad i industriområde osb. Planen bør spesifisere slike anlegg.

Der eit byggje- og anleggstiltak kan klassifiserast under fleire hovudkategoriar, er det opp til kommunen som reguleringansvarleg å velje eit alternativ som verkar mest praktisk. Til eksempels kan barnehage òg vere offentleg bygning, del av bustadområde eller allmennytig føremål om det vert drive av ein institusjon.

3.3.2. Generelt om føresegner til føremålet byggjeområde

I tillegg til føresegner om utbygging m.m. som omtala ovanfor, vil det ofte vere behov for særskilde føresegner om utforming, bruk og handtering av ubygde areal, mellom anna om terrengplanering, oppsetjing av apparat for leik, gjerde og vern av eksisterande naturmark.

Saman med søknad om byggjeløyve skal/kan kommunen krevje at det vert utarbeidd plan for den ubygde delen av tomta. Krav til innhald i søknad om byggjeløyve går fram av byggjeforskriften. Reguleringsføresegn om utandørsplan kan vere særleg aktuelt når planen inneholder felt med koncentrert utbygging og blokkbygging. Ved slik byggjemåte kan det vere svært viktig å få sikra område for eksisterande naturkvalitetar.

Område for naturkvalitetar som det skal knytast føresegner til, må vere viste på reguleringsplankartet. Føresegna kan òg forby at vegetasjonen innanfor dei viste områda vert fjerna, m.a. under bygginga.

Ved vedtekt til plan- og bygningslova § 69 kan det gjevest føresegner om utforming og opparbeiding av ubygde del av tomt. Slik vedtekt vil gjelde både for regulerte og uregulerte område og for alle typar utbygging med mindre reguleringsplanen fastset noko anna.

Dersom reguleringsplanar er lite detaljerte, vil det vere aktuelt å stille krav om utbyggingsplan. Grunneigar kan ikkje påleggjast å utarbeide utbyggingsplan for meir enn sin eigedom.



• Spesielt om leikeplassar

Sjå § 26 siste ledd, som seier at det i bustadområde bør fastsetjast tilstrekkeleg leikeareal til å dekke behovet som utbygginga fører med seg.

Leikeareal kan regulerast inn på kvar einskild tomt, som fellesareal for fleire eigedomar eller som offentleg friområde.

Mange kommunar har fått stadfesta vedtekt til § 69 i plan- og bygningslova med bindande føresegner om m.a. leikeplassar for born (areal/tal/type). Vedtekta gjev då pålegg om korleis ubygdel del av tomt skal brukast og utformast, mellom anna om dei leikeplassar utbygginga krev. Sjå Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, og elles normene for leikeareal i bustadområde. Der kommunen ikkje har slik vedtekt, viser ein til NIBRs rapportserie "Barn og bomiljø".

Miljøverndepartementet har gjeve ut følgjande rettleiingar: T-812 "Gode utearealer i tettbygde strøk", T-813 "Fra plan til grønn virkelighet". Utforminga av uteareal for born og unge skal leggjast opp slik at dei er lett tilgjengelege, trafikkssikre, har god tilkomst og er godt sikra mot støy, forureining og annan helsefare. Dette gjeld alle uteareal som born brukar, ikkje berre leikeplassane. I tillegg krevst:

- visse minsteareal til dei ulike føremåla
- at arealet er eigna for leik og opphold til ulike årstider og for ulike aldersgrupper
- høve til samhandling mellom born, ungdom og vaksne.

• Spesielt om parkeringsplassar

Spørsmålet om krav til parkeringsdekning for ulike typar utbygging tek utgangspunkt i plan- og bygningslova § 69. Ved vedtekt kan § 69 gje bindande føresegner om parkeringsdekning. Ein del kommunar har fastsett eigne normer for parkeringsdekning som vert innarbeidde i dei einskilde planane. Dersom kommunen har vedtekt til § 69, er ikkje dette til hinder for at kommunen i konkrete tilfelle gjennom reguleringsføresegner fastset strengare eller meir liberale krav til parkeringsdekning.

Utgangspunktet er at kostnadene med å opparbeide eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar til utbygginga skal dekkjast av den einskilde utbyggjar, og at parkering skal skje på eigen eigedom dersom det ikkje vert opparbeidd felles parkeringsanlegg eller er etablert ordning med frikjøp. Sjå plan- og bygningslova § 69 nr. 4 om frikjøpsordninga. Ved vedtekt til § 69 nr. 4 kan det fastsetjast at kommunen kan samtykkje i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på felles areal vert innbetalt eit beløp per manglande plass til kommunen for bygging av parkeringsanlegg. Kommunestyret fastset kva satsar som til kvar tid skal gjelde i slike tilfelle. Når kommunen har knytt vedtekt til § 69 nr. 4, trengst det ikkje reguleringsføresegner om det same tilhøvet. Frikjøpsordninga kan ikkje innførast via reguleringsføresegner.

Parkeringsplassar kan òg leggjast til fellesareal for fleire eigedomar. Desse må vere viste på plankartet, då dei er eigne oreignings- og refusjonsføremål. Planen eller føresegnerne må difor opplyse kva for eigedomar dei er felles for.

Når det gjeld sjølvé planløysinga, kan det t.d. i område for tett småhusutbygging og blokkområde vere tenleg med bilfrie uteareal og at bilane vert sett i felles parkeringsanlegg.

Parkeringsplassen - særleg gjesteparkering - kan gjerne ligge der det er lettast å finne; nær innkøringa til området, men ikkje slik at plassen vert brukt saman med eller i staden for leikeplassen, og helst ikkje meir enn 100 meter frå bustadene. Større avstand og få plassar fører gjerne til køyring og parkering på tun og gangvegar. Felles parkeringsplass bør skjermast mot bustadene og kan gjerne supplerast med ein fast uteplass for vask, mindre reparasjonar, vedlikehald m.m.

Det har vore ei aukande forståing for at det kan vere tenleg å differensiere parkeringsføresegnerne i større grad, t.d. ved å fastsetje lågare parkeringsdekning i område med god kollektivdekning. Sjå rettleiing om parkering brukta som ledd i samordna areal- og transportplanlegging, TØI-rapport 349/97 "Parkeringsplassar - et virkemiddel i samordnet areal- og transportplanlegging".



- **Gjerde - påbod, forbod, utforming, plassering m.m.**

Det kan i stor grad gjevast føresegner om utforming, plassering og utsjānad på gjerde. Det kan gjevast føresegner som påbry oppsetjing av gjerde, til eksempels av omsyn til beitande dyr i hytteområde. Omsyn til beitande dyr, tilgjenge og ferdsl, og i tillegg estetiske omsyn, kan vere grunnar for eit forbod mot oppsetjing av gjerde/inngjerding t.d. i tettbygde hytteområde, hyttelandsbyar o.l.

I landbruksområde vil t.d. reingjerde/sperregjerde som er nødvendige for reindrifta, vere i samsvar med arealbruken.

Det kan også gjevast særskilde føresegner om godkjennning av gjerde, jf. § 103 om gjerdeplikt og innhegning mot veg.

Ein kan ikkje av omsyn til kommunen sine behov for snøopplag påleggje ein grunneigar å setje opp gjerde innanfor tomtegrensa.

- **Vern av eksisterande terreng og vegetasjon**

Etter vurdering kan det gjevast nærmere føresegner om at terreng og vegetasjon på den ubygde delen av tomta ikkje bør eller skal endrast eller fjernast.

Sikring av naturmark og/eller vegetasjon gjennom reguleringsføresegner føreset at dei aktuelle områda er viste på kartet. Større tre som skal vernast, bør også avmerkjast.

3.3.3. Delføremål etter § 25 nr. 1 Byggeområder

- **Bustader med tilhøyrande anlegg**

Bustadføremål vert nytta for å fastlegge områder det skal oppførast bygningar i form av permanente heilårsbustader, enten det er småhus eller blokker.

Ein siktar i første rekke til bustadbygg i privat eige, men offentlege styresmakter og selskap kan

øg eige bustader av privat karakter utan at det dermed er nødvendig å leggje ut byggjeområdet til offentlege føremål.

Føremålet rettar seg mot bustadfunksjonen, ikkje mot eigenskapane til bebuarane. Byggjeområde bustader kan såleis også nyttast til eldrebustader og (verna) bustader for særskilde grupper, så sant bueininga det dreier seg om har personar med behov for visse støtte- og servicefunksjonar som bebuarar.

- **Forretningar**

Reguleringsføremål forretning vert nytta til bygninga, lokale og areal der det skal drivast detalj- eller engrossal av forelda produkt til kundar som hentar varene i lokala sjølve.

Forretning inneber som regel stor trafikk og folketilstrøyming, og lokalisering, trafikk- og parkeringstilhøve må difor vurderast nøye. Det er likevel vanleg å kombinere forretningar med bustadutbygging og andre arealbruksdefinisjonar.

Gjennom reguleringsføresegner kan det differensierast mellom ulike typer handelsverksemder som kan tillatast innanfor området. Differensieringa må ha sin grunn i dei tilhøva som er nemnde ovanfor.

Føresegner til forretningar

Her vil det vere særleg aktuelt med føresegner om plassering av ulike funksjonar innan føremålet, spesielt trafikkgenererande verksemder som kjøpesenter, større varehus og garasjeanlegg/parkeringshus. Føresegner om forbod mot slik verksemder i planområdet kan også gjevast dersom omsynet til trafikken og nærmiljøet tilseier det, eller det vil vere i strid med vedtekne regionalpolitiske målsetjingar.

Gjennom reguleringsføresegnerne kan det differensierast mellom ulike typer handelsverksemder som kan verta tillate innanfor området.

Grunnjevinga til differensieringa må byggje på dei tilhøve som er nemnte ovanfor.



- **Kontor**

Kontor vert nytta som føremål for bygningar som vert brukt til administrasjon, merkantil service- og tenesteyting, konsulent- og engineeringbedrifter o.l.

- **Industri**

Reguleringsføremålet føreset at det til vanleg skal drivast generell industriproduksjon, med mindre det er spesifisert i føresegna at det er forbod mot verksemd som medfører særlege trafikk- eller miljølepper eller særleg fare eller liknande. Industriføremålet kan også omfatte lager. Vidare kan kontor til eigenadministrasjon av industriverksemda på staden gå inn i føremålet.

I område der det er forureiningar i grunnen etter tiltak, eller der det ikkje er aktuelt å setje i verk tiltak, kan området regulerast til industri med eigne føresegner om graving/omdisponering av tomta. Alternativt kan området regulerast til "Fareområde" eller "Spesialområde", jf. kap. 3.7.1. eller 3.8.2.

"Næring" er ikkje eit eige reguleringsføremål, men kan vere ei uformell samnemning for blanda reguleringsføremål. "Næring" vil omfatte både industri, forretning, kontor, lager m.m. For å styre arealutnyttinga betre og sikre meir føreseieleg utvikling og bruk av arealet, må det opplystas kva føremål som er aktuelle i området.

Rein lagerverksemd kan fastleggjast som "byggjeområde - lager". Lager som inneber omsetnad kallast "byggjeområde - forretning".

I sjø vil akvakulturanlegg med landtilknyting kunne gå inn her.

Føresegner til industri

I tillegg til dei vanlege føresegnsene om utbygginga vil det ofte vere behov for føresegner om plassering av tung industri, forureinande og brann- og eksplosjonsfarleg industri, også om forbod mot slik industri i planområdet.

Det kan fastsetjast at det i industriområdet ikkje skal tillatast etablert bedrifter som på grunn av

støy eller andre forureiningar ved produksjon og trafikk vil vere til vesentleg blempe for dei som bur i omliggjande bustadområde. I tilfelle det vert gjeve løye til oppføring av slik industri innanfor reguleringsområdet, må det takast kontakt med vedkommande fagetat for å få fastlagt rammene for industriverksemda. Desse rammene vert å fastsetje av forureiningsstyresmaktene gjennom utsleppsløye eller ved forskrifter, jf. forureiningslova.

- **Fritidsbustader**

Føremålet vert nytta der det skal setjast av område eller tomter for oppføring av fritidsbustader med tilhøyrande anlegg, jf. generelt ovanfor om føresegner og føremål i tilknyting til byggjeområde.

Etter § 82 er det tale om fritidsbustader. Det er her sikta til bygningar som vert nytta til mellombels bustad for delar av året for fritids- og rekreasjonsføremål. Føresegnsene gjeld også tilhøyrande uthus.

Med fritidsbustader forstår ein vanlegvis permanente hytter, campinghytter, landstader, setrar, stolar, skogskoier, naust, rorbuer, våningshus og andre hus som berre eller i det vesentlege vert nytta til fritidsføremål ved privat bruk og/eller utleige, og som kan nyttast til overnatting, utan omsyn til storleik eller standard, sportshytter, sommarhus og kolonihagehus der det berre er meinings å bu i kortare tidsrom, med tilhøyrande uthus.

Overgang frå fritidsbustad til heilårsbustad er ei bruksendring som krev bruksendringsløye eller dispensasjon.

Utleigehytter som t.d. skal utgjere ein del av det økonomiske driftsgrunnlaget for ein landbruksei-gedom, er i plansamanheng også fritidsbustader og ikkje del av landbruk.

Bygningar som vert nytta til anna føremål, t.d. i primærnæring, for turist- og hotellanlegg, eller til permanent bustad i heile eller større delar av året, fell utanom. Det same gjeld kommersielle hytte-anlegg med fellesdrift og korttidsutleige. Det er den faktiske bruken som er avgjerande.



Ved bruksendring, t.d. fra driftsbygning i landbruksområdet til fritidsbruk, er søknad etter plan- og bygningslova § 93 andre ledd om løyve til bruksendring nødvendig. Slik søknad må så m.a. vurderast i høve til planføremålet.

Hyttefelt kan vere større byggje- og anleggsarbeid som krev regulering etter plan- og bygningslova § 23 nr. 1. Kommunen kan også etter vurdering regulere av eige tiltak. Reguleringsplan krevst for å endre tidlegare disposisjonsplan fastsett i medhald av § 82 i bygningslova av 1965.

Vegar i eller til hytteområde kan vere spesialområde privat veg, eventuelt jordbruks-/skogsbilveg med utvida bruksområde godkjent etter plan- og bygningslova.

Føresegner til fritidsbustader

Føresegner for byggjeområde m.m. omtala i pkt. 3.3.2. kan nyttast.

Vanlege føresegner er:

- Om plassering og karakter av bygningane, avstand frå friområde/strand/veg, møneretting, takvinkel, takhøgd, fargeval og materialbruksmønster.
- Grad av utnytting, maksimal hyttestorleik, fastlegging av kva for uthus som kan tillatast, inkludert tal/storleik/form.
- Sikring av brønn / vasspost.
- Vern av vegetasjon og terreng, utforming, bruk og handsaming av ubygde areal, tomteinndeling.
- Krav om utbyggingsplan eller andre supplarande planar og planmateriale.
- Etter vurdering av behov, krav om nedgravning av kablar og forbod mot oppsetjing av gjerde (sjå føresegner om gjerde ovanfor side 28.)

Det kan setjast vilkår om at det skal vere sikra nødvendig vassforsyning eller utsleppsløysingar osv. Unnataka frå tilknytingsplikt for fritidsbustader til offentlege hovudleidningar etter plan- og bygningslova § 65 andre, tredje og fjerde ledd og § 66 nr. 2 andre punktum gjeld ikkje der anna er fastsett i reguleringsplanen.

Når området vert regulert til fritidsbustader, kan det ikkje gjevast føresegner om eigarform, t.d. at slike hytter ikkje skal kunne seksjonerast eller seljast.

• Offentlege bygningar med oppgjeve føremål

Ved bruk av offentlege føremål skal det gjevast opp underføremål, t.d. skule, barnehage, rådhus, sjukehus osb. Dette kan visast som tekst på plankartet. Offentlege føremål vert brukte til bygningar og areal som er eigde av staten, fylket og kommunen, men ikkje nødvendigvis av offentleg eigde selskap/aksjeselskap.

Vidare er det den offentlege funksjonen vedkommande bygning skal ha, som tilseier bruk av offentleg byggjeføremål. Bygningar som ikkje har ein spesifikk offentleg funksjon, kan meir naturlig leggjast ut til privat byggjeområde sjølv om dei er eigde av kommune, fylke eller stat, til eksempels bustader, kontor eller forretningsbygg.

Figur 3.2. Utsnitt av reguleringsplan for mindre tettstad der det er brukt blanda føremål og offentlege bygningar er viste med fastsette føremål



I bygg for offentleg føremål kan det etter nærmere påføring også innreiast for private føremål.

- **Bygningar for allmennytige føremål med nærmere spesifisering av føremålet**

Det må opplystas særskilt på planen kva allmennytig føremål det vert regulert for. Allmennytig føremål vert gjerne nyttta der private organisasjoner, stiftingar eller liknande driv verksemd av allmenn samfunnsmessig karakter. Verksemda er open for ein større uspesifisert brukarkrins.

Føresegner til bygningar for allmennytige føremål med nærmere spesifisering av føremålet

I tillegg til dei føreseggnene som er vanlege i byggeområde, kan det t.d. fastsetjast at området skal disponerast til tomt for velhus, tomt for privat barnehage med tilhøyrande anlegg eller tomt for privat sjukehus/pleieheim når allmennytige organisasjoner som Røde Kors, Norske kvinner sanietsforening m.fl. skal stå for utbygging og drift .

- **Herberge og serveringsstader**

Omfattar alle former for døgnovernattingsstader som hotell, pensjonat, hospits, motell, hytteanlegg o.l., i tillegg til restaurantar og serveringsstader, nattklubbar m.m.



Føresegner til herberge og serveringsstader

Føresegnerne kan nyttast for å spesifisere nærmere kva type overnatting eller servering som vert tillaten, og det kan særskilt fastsetjast vilkår for utføringa av bygningar av tryggingsmessige grunnar, tiltak for å bøte på ulemper ved trafikk og ferdsla, støy- og lukttihøve på grunn av drifta m.m. Det kan også setjast vilkår om at drifta ikkje skal ureo nattefreden for ombuande.

• Garasjeanlegg og bensinstasjonar

Dette er særskilde anlegg som medfører særskilde behov for vurdering av trafikk- og branngjel, og som må vurderast nærmere med omsyn til lokalisering og utføring.

Bensinstasjon som har ein monaleg utvida funksjon, til eksempels som daglegvarebutikk/forretning, kafeteria, overnatningsstad o.a., må fastlegjast gjennom reguleringsplan som viser desse føremåla.

Føresegner til garasjeanlegg og bensinstasjonar

I tilknyting til denne typen anlegg kan det vere særleg aktuelt å gje føresegner om krav til tryggelik, trafikktihøve og bøtande tiltak.

Eksempel på fleire underføremål

Sidan underspesifiseringa av føremålet byggeområde ikkje er uttømmande, kan det supplerast ytterlegare. Barnehage er t.d. eit eige reguleringsføremål sjølv om det ikkje er spesifisert som dette i lova. Barnehage kan vere både offentleg bygning, bygning med oppjeve allmennyttig føremål eller del av eit bustadområde. I tilfelle skal barnehagen gå fram av reguleringsplanen.

Også andre tilsvarande bygningsføremål som ikkje er nemnde i opprekninga i lova, kan reknast som eigne underføremål under hovudføremålet byggeområde, t.d. privat kino og møtelokale.

3.4. Landbruksområde

§ 25 Reguleringsformål - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

*2. Landbruksområder:
herunder områder for jord- og skogbruk, reindrift og gartnerier."*

3.4.1. Kva føremålet omfattar

Landbruksområde er område der det skal drivast jorbruks-/skogbruksverksemد og reindrift. Gartneridrift går også inn under føremålet. I desse områda kan det berre oppførast bygningar som har direkte tilknyting til landbruk som primærnæring. Annan arealbruk og utbygging er ikkje tillate.

Bygningar i jord- og skogbruksområde er våningshus som er nødvendige for drifta av garden og som krev byggjeløyve etter plan- og bygningslova § 93, og nødvendige driftsbygningar som vert omfatta av § 81 i plan- og bygningslova om meldeplikt.

I landbruksområde kan det drivast landbruksverksemد, medrekna oppføring av driftsbygningar. Omgrepet driftsbygningar i § 81 omfattar driftsbygningar for jordbruk, husdyrbruk, skogsdrift, reindrift, hagebruk, gartneri og pelsdyravl, dersom dei er ein del av tradisjonell landbruksdrift, og husvære for seterbruk og skogsdrift.

Kommuneplanrettleiinga gjev på sidene 32 til 34 ein del eksempel på tiltak i landbruket. Det vil for det første gjelde driftsbygningar i landbruket, som krev meldeplikt etter § 81. Men det er viktig å vere merksam på at bygningar og anlegg m.m. ut over dette også kan gå inn under føremål landbruk i høve til plan.


Bygging av private vegar som etter ei behovsvurdering ikkje kan grunngjevast med landbruks- eller skogsdrifta, vil vere forbode. Handsaminga

av landbruksvegar kjem no inn under forskrift av 22. desember 1996 fra Landbruksdepartementet.

Anlegg og bygningar som t.d. fritidsbygningar, medrekna utelegehütter, campingplass, masseuttak ut over husbehov, verkstad- og anna næringsverksemd, mellom anna industriell produksjon også av landbruksrelaterte produkt, fell utanom reguleringsføremålet. Dette kan vere handelsgartneri, pelsdyrfarmar, sagbruk, slakteri m.m.

Reguleringsføremål landbruk kan kombinerast med andre føremål, men ikkje med naturvernområde og friluftsområde. Det kan heller ikkje kombinerast med føremål som i praksis kjem i konflikt med utøvinga av landbruksverksemd. (Sjå òg pkt. 3.11).

Figur 3.3. *Eksempel som viser landbruksområde avsett til jordbruk, verneverdig gardstun regulert til spesialområde bevaring/landbruk, og verdifullt landskapselement regulert til spesialområde naturvern/landskapsvern*





Det kan ikkje gjennomførast oreligning etter plan- og bygningslova i område som er regulerte til landbruksområde.

Bygningar for fabrikkmessig produksjon av t.d. fjørfe og gris vil som regel falle utanom omgrepene "driftsbygning". Det er likevel ofte vanskeleg å seie kvar grensa går mellom landbruksverksemd og fabrikkmessig produksjon. Det avgjerande må bli ei konkret vurdering i den einskilde sak, der ein m.a. tek omsyn til storleiken på bygningen, produksjonsomfanget og dei ulemper produksjonen fører med seg i form av lukt, støy o.a. Verknaden av at eit område vert regulert til landbruksområde, er at tiltak som ikkje fell inn under landbruksverksemd, er i strid med føremålet og ikkje tillatne.

Oppføring av driftsbygningar i landbruket er i samsvar med reguleringsføremålet, men er meldepliktig, jf. § 81. Andre byggje- og anleggstiltak er søknadspliktige, eventuelt avhengige av dispensasjon eller reguleringssendring.

Arealdisponeringa i landbruksområde er òg regulert av spesiallover som jordlova, skogbrukslova, konsesjonslova og jordskiftelova. I regulert område som er lagt ut til anna enn landbruk, fell jordlova bort visst ikkje kommuneplanen uttrykkjeleg vedtek noko anna.

Kva som er landbruksverksemd, vil i ein viss mon endre seg over tid på grunn av den stadig aukande effektiviseringa og rasjonaliseringa innan landbruket. Dette må avgjerast konkret i kvart tilfelle - til eksempels kvar grensa går mellom "fabrikkmessig" produksjon og landbruk. Nyte typar bygningar og verksemd fell ikkje inn i landbrukskategorien i § 25 utan nærmere vurdering.

Når det gjeld slakteproduksjon av t.d. gris, er ikkje Landbruksdepartementet sine konsesjonsgrenser áleine avgjerande for kor vidt eit tiltak er å rekne som landbruksverksemd. Grensedraging må gjerast av planstyresmakta i kommunen etter ei konkret vurdering og i samråd med landbruksstyresmaktene.

Når det gjeld pelsdyranlegg, bør det skiljast mellom større og mindre pelsdyreiningar i reguleringssamanheng. Mindre einingar som utgjer ein

underordna og tradisjonell del av landbruksdrifta, bør regulerast til landbruksføremål.

Større einingar som framstår som meir sjølvstendige driftseiningar utan tilknyting til anna landbruksverksemd, bør regulerast til spesialområde - pelsdyrfarm. Det vert rekna som lite heldig å nyte reguleringsføremålet industri.

3.4.2. Føresegner til landbruksområde

Det kan knytast føresegner til landbruksområde på same måten som til andre arealbrukskategoriar så langt det ikkje er i strid med kombinasjonsforbodet i § 25 andre ledd som gjeld naturvern og friluftsområdene. Det kan fastsetjast kvar ulike bygningar og anlegg skal plasserast, og det kan setjast vilkår for gjennomføringa også under omsyn til nærliggjande område med annan bruk. Det kan ikkje gjevast føresegner om reint driftsmessige tilhøve. Det kan difor ikkje gjevast føresegner til landbruksføremålet som hindrar skogsavverking, beitebruk og jorddyrkning, grøfting, nydyrkning, skogsbilvegbygging eller treslagskifte, eller som direkte hindrar oppføring av nødvendige bygningar og anlegg for landbruksdrifta.

3.4.3. Delføremål etter § 25 Landbruksområder:

• Område for reindrift

Reindrift kan utøvast i reinbeitedistrikt omfattande delar av Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Hedmark, i alt 134 kommunar.

Reindriftsretten inneber rett til beite for rein, til ferdslé og flytting og til å plassere anlegg som er nødvendige i reindrifta. Flyttelei kan ikkje stengjast, og det kan vere straffbart å gjere det utan samtykke frå Landbruksdepartementet. I reguleringssplan kan reindrift vere eige føremål etter § 25 nr. 6 som spesialområde, men reindrift kan òg leggjast ut som underføremål til landbruk, jf. § 25 nr. 2.



Vert reinbeiteområde lagt saman med landbruk etter nr. 2, vil byggje- og anleggsverksemd for jordbruk og skogbruk vere tillate innanfor planområdet på lik line med reindrift. Det kan markeras kva delar av området som er spesielt viktige for reindrifta, men byggje- og anleggsverksemd i jordbruk eller skogbruk kan ikkje nektast.

Byggje- og anleggsverksemd for andre føremål vil derimot ikkje vere tillate.

Aktuelle spesialområde etter nr. 6 kan vere beiteareal av spesiell verdi, til eksempels innhegningar, slakteanlegg og gjeterhytter m.m. Vert eit område regulert til dette føremålet, er verknaden at byggje- og anleggstiltak for alle andre føremål, også jordbruk og skogsdrift, ikkje kan gjennomførast. Det same gjeld andre tiltak som kan vere til ulempe for gjennomføring av planen, til eksempels oppdyrkning. På vanleg måte kan det i nødvendig omfang knytast utfyllande føresegner til planen, m.a. om at delar av området ikkje kan brukast til anna enn reindrift, og det kan setjast forbod mot visse former for bruk, t.d. motorferdsle. Det kan setjast vilkår for bruken, t.d. i visse tidsperiodar.

Reguleringsplan for reindrift vil først og fremst vere aktuelt der det er behov for ei detaljert utforming av eit reindriftsområde, dvs. ei detaljregulering innanfor eit relativt lite område, til eksempels med skiljeanlegg og slakteanlegg, eventuelt også andre anlegg for drifta. Den vanlegaste situasjonen i reindrifta er likevel fleirbruk i utmark med reindrift og jordbruk, med reindrift i allmenne friluftsområde, eventuelt med bruksavgrensing. Det kan også fastsetjast at eit føremål kan gå over til reindrift når visse vilkår er oppfylte, t.d. at uttaksområdet for råstoff går over til reindriftsområde.

Føresegner til område for reindrift

Det kan gevast føresegner til områder for reindrift på same måte som i andre landbruksområde.

• Område for gartnerier

Landbruksområde omfattar òg vanlege landbruksgartneri. Gartneri for fabrikkmessig produksjon vil ikkje falle inn under landbruk, og må ha særskild heimel i reguleringsplan. Gartneri som eige reguleringsføremål vil t.d. kunne leggjast ut etter § 25 nr. 6 som spesialområde - gartneri.

Handelsgartneri/hagesenter med vesentleg vekt på omsetnad også av andre varer enn eigenproduserte plantar/bær/buskar må reknast som forretningsverksemd og plasserast under føremålet "byggjeområde - forretning".

Bygning, konstruksjon eller anlegg som er nødvendig i landbruket, vil vere unntak fra byggjeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 17-2 dersom det av omsyn til næringsutøvinga må eller bør liggje i strandsona. Eit produksjonsgartneri som ikkje kan seiast å stå i tilknyting til ei ordinær landbruksdrift, er eit næringsbygg og vil såleis ikkje vere i samsvar med reguleringsføremålet landbruk og heller ikkje vere unntak fra byggjeforbodet i § 17-2.



3.5. Offentlege trafikkområde

§ 25 Regularingsformål - utdrag

"I reguleringssplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

3. Offentlige trafikkområder:

Veger - med dette forstås i denne loven også gater med fortau, gangveger, sykkelveger, gate-tun og plasser - bruer, kanaler, jernbaner, sporveger, rutebilstatjoner, parkeringsplasser, havner, flyplasser og andre trafikkinnretninger og nødvendige arealer for anlegg og sikring m.v. av trafikkområder."

3.5.1. Kva føremålet omfattar

Trafikkområde er offentlege område som er opne for allmenn ferdslle, og omfattar vegar/gater med underinndeling, jarnbane, hamner/småbåthamner, flyplassar, rutebilstatjonar, parkeringsplassar og andre trafikkinnretningar. Som trafikkinnretningar på vegar kan ein òg forstå pengeinkrevjingsstasjonar, gjerde, fartsdempande humpar o.l. Likeins kan rastepllassar, toalett o.l. førast på som andre trafikkinnretningar.

Vegkroer, hotell/motell, bensinstasjonar o.l. fell utanfor. Dette er bygningar som går inn under byggjeområdeføremålet.

Regularingsplanar for trafikkområde vil normalt vere ei detaljering av dei avgjerder som er tekne på oversiktsplassnivå, men regulatingsplan for vegar kan òg utarbeidast utan slik forankring. Ved regulatingsplanlegging skal departementet sine støyretningslinjer følgjast. Sjå òg rundskriv T-1/86 om retningsliner for fylkesmennene sin medverkanad som statleg faginstans for støysaker.

Utbyggingsområde som er vare for støy, skal etter føresetnaden ikkje leggjast inntil støybelasta trafikanlegg. I tilfelle der bygningar likevel vert plasserte slik at støygrensene vert overstigne, skal det stillast krav om støydempande tiltak slik at ein oppnår løysingar som er tilfredsstillande

etter retningslinene. Dersom planen inneheld framlegg om nye vegruter, skal det gjennomførast utrekningar av støytihøva slik at anlegget får ei plassering og utforming som oppfyller retningslinene.

Nødvendige støytiltak skal innarbeidast i regulatingsføresegnerne og visast på plankartet. Det skal gå fram av planen når tiltaka skal vere gjennomførte. I praksis vert dette eit rettsleg vilkår for å kunne byggje etter planen. Dette kan innebere at utbygging og støytiltak skal gjennomførast samtidig, eller at det for eksisterande bygningar som vert berørte av vegutbyggingstiltak, skal vere sett fram tilbod om gjennomføring av støytiltak før vegen er ferdig til å takast i bruk.

Når det gjeld føresegnar om utforming, plasse-ring osb. av bygningar som høyrer inn under tra-fikkområde som er nemnde her, viser ein til omta-le av dei ulike byggjeområda.

3.5.2. Delføremål etter § 25 Offentlige trafikkområder:

• Vegar

Føremålet omfattar m.a.:

- Gater/køyrevegar med fortau
- Gangvegar/gang- og sykkelvegar
- Gatetun (tilkomst, parkerings- og leikegater)
- Parkering
- Plassar/torg
- Kollektivfelt (gate/bussfelt)
- Gjerde, fartsdempande humpar o.l.
- Turvegar og historiske vegar.



Det må gå klart fram av planen kva for trafikkføremål som er aktuelle i kvar plan. Dette gjeld vegområdet, medrekna areal til køyrebane, vegskuldrer, vegkryss, avkørysler, gang- og sykkelvegar, planskilde kryssingar, bruer, skrannnslag og støttemurar. Andre tilhøve som skal fastsetjast i vegplanar kan vere:

- Eigedomsgrenser og registreringsnummer
- Bygningar som inngår i planen eller som skal fjernast
- Byggjegrenser
- Frisiktsone
- Støyskjermar og vollar
- Område for massetak og depot
- Motfyllingar
- Bakkeplaneringstiltak
- Område som skal plantast til eller der eksisterande vegetasjon skal vernast
- Areal som berre skal disponerast i anleggs-perioden.

Dersom vegar skal leggjast om eller bruken av dei endrast til anna føremål, er det ei vesentleg endring av planen som må handsamast i samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 nr. 1, jf. § 27-1.

Det må gå klart fram av planen kva del av trafikkområdet som i tilfelle skal nyttast til oppføring av bygg for trafikkføremål, t.d. rutebilstasjon.

Plasseringa av slikt bygg skal gå fram ved at planlagt bygg eller grenser for utbygging vert innteikna. Dersom byggverket skal ha gesimshøgd over 8 meter og mønehøgd over 9 meter, må dette førast på planen, jf. plan- og bygningslova § 70.

Randsoner og buffersoner inntil vegområde kan leggjast ut til offentleg trafikkområde, t.d. i kombinasjon med eit "grønt" føremål, eller arealet kan visast som anna trafikkareal. Trafikkområde og friområde må ikkje kombinerast.

Nødvendige sideareal for vegskjeringar, forstøttingar og fyllingar skal vere med. Likeins bør det setjast av plass til støyskjermar eller vollar innanfor planområdet der dette er aktuelle støytiltak.

Ved vegplanlegging kan også andre arealbruksføremål under § 25 i prinsippet vere aktuelle, då planlegginga av sjølve vegen og dei tilstøytande areala må sjåast i samanheng.

Føresegner for vegar

Av saker det kan gjevast retningslinjer om, kan nemnast vegbreidd og stigningstilhøve, dvs. vegprofilar (lengde- og tverrprofil), avkørysletilhøve og inndeling i gangvegar og køyrevegar, kollektivfelt og fartsdempande tiltak.

For offentlege vegar vil vegnormalane etter veglova vere eit naturleg utgangspunkt for dei tekniske krava som er aktuelle å stille i planane. Statens vegvesen har utarbeidd eiga rettleiing om vegplanar.

I mange tilfelle vil det vere praktisk å vise slike føresegner direkte på plankartet med tekst og symbol.

Det kan også gjevast føresegner om utforminga og utføringa av terrengeinngrep i samband med veganlegg, t.d. at dette skal gjerast så omsynsfullt som råd er. Vidare kan det vere nødvendig å stille krav om at vegskjeringar og fyllingar om mogeleg skal plantast til eller behandlast på annan tiltalande måte.

Spesielt der vegar skal byggjast i verneområde eller i naturområde, er det aktuelt å gje føresegner om tilpassing til omgjevnadene.


Føresegner kan utformast slik at dei fastset avkørysler og eventuelle avkørysleforbod for enkelteigedomar eller vegstrekningar.

Vidare kan det gjevast føresegner om frisiktsone ved vegkryss. Føresegnsene om utforminga av frisiktsone går fram av vegnormalane som er heimla i veglova. Det følgjer av § 25 nr. 6 at spesialområde - frisiktsone er eige reguleringsføremål.

Det kan elles gjevast føresegner om sikring av tilkomst på gang- og sykkelveg for t.d. sjuke-, brann-, flytte- og renovasjonsbilar. Vidare kan det etter nærmere vurdering tillatast at visse eigedomar kan nytte gang- og sykkelveg som tilkomst til eigedomar.



Figur 3.4. Eksempel som viser veganlegg og handtering av sideareala til vegen med støytiltak, turveg, gang- / sykkelveg mm.



• Bruer

Bruer hører inn under det som kan og skal regulerast i ein reguleringsplan.

Føresegner for bruver

Det kan gjevast føresegner om bruspenn,
seglingshøgd, breidd og utforming, t.d. med krav
til materialbruk, utføring og farge m.m.

I sjø kan det gjevast føresegner om seglingsdjup og breidd i lei under bru, føresett at sjøarealet er inkludert i planen.

I sjø vil manøvreringsområde i tilknyting til hamneområde på land komme inn her, og likeins farleier. Til slike område kan det gjevast føresegner om forbod mot boyer eller andre gjenstandar som hindrar ferdsla. I tillegg vil hamne- og farvasslova gjelde, med høve til å bruke forskrift for å regulere ferdsla og gjenstandar som hindrar denne.



• Andre trafikkanlegg

Tilsvarande vil reguleringsplan bli brukt for å fastlegge som underføremål følgjande offentlege: kanalar, jarnbanar, sporvegar, rutebilstasjonar, parkeringsplassar, hamner (trafikkhamner eller offentlege småbåthamner), flyplassar og andre trafikkinnretningar (t.d. ferjeleie) og nødvendige areal for opparbeiding og sikring m.m. av trafikk-område (t.d. skjeringar, fyllingar m.m.).

3.6. Friområde

§ 25 Reguleringsformål - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

4. Friområder:

Parker, turveger, leirplasser, anlegg for lek, idrett og sport og områder i sjøen for slik virksomhet."

3.6.1. Kva føremålet omfattar

Friområde dekkjer avgrensa område med spesiell tilrettelegging og eventuell opparbeiding til uhindra rekreasjon og opphold for allmenta. Slike område skal kommunen sjølv tilegne seg, opparbeide og halde ved like, og dei kan vere offentleg tilgjengelege parkar og leikeplassar, idrettsbaner opne for allmenn bruk, bryggjeanlegg i samband med friområde på land, badeplassar, offentlege plassar opparbeidde for rasting og leirslåing, lysløyper og turvegar, båtplassar og bryggjer for allmenn bruk m.m. Viss det er tanken at allmenta skal ha avgrensa tilgang til områda, bør dei regulerast til spesialområde - camping, idrett osb.

Eksempel på tiltak som fell utanom friområde-kategorien er go-cartbane, terrengsykkelbane, motorcrossbane o.l. Til desse føremåla nyttar ein spesialområde under § 25 nr. 6.

3.6.2. Føresegner til friområde

Bruken av området kan spesifiserast nærmere, til eksempels at friområdet skal nyttast til leikeplass/park, eventuelt lysløype/turveg, eller at det skal etablerast idrettsbane med tilhøyrande bygningar, parkeringsplassar og andre nødvendige anlegg.

Det kan òg gjevast føresegner som fastset bruk som ikkje skal tillatast innanfor arealet, t.d. riding eller sykling på område som er sårbar for slik ferdslle.

I utgangspunktet er det ikkje tillate å føre opp bygningar innanfor friområde. Det kan likevel førast opp bygningar som gjer at friområdet kan bli meir brukt av allmenta. Det kan gjevast næraare føresegner om kva bygningar og anlegg m.m. som skal tillatast opparbeidde av omsyn til bruken av friarealet.

For føresegner om utforming av bygningar og areal m.m., sjá føresegner for dei ulike byggjeområda.

Friområde i sjø vil neppe vere aktuelt utan direkte tilknyting til friområde på land. Tilhøvet til eideomsrett eller eventuell oreigningsheimel vil dermed vere avklara. Friluftsområde etter nr. 6 kan dermed vere eit alternativ til friområde i sjøen.

3.6.3. Konsekvensutgreiingar

Tiltak som går fram av vedlegg II til forskrift om konsekvensutgreiingar skal konsekvensutgreiast dersom tiltaket er føresle ge lokalisiert i område som er avsette til friområde, jf. forskrifta § 4 nr. 3 a.



3.7. Fareområde

§ 25 Regularingsformål - utdrag

"I regularingsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

5. Fareområder:

Områder for høyspenningsanlegg, skytebaner, ildsfarlig opplag og andre innretninger som kan være farlige for allmennheten, og områder som på grunn av ras- og flomfare eller annen særlig fare ikke tillates bebygget eller bare skal utbygges på nærmere vilkår av hensyn til sikkerheten."

3.7.1. Kva føremålet omfattar

Føremålet vert nytta for areal som er utsette for fare på grunn av naturtilhøve og/eller miljøtilhøve og som det av den grunn ikkje vert tillate å byggje på, eller der det berre kan byggjast på nærmare vilkår av omsyn til tryggleiken. Eksempel på naturtilhøve er flaum, skred, radon, vind. Eksempel på miljøtilhøve er forureining i grunn eller luft, støy, vibrasjoner, eldsfarleg opplag o.l. Regulering til fareområde inneber at alle byggjetiltak innanfor planen er forbodne eller berre kan tillatast på spesielle vilkår som reduserer faremomentet.

I område der det er forureining i grunnen etter tiltak, eller der det ikkje er aktuelt å setje i verk tiltak, kan området regulerast til fareområde. Alternativt kan området regulerast til industri med eigne føresegner om graving/omdisponering av tomta, jf. kap. 3.3.3.

I utgangspunktet er det hove til å kombinere "fareområde" med andre arealbrukskategoriar, jf. plan- og bygningslova § 25 andre ledd. Til eksempler er det ikkje noko i vegen for at område langs trasé for høgspentlinjer kan leggjast ut som turveg e.l.

Spørsmål om regulering av fareområde må på eit tidleg tidspunkt takast opp med vedkommande statlege fagetat, t.d. Norges vassdrags- og energiverk, Direktoratet for sivilt beredskap, Statens strålevern, Naturskadefondet eller andre aktuelle organ.

Potensielle fareområde bør kome fram så tidleg som mogeleg i planprosessen, helst på oversiktsplannivå. Plan- og bygningslova § 68 kjem inn der som det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til faren i planarbeidet eller når plan ikkje ligg føre. Etter § 68 kan grunn berre delast eller byggjast ut der som han er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve.


Krava i § 68 gjeld generelt. Ei rekje tilhøve er regulerte i forskrift om krav til byggverk og produkt til byggverk (TEK) av 22. januar 1997, gjeldande frå 1. juli 1997. Tilhøvet til § 68 og dei relevante føresegnene i TEK er eitt av dei tema som skal vurderast ved handsaming av alle søknader og meldingar. Om det er nødvendig, kan kommunen setje forbod mot bygging eller stille særskilde krav til byggjegrunn, bygningar og uteareal. Føresegnene er av materiell art og vil slå igjenom i hove til den fastsette arealbruken i arealplanar.

Bruken av areala og kva som utgjer den aktuelle faren, må gå fram av plankartet. Dersom det i eit område er ras- eller flaumfare eller fare for stein-, jord- eller leirras, må dette området merkjast av særskilt.

Dersom det er opna for å føre opp byggverk i fareområde, bør byggjesaka leggjast fram for vedkommande fagetat. Sjå elles rundskriv T-5/97 om arealplanlegging og utbygging i fareområde.



Figur 3.5. Eksempel som viser fareområde høgspentanlegg og fareområde flaum



3.7.2. Føresegner til fareområde

For føresegner om eventuelle bygningar eller annan arealbruk innanfor fareområda (utforming m.m. av bygningar og areal), sjå omtalen av dei einskilde underføremåla.

Om kravet til byggjegrunn og miljøtilhøve, sjá føresegne i plan- og bygningslova § 68. Denne føresegna gjeld både i regulerte og uregulerte strok.

3.7.3. Delføremål etter § 25 Fareområder

- **Høgspenningsanlegg**

Føremålet vert brukt for å fastsetje trasear for overføringsleidningar for elektrisk energi. Dei nærmare restriksjonane som følgje av planen vil følgje av elektrisitetslovgjevinga, avhengig av dimen-

sjonerenga av kraftlinja. Tilsvarande vil trasébreidda for det aktuelle overføringsanlegget måtte fastleggjast ut frå tryggingskrava i energilovgjevinga.

Planen kan fastsetje dei einskilde stolpepunktata der dette er tenleg eller nødvendig.

Føresegner til høgspenningsanlegg

Det kan gjevast føresegner som presiserer kva for tiltak og kva typar bruk som er forbodne/tillatte i reguleringsområdet, t.d. ved kombinasjon med anna reguleringsføremål som utelagringsareal i byggjeområde for industri. Vidare kan det t.d. stillast krav om utforming og utføring av dei aktuelle mastene og linene, mellom anna krav til estetikk og landskapstilpassing, jf. § 74 nr. 2.



• Skytebanar

Føremålet vert nytta til område for bygging av nye skytebanar og for eksisterande skytebanar som ikkje kjem inn under "øvingsområder for forsvaret". I tillegg kan skytebanar føre med seg støyulemper, jf. retningsliner for avgrensing av støy frå skytebanar, rundskriv T-2/93.

Føresegner til skytebaner

Det vil særleg vere aktuelt med føreseigner om støytiltak, tryggleik og skytetider.

• Eldsfarleg opplag og andre innretningar som kan vere til fare for allmenta

Føremålet vert nytta for område der det skal gjennomførast anlegg som det knyter seg særskild tryggleiksrisiko til, t.d. lageranlegg for tennfarlege væsker, sprengstofflager o.l.

• Område der det på grunn av ras- og flaumfare eller annan særleg fare ikkje vert gjeve løyve til utbygging, eller der det berre skal byggjast på nærmere vilkår av omsyn til tryggleiken

Føremålet vert nytta for å hindre uønskt arealbruk og utbygging i område som til eksempler er ras- eller flaumutsette. Det er planstyresmakta som ut frå ei vurdering basert på faglege kriterium og i samråd med dei ulike fagorgana som avgjer kva for restriksjonar som skal innførast i reguleringsplanen.

Det følgjer av § 68 at grunn berre kan delast eller byggjast på dersom det er tilstrekkeleg trygt for fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve. Kriteria som vert lagde til grunn etter § 68 skal samsvare med dei retningslinene som vert praktiserte ved handsaming av reguleringsplan.

Føresegner til område der det på grunn av ras- og flaumfare eller annan særleg fare ikkje vert gjeve løyve til utbygging, eller der det berre skal byggjast på nærmere vilkår av omsyn til tryggleiken

Føresegner kan nyttast for å presisere kva bruk og kva og typar tiltak som vert tillatne eller forbodne i det farlege området. Det kan òg stillast vilkår om visse sikringstiltak, t.d. om steinsette dike og jordvollar, eller om rasoverbygg og murar/vollar.

Til eksempels kan det i område som er regulerte til byggeområde etter § 25 nr. 1, jf. § 26, og gjevast rettsleg bindande føreseigner før området vert bygd ut i samsvar med reguleringa. Sikringstiltak skal visast på plankartet, og det skal gjerast greie for dei i føreseigner til planen. Når til eksempels eit rasfarleg skogsområde vert regulert til fareområde der det ikkje vert gjeve løyve til utbygging eller der det berre kan byggjast på nærmere vilkår av omsyn til tryggleiken, kan det stillast vilkår i reguleringsføreseggnene til planen om at hogst ikkje er tillate.

3.8. Spesialområde

§ 25 Reguleringsformål - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

6. Spesialområder:

herunder områder for private veger, camping, områder for anlegg i grunnen, vassdrag eller i sjøen, områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares, fiskebruk, områder for reindrift, friluftsområder som ikke går inn under nr. 4, parkbelte i industriområde, naturvernområder, klimavernsoner, vannforsyningsskilder med nedslagsfelt, frisiksoner ved veg, restriksjonsområde rundt flyplass, og område og anlegg for drift av radiavigasjonsjelpe midler utenfor flyplass, områder for anlegg og drift av kommunalteknick virksomhet, grav- og urnelunder, vann- og avløpsanlegg, områder for bygging og drift av fjernvarmeanlegg, taubane, fornøyelsespark, golfbane, steinbrudd og massetak samt andre områder for vesentlig terrenginngrep, anlegg for Televerket og øvingsområder med tilhørende anlegg for forsvaret og sivilforsvaret."*



Anlegg for Televerket er no å forstå som anlegg for telekommunikasjon

3.8.1. Kva føremålet omfattar

Dette arealbruksføremålet omfattar ei lang rekke ulike føremål og tiltak av privat eller offentleg art og kan reknast som ein samlekategori for tiltak som ikkje naturleg fell inn under dei andre hovudføremåla. Nokre underføremål er kommenterte nærmere nedanfor.

3.8.2. Delkategoriar etter § 25 Spesialområder:

- **Private vegar**

Føremålet omfattar private vegar som ikkje er opne for allmenn ferdsle, og ikkje går inn under vegar etter § 25 nr. 2, 3, 4 eller 5 (fellesområde).

Føresegner til private veger

Det kan gjevast føresegner om kva bruksområde vegen skal ha, t.d. at det skal vere tilkomst for nærmere fastsette hytteeigedomar eller at det skal vere anleggs- eller driftsveg for kraftforsyningsanlegg. Elles kan det gjevast tilsvarande føresegner om utforming og opparbeidning av private vegar som for offentlege vegar, jf. ovanfor.

- **Camping**

Føremålet vert brukt for å leggje ut areal til campingplassar. Campingplass krev særskilde anlegg, t.d. campinghytter, fellesanlegg og godkjende vassforsynings- og avløpsanlegg.

Trafikktihøva må òg vurderast. Områda der det skal opparbeidast campingplassar, må difor avmerkjast særskilt på reguleringskartet.

Område for permanente campinghytter vert ordinært lagt ut som byggjeområde.

Dersom det vert lagt ut byggjeområde for rast og leirslåing i tilknyting til eit offentleg friområde, t.d. eit attraktivt turutfartsområde, spesielle aktivitetserområde eller liknande, kan friområde brukast, jf. § 25 nr. 4. I slikt tilfelle er det ein føre-

setnad på sikt at det offentlege vert eigar også av leirslåingsområdet, og innløsing kan krevjast dersom vilkåra i § 42 er oppfylte. Vidare må området der bygningane skal oppførast vere vist på reguleringsplankartet.

Annan bruk av området bør spesifiserast så godt som råd er på plankartet.

Føresegner til camping

Det kan gjevast føresegner om utforming og bruk av areal. Det kan setjast vilkår for bruken av området, t.d. om plassering av campinghytter og -vogner, og det kan setjast forbod mot former for bruk og stillast krav for å fremje eller sikre føremålet.

Det kan gjevast føresegner om:

- Ferdsle med bilar eller anna motorkøyretøy på visse vegar
- Forbod mot plassering av campinghytter og -vogner i nærmere fastsett avstand frå strand, friområde eller anlegg
- Føresegn, t.d. om trafikktryggingstiltak og tiltak for å hindre støv og støy, oppsetjing av gjerde, tilplantingsbelte m.m. I samanheng med dette kan det fastsetjast føresegner om rekkjefølgje som omtala ovanfor i pkt. 3.2.2.
- Sikring av vegetasjon som vist på plankartet
- Føresegner om løysing av vass- og avløpstilhøve, t.d. om tømming av septiktankar og privetar.

Etter § 85 om transportable anlegg og konstruksjonar kan desse ikkje plasserast slik at dei hindrar allmenn ferdsle eller friluftsliv eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadene.

Dersom reguleringsføremålet byggjeområde vert brukt, sjå ovanfor om føresegner.

- **Bubilar**

Det kan leggjast ut område for bubilar i reguleringsplan under arealbruksføremålet spesialområde med nærmere opplysning om underføremål, t.d. område for bubilar, jf. § 25 nr. 6. Dette vil



først og fremst vere relevant for private område. Dersom det er tanken å integrere eit avgrensa område for bubar i tilknyting til eit offentleg eigd område, t.d. sports- og idrettsarenaer, spesielle friområde for nærmere fastsette aktivitetar o.l., kan friområde brukast, jf. § 25 nr. 4.

Bruken av området må spesifiserast best mogeleg på plankartet.

Føresegner for bubar

Det kan gjevast føresegner om utforming og bruk av areal, og det kan settjast vilkår for bruken av området, t.d. om plassering av vognene, og ein kan forbyde former for bruk for å fremje eller sikre føremålet. Føreseggnene nemnt framføre under campingområde er alle aktuelle. Likeins kan det vere aktuelt å gje føresegner om:

Bruk av området til bubar t.d. i vinterhalvåret, medrekna påske, og til anna føremål, t.d. friluftsområde eller landbruk.

• Områder for vindkraftanlegg

Plassering og bygging av vindkraftanlegg (vindmøller / vindmølleparkar) vil vere tiltak som krev byggjeløyve etter plan- og bygningslova § 93. Etter departementet sitt syn er slike tiltak så store at dei kjem inn under føresegna i plan- og bygningslova § 23 og dermed må underkastast og reguleringshandsaming.

I reguleringssamanhang vil det naturlege arealbruksføremålet vere spesialområde etter plan- og bygningslova § 25 nr. 6, område for vindkraftanlegg (vindmøllepark). Dersom området òg har eit innslag av bygningar som tilhører vindkraftanlegget, kan ein kombinasjon av føremåla byggjeområde etter plan- og bygningslova § 25 nr. 1 og spesialområde vindkraftanlegg vurderast.

Reguleringsplan (og utbyggingsplan) gjev heimel for oreigning til dei føremåla som er lagde ut i planen, jf. plan- og bygningslova § 35 nr. 1. Slik plan kan difor nyttast til å oreigne grunn som trengst til opparbeiding av vindkraftanlegg, dersom dette er i samsvar med reguleringsføremålet

i planen. Kommunestyret eller staten kan gje samtykke til oreigning.

• Område for mikro-, mini- og småkraftverk

Dette vil vere anlegg og tiltak som kjem inn under søknadsplikta i plan- og bygningslova § 93.

Dersom desse tiltaka går inn som ledd i landbruksdrift og arealplan til kommuneplanen vert lagd ut til LNF-område, vil arealføremål i reguleringsplansamanhang vere landbruksområde. Fell mikro- og minikraftverket utanom det som vil vere naturleg i landbruksverksem, vil arealføremålet i reguleringsplanen vere spesialområde, eventuelt byggjeområde, dersom kraftverket vert tilknytta bygningar.

• Område for anlegg i vassdrag eller i sjøen

Plan- og bygningslova gjeld i sjøen ut til grunnlinna. Sidan bruks- og vernetiltak som ein søker å løyse gjennom regulerering, stort sett vil vere dei same på sjø og land, kan reguleringsføremål og føresegner tilpassast sjøområda og brukast på vanleg måte etter sitt innhald, jf. formuleringa "herunder" i § 25 nr. 6. Dei tradisjonelle bruks- og verneføremåla i sjø vil òg vere regulerte gjennom eige lovverk, jf. hamnelova, oppdrettslova og saltvassfiskelova.

Reguleringsplan med føresegner vil i mange tilfelle likevel vere aktuelle verkemiddel for ein del tiltak og aktivitetar i sjøområda, m.a. på grunn av gjensidig påverknad av arealdisponering på land. Ofte vil ein reguleringsplan omfatte sjø og dei nære landområda. I slike tilfelle er det viktig å sjå samanhengen mellom arealbruks-kategoriane i sjø eller vassdrag og på tilstøytande areal på land.



Føresegner til sjøområde/plantema

1) *Friluftsområde i sjø (åleine eller i kombinasjon med fiske og allmenn ferdsle):*

- Det kan gjevast føresegner om område for bryggjer, fortøyingsinnretningar, forbod mot dumping av gjenstandar og opplagsplass for større båtar. (Fartsavgrensingar i nærmere definerte område av omsyn til fiskeplassar og badeplassar kan fastsetjast etter reglane i hamnelova.)
- Innanfor hamnedistrikt vil kommunen gjennom forskrift til hamne- og farvasslova kunne fastsetje fartsavgrensingar i visse område.
- I friluftsområde der føremålet m.a. er bading, kan det innanfor nærmere oppmerkte grenser setjast forbod mot båtar, seglbrett og liknande. (Fartsavgrensingar for båtar der det vert bada; jf. hamnelova og forskrift etter sjøfartslova.)
- I kastevågar og i område for tradisjonelt småfiske kan det setjast forbod mot bryggjer, fortøyingsinnretningar, dumping og opplagsplass for båtar. Arealdisponeringa på land vil her vere avgjerande og må trekkjast inn i samla vurdering.

2) *Spesielle friområde i sjø med "anlegg for lek, idrett og sport" som roing, segling, brettsegling, vasski, symjing m.m.*

- Områda for eksklusiv bruk kan spesifiserast, t.d. i område for vasski, for seglbrett, konkurranseområde for symjing og for båtsport.
- Innanfor nærmere oppmerkte grenser kan det setjast forbod mot båtar, seglbrett og vasski. Det kan setjast fartsavgrensingar for båtar der det skal badast, jf. hamnelova og forskrift etter sjøfartslova.

3) *Hamneområde og område for båtar i opplag*

- I område regulert for båtar i opplag kan det gjevast reguleringsføresegner om kvar båtane skal liggje og om ferdsle til land. (Forureiningslova gjeld, og det kan setjast forbod mot utslepp m.m. etter nemnde lov.)
- I område for større hamner vil regulering av anlegg m.m. gå inn under byggjeområde og kommunikasjonsanlegg med reguleringsføresegner.
- Farleier og sideleier må markerast, eventuelt med føresegner om plassering av fiske- og fortøyingsinnretningar, forbod mot dumping av gjenstandar og anna forureinande verksemnd.
- Ferdsleregulering (med opplysning om fartsavgrensing etter hamnelova) for ulike typer båttrafikk. Det kan gjevast føresegner om endra seglingstilhøve i tilknyting til veganlegg med bru.
- Det kan gjevast føresegner om endra seglingstilhøve, eventuelt ny seglingslei i tilknyting til hamnearanlegg.
- Område for småbåthamner skal leggjast ut som spesialområde med nødvendige føresegner.
- Føresegner som varetak innseglingstilhøve kan gjevast.
- Føresegner om farleier i høve til anna utbygging kan gjevast.
- Til marinaer innanfor eit regulert hamneområde eller i eigen plan kan det knytast føresegner om plassering av tiltak, storleik, utforming m.m. og om kommunikasjon til sjø og til land.



4) Område for oppdrett, jf. § 25 nr. 6

- For anlegget kan det gjevast reguleringsføresegner om utforming, storleik, plassering og avstand til strand m.m., t.d. om kaianlegg, lagerbygningar o.l. som må vere ferdige innanfor planområdet før anlegget kan takast i bruk, storleik, form og utforming av anlegga og ruter for transport mellom anlegga og til land.
- Ved fleire lokaliseringar av oppdrettsanlegg innanfor planområdet kan det fastsetjast i kva rekjkjefølgje anlegga kan takast i bruk. Det kan setjast forbod mot dumping av gjenstandar, utfylling i sjø, uttak av grus, plassering av fortøyingsinnretningar, oppankring av båtar m.m.
- Det kan setjast vilkår om transportleier innanfor reguleringsområde som omfattar fleire lokaliseringar.
- For friluftsområde i sjø, áleine eller i kombinasjon med fiske og allmenn ferdslé, kan det fastsetjast fartsgrensingar etter reglane i hamnelova.

5) Område for fiske

- I område som vert lagt ut til allmenn fleirbruk som fiske-, ferdslé-, frilufts- og naturområde anten kvar for seg eller saman, vil tiltak som kan vanskeleggjere slik bruk ikkje kunne gjennomførast, t.d. oppankring av husbåtar og liknande innretningar.
- I fiskeområde, t.d. for kaste- og låssetjings-plassar, vil arealbruken i tilgrensande område på land vere viktig. Føresegns t.d. om byggje-forbod mot hytter kan vere aktuelt.
- I viktige oppvekstområde for fisk etter nr. 6, t.d. grunne bukter, kan det fastsetjast føresegner som hindrar inngrep i form av mudring og anlegg. Slike område er ofte verdifulle for vern om biologisk mangfold, og kombinasjon med naturvernområde etter nr. 6 kan vere aktuelt.

6) Område for kulturminne

- Moderne navigasjon inneber at tráling vert utført svært nøyaktig. Dette kan medføre nedslamming av kulturminne (vrak) fordi trálinga skjer mykje nærmere kulturminna enn før. Ved eventuelt vern av slike minne gjennom regulert vernesone etter nr. 6 kan det setjast forbod mot tráling, dumping av masse og gjenstandar m.m.

• Spesielt om vassdrag

Føresegnsene i lova gjeld tilsvarende for vassdrag og vassdragsbeltet. Mange av døma og situasjonane ovanfor kan vere aktuelle i vassdrag. Det følgjer av plan- og bygningslova § 1 at planen kan omfatte både vassflata, vassjiktet og botnen.

I vassdragsnære område kan følgjande varetakast:

- Forbod mot nærmere fastsette inngrep som minskar verdien av landskapsbiletet, naturvern, leveområde for vilt og fisk, kulturminne og kulturmiljø.
- Tilrettelegging og utvikling av vassdrag og vassdragsnære areal for friluftsbruk.
- Sikring av førekomstar i nedbørsfeltet til vassdraget av omsyn til vassdraget.
- Sikring mot nedbygging av vassdragsnære areal og sikring av verdien til områda. Reguleringsplan kan også nyttast for å sikre kantvegetasjonen mot uønskte inngrep. Område må då leggjast ut til friluftsområde eller landskapsvern. Det kan i visse tilfelle også gjevast føresegner om kva for tiltak innanfor landbruksdrift som likevel skal tillatast.

Rikspolitiske retningsliner (RPR) for verna vassdrag, jf. T-1078, gjev retningsliner for forvaltinga av vassdragsbeltet langs verna vassdrag, m.a. med omtale av bruk av planinstitutta.



- **Område med bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevarast**

Kommunen kan vareta lokale verneønske og legje opp sin eigen vernepolitikk ved å regulere til spesialområde - vern. Føremålet vert brukt når det primære målet er vern av eksisterande bygningar, anlegg eller andre kulturminne og kulturmiljø. Slik regulering må ha utgangspunkt i at kulturminna eller -miljøet har historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi.

Mens freding etter kulturminnelova i første rekke vert brukt for å sikre kulturminne eller -miljø som er av nasjonal verdi, kan regulering til spesialområde også brukast for å sikre objekt og område som er verdifulle i eit lokalt og regionalt perspektiv.

Spesialområde bevaring er det tilrådde reguleringsføremålet for kulturminne eller -miljø som er freda etter kulturminnelova. Det kan også vere aktuelt å bruke føremålet til å sikre omgjevnadene rundt freda objekt.

Føremålet kan brukast for å verne t.d. enkeltbygningar og bygningsmiljø, gardsanlegg, gaterom og plassar, veganelegg, kulturminne under markoverflata, gravrøyser, steingjerde og kulturlandskap. Spesialområde bevaring kan også nyttast for kulturminne i sjø og vassdrag.

Føremålet kan også bør kombinerast med andre føremål, t.d. bustad, kontor, forretning, offentlege føremål, landbruk m.m.


I motsetnad til freding etter kulturminnelova vil regulering til bevaring ikkje omfatte interiøret i bygningar, og inneber ikkje noka vedlikehaldsplikt ut over det som følgjer av dei generelle føresegnene i plan- og bygningslova.

Gjennom reguleringsføresegnene bør det fastsettast kva som skal bevarast, kva som kan gjerast av endringar innan området og på kva vilkår. Til eksempels kan det stillast krav om tilpassing av eventuell nybygging eller utforming av bygg som

skal førast opp att etter brann. Dersom ikkje anna er fastsett, gjeld eit generelt endrings-, rivings- og nybyggingsforbod innanfor området. Det vert føresett at ein er nøyne med å velje ut kva som skal bevarast, og at ein har fagleg grunngjeving for dette. Reguleringsplanen bør difor utformast i samråd med aktuell faginstans.



Figur 3.6. Eksempel som viser regulering til spesialområde bevaring med rekjkjefølgjeføresegner og med høve til nybygging



Føresegner til område med bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevarast

Det kan gjevast føresegner som set krav til materialar, fargeval, stiluttrykk, utbetring, rivingsforbod og krav om sakshandsaming (t.d. uttale frå kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen). For verneverdige bygningar bør den vidare bruken

fastsetjast. I dei fleste tilfelle bør eksisterande bruk vidareførast.

Når det gjeld arkeologiske kulturminne, kan det gjevast føresegner som regulerer m.a. skjerming, sikring og fysiske inngrep.

Sjå elles plandøma nedanfor, fig. 3.20.



- **Område for reindrift**

Skilnaden samanlikna med tilsvarende kategori under landbruk etter § 25 nr. 2, er at reindrift som spesialområde kan nyttast for areal som er av spesiell verdi for reindrifta, og der det på avgrensa område skal førast opp bygningar og gjennomførast anleggstiltak særskilt for reindrifta, t.d. oppsamlingsplassar med innhegningar og evt. bygningar, slakteri m.m. Også område der det skal setjast opp reingjerde kan regulerast som spesialområde - reindrift. Annan arealbruk og anna utbygging, m.a. landbruk, vil då ikkje vere tillate, jf. ovanfor om føremålet.

- **Friluftsområde som ikkje går inn under nr. 4**

Reguleringsføremålet friluftsområde etter § 25 nr. 6 er tenkt nytta for store, samanhengande område utanfor tettstader som er brukte eller skal brukast av allmenta til friluftsliv, og der friluftsinteressene er eller vil vere meir tungtvegende enn til eksempels landbruks- og skogbruksinteressene. Slike område vil som regel kunne nyttast som vanleg til landbruksføremål av grunn-eigaren, og kommunen vil normalt ikkje utføre opparbeiding m.m. etter føresegne i plan- og bygningslova ut over opparbeiding og vedlikehald av stigar og skiløyper med enkel standard.

Føresegner til føremålet friluftsområde som ikkje går inn under nr. 4

Det kan gjevast føresegner om at det ikkje er lovleg å drive verksemnd eller føre opp bygg eller anlegg som er til hinder for bruken av området som friluftsområde. Sjølv om landbruk framleis skal kunne drivast, kan det gjevast føresegner om drifta, jf. § 32 nr. 1 første ledd 2. punktum når eventuelt erstatning for slik regulering kan bli aktuelt.

Det kan gjevast føresegner om skogsdrift, m.a. om hogsfelt, transportopplegg, tidspunkt for skogsdrift og transport, område eller felt som ikkje bør hoggst eller forvaltast på visse måtar.

Vidare kan det fastsetjast at plassering av campingvogner eller liknande ikkje skal vere tillate.

- **Naturvernombåde**

Kommunen kan i reguleringsplan leggje ut område til naturvern føremål. Desse områda er meinte å vere område som har særleg verdi i lokal samanheng, i motsetnad til område av nasjonal eller regional verdi som vert verna etter naturvernlova. Slikt lokalt vern kan særleg vere aktuelt i samband med lokale område for landskapsvern, vegetasjonsvern (t.d. i vassdragsnære område), vern av spesielle geologiske førekommstar eller vern av andre naturelement.

Område som vert omfatta av reguleringsplan etter plan- og bygningslova, kan ikkje vernast som landskapsvernombåde etter naturvernlova, jf. naturvernlova § 7. Det er lagt til grunn at ein ved reguleringsplan etter plan- og bygningslova kan oppheve eit eldre vern som landskapsvernombåde for det området som vert omfatta av reguleringsplanen. I tilfelle landskapsvernombåde bør stå ved lag, kan det reisast motsegn, og det blir i så fall Miljøverndepartementet som avgjer saka i stadfestingsprosessen.

Det er viktig å spesifisere omfanget av vern i føresegne til planen. Etter plan- og bygningslova § 32 og naturvernlova § 20, 20 b) og 20 c) er det berre vern til naturreservat og naturminne som medfører grunnlag for vederlag ut over vanlege rettsgrunnsetningar. (Sjå Gaulosendommen og Småsetrandommen.)

I regulert naturvernombåde er det ikkje i same grad som ved vern etter naturvernlova krav om "...egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap" (nl § 5), at området "har urørt eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og ... har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning" (nl § 8) eller består av førekommstar "som har vitenskapelig eller historisk interesse, eller som er særpregede" (§ 11). I eit regulert naturvernombåde må det likevel konkretiserast nærare kva for verneføremål det er aktuelt for kommunen å fremje i reguleringsplanen.

I eit regulert naturvernombåde vil i utgangspunktet oppføring av bygningar og plassering av



varige, mellombels eller transportable konstruksjonar eller anlegg vere forbode, jf. § 31 nr. 1.

Eksempel her er for det første

- all oppføring av bygningar (inkl. driftsbygningar i landbruket etter § 81 og bygningar m.m. etter § 86 a og b), og i tillegg utviding, fasadeendring, bruksendring, utviding og vesentleg endring av føremål,
- plassering av varige, mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg, framføring av luftleidningar, jordkablars, kloakkledningar, plassering av campingvogner, båtopplag o.l.,
- deling av eide dom til dei nemnde føremåla.

Vidare kan det ikkje setjast i verk

- vesentlege naturinngrep og opparbeiding av vegar og parkeringsplassar (jf. § 93 første ledd bokstav j). Ein må gå ut frå at dette òg gjeld omlegging og reparasjonar, men her bør reguleringsføresegner brukast for å klargjere dette.

I planområdet kan det heller ikkje setjast i verk tiltak som vil gjere gjennomføringa av planen vesentleg vanskelegare.

Eksempel på slike tiltak kan vere

- tilplanting av innmark,
- tilplanting med nye arter, t.d. i eit kulturlandskap som det er ønskjeleg å verne,
- plukking av blomar og hogging av buskar,
- hogst av kantsoner mot vassdrag og ferdslivegar, t.d. for å ta vare på landskapskarakteren der dette er føremålet med vernet.

Kva som kan karakteriserast som vesentlege inngrep i eit naturvernområde eller eit tiltak som vil vanskeleggjere gjennomføringa av planføremålet, må vurderast konkret. Gjennom bruk av reguleringsføresegner etter § 26 kan dette t.d. klargjerast i føresegner om forbod mot

- gjødsling av slåttemark for ikkje å endre vekstvilkåra for sjeldne arter,
- utforming av hogstflater,
- uttak av lausmassar m.m.,
- skade på og øydelegging av hiområde og reirplassar,

- planering og lagring av masse,
- drenering og anna form for tørrlegging,
- avfallsdeponering,
- gjødsling,
- bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Gjennom reguleringsføresegner kan det òg setjast "vilkår for bruken av området" ... "for å fremme eller sikre formalet med reguleringen", t.d. at området ikkje skal brukast til visse typar ferdsla, t.d. orienteringsløyper, scooterløyper, landingsplassar for fly, brettsegling, modellflyplass o.l. § 26 gjev ingen heimel til å regulere ferdsla generelt, men der det har samanheng med føremålet, er det høve til regulering, t.d. på visse tider av året. Kravet er likevel at dette må vere nødvendig for å sikre gjennomføringa av planen.

Ein del typar verksemrd i vanlege naturvernområde er det ikkje heimel for å regulere med bindande verknad, t.d. vern av dyre- og fugleliv ved forbod mot jakt og fangst, men det kan i tilknyting til planen gjevast informasjon om anna regelverk som kan komme inn, t.d. viltlova og naturvernlova §§ 13 og 14.

Det kan heller ikkje gjevast reguleringsføresegner som forpliktar eigar/brukar til eit bestemt stell av naturvernområde. Dette må i tilfelle ordnast gjennom avtale.

Der verneføremålet i første rekke er å ta vare på kulturlandskapet, vil som regel tradisjonelt landbruk kunne halde fram i og med at vern av landskapsbiletet og spesielle verneinteresser vil vere føremålet med reguleringa. Alt etter siktemål og restriksjonsnivå kan det bli spørsmål om å velje reguleringsføremålet landbruk, t.d. der det i liten grad er aktuelt å gje føresegner som legg restriksjonar på landbruksdrift. Ei rekke tiltak til ulempe for kulturlandskapsverdiar vil under alle omstende vere under kontroll i regulerte landbruksområde, jf. ovanfor under naturvern om bygningar m.m., vesentlege terrenginngrep og veganlegg. I eit landbruksområde vil likevel tiltak i landbruksverksemrd vere tillatne, men føresegner om vilkår av omsyn til natur og miljø som ikkje vil vanskeleggjere ei forsvarleg utnytting av området til landbruk, vil kunne fastsetjast. Jordlova, også føreseggnene i §§ 9 og 12 om deling, vil i tilfelle gjelde. Det er heller ikkje høve til oreigning av slike område, jf. § 35 nr. 5.

I og med at dei spesielle erstatningsføresegneiene som gjeld for reservat og landskapsvernområde, også vil gjelde dersom det vert lagt ut område til naturvernområde i reguleringsplan, jf. naturvernlova §§ 20, 20 b) og 20 c), jf. plan- og bygningslova § 32, vil det vere avgjerande for erstatningsplikta om restriksjonsnivået er som for reservat, naturminne og artsvern. I tilfelle må § 20 c) følgjast. Elles vil erstatningsspørsmålet bli avgjort i samsvar med vanlege rettsgrunnsetningar. For kommunen vil det vere viktig å få klarlagt dette så langt råd er gjennom planprosessen.

• Klimavernsoner

Føremålet vert brukt for å hindre at inngrep og endringar i eksisterande terrenget og vegetasjonen fører til uheldige endringar i lokalklimatiske tilhøve, til eksempels at det vert opna for kaldluftstraumar eller at eit område vert meir utsett for vind.

Figur 3.7. *Eksempel som viser klimavernsone. (Eksemplet er ikkje i samsvar med kartnorma ogrett opplysning om grad av utnytting.)*





I klimavernsoner kan til eksempels snøskjermar visast på same måten som støyskjermar. Vern av eksisterande vegetasjon og etablering av nye vegetasjonsbelte kan visast på planen.

Skogsområde kan eventuelt regulerast til klimavernsone med restriksjonar på skogsdrifta m.m.

- **Frisiktsoner ved veg**

Frisiktsoner skal visast som eige føremål og ikkje berre med avgrensingsline. Det vil ofte vere aktuelt å kombinere frisiktzone med andre føremål som landbruk, bustader, trafikk osb.

Føremålet må veljast ut frå kva bruk som vert dominerande. Avgrensingar i bruken må presiserast i føreseggnene når det vert regulert til spesialområde.

- **Restriksjonsområde rundt flyplass, anlegg for og drift av radionavigasjonshjelpemiddel utanfor flyplass**

Føremålet vert nytta for å sikre at område rundt nye eller eksisterande flyplassar ikkje vert nytta eller bygde (meir) ut slik at det medfører vanskar for drifta av flyplassen eller avviklinga av flytrafikken, for å unngå arealbrukskonfliktar p.g.a. støy og utslepp, og av tryggingsmessige grunnar. Det er fastsett eigne retningslinjer for arealbruk i flystøysoner, jf. rundskriv T-22/84.

Retningslinene føreset at det vert utarbeidd støyzonekart, og dei gjev føringar for den arealutnyttinga som kan tillatast innanfor dei einskilde flystøysonene. Retningslinene gjev også grunnlag for å vurdere nærmere kva krav som skal stillast om støytiltak, t.d. ved oppføring av bygningar til ulike føremål innanfor eit restriksjonsområde.

Planane må òg vurderast ut frå Luftforsvarsverket og forsvaret sine restriksjonsplanar for den einskilde flyplass.

Føremålet vert òg nytta for å sikre anlegg for og drift av radionavigasjonshjelpemiddel i tilknyting til flyplassen.

Føresegner for restriksjonsområde rundt flyplass, anlegg for og drift av radionavigasjonshjelpemiddel utanfor flyplass.

Føresegner som kan vere aktuelle er avgrensing av kva arealbruksføremål som kan tillatast, avgrensa høve til bygging og maksimumshøgd på eventuelle bygningar og anlegg, særskilde krav til terrengutforming og støytiltak på grunnen og eventuelt på eksisterande og nye bygningar m.m.

- **Område for golfbane**

Ved regulering av golfbaneanlegg som skal eigast og drivast privat, kan spesialområde etter § 25 nr. 6 med underføremål "golfbane" brukast. Dersom det innanfor reguleringsområdet ligg landskap som under alle omstende ikkje skal brukast til sjølve anlegget, kan føremål som friluftsområde/naturvernområde brukast.

Reguleringsføremålet byggjeområde kan òg brukast. Regulering som friområde med underføremål "golfbane" er berre aktuelt dersom området skal eigast av kommunen og vere ope for allmenta.

Føresegner til område for golfbane

Det kan t.d. gjevast føresegner om:

- At det skal utarbeidast utbyggingsplan, jf. § 28-2, for plassering og utforming av anlegga, jf. ovanfor om bruk av reguleringsføresegner om plassering av bygningar, høgd, utbyggingskarakter, avstand frå friområde, ferdssleområde og opne område, fargeval m.m.
- Vegar, stigar og parkeringsplassar.
- Ferdlesoner som sikrar retten til allmenn ferdsl i slike område.
- Utforming og bruk av ubygde areal, mellom anna om terrengplanering, vern av vegetasjon og markering av gjerde m.m.
- Skjerming av område mot omkringliggjande



offentlege areal av omsyn til tryggleiken og ved hjelp av vegetasjon, gjerde, skilting m.m.

- Tid for gjennomføring og ferdigstilling av skjermingstiltak.
- Annan arealbruk om vinteren, t.d. til friluftsområde, med markering av turvegar og løype-trasear som er tilgjengelege for allmenta.
- Tidspunkt for start og slutt på golfsesongen i høve til vinterbruken.
- At dersom golfverksemda opphører, skal planområdet gå over til landbruksområde.
- At jordlova § 12 skal gjelde.

- **Område for steinbrot, massetak og andre område for vesentlige terrengeinngrep**

Dette reguleringsføremålet vert nytta der det er aktuelt med uttak av faste eller lause mineralske eller biologiske massar (torv, skjelsand).

Føremålet samsvarer med arealbrukskategorien i § 20-4 første ledd nr. 3 "Områder for råstoffutvinning". Vidare er det no lagt til at "områder for vesentlige terrengeinngrep" er eige reguleringsføremål. Dette kan gå inn som delføremål/kombinert føremål innanfor område som er regulerte til utbyggings- eller anleggsføremål av ulike slag der det skal gjennomførast større terrengeendringer. Område for vesentlige terrengeinngrep kan også nyttast t.d. i kombinasjon med landbruksføremål der det er aktuelt med større terrengeendringer/bakkeplanering, eventuelt i kombinasjon med mellombels masseuttak der dette er eit aktuelt ledd i bakkeplaneringa.

Reguleringsområdet når det gjeld område for massetak kan t.d. omfatte følgjande delområde:

- Område for massetak/steinbrot
- Område for lagring/transport av massar
- Område for industri basert på uttekne massar
- Randsone mot område som er vare for støy
- Randsone mot annan arealbruk.

Eit viktig føremål med reguleringsa av slike område vil vere å sikre ein akseptabel etterbruk og

oppnå effektiv tilbakeføring eller tilrettelegging for annan bruk.

Føresegner til område for steinbrot, massetak og andre område for vesentlig terrengeinngrep

Det kan gjevast føresegner om:

- Geografisk avgrensing av uttaksområdet i vertikal- og horizontalplanet og etter rammer fastlagde i t.d. driftsplan i målestokk, med opplysning om rekjkjefølgje for gjennomføring av uttaket i tid og utstrekning innanfor planområdet.
- Bergvesenet skal normalt godkjenne driftsplanar.
- At industri basert på produkt frå uttaket må opphøyre samstundes med tiltaket.
- At området, når driftstida er ute og området er rehabiliteret og istrandsett, går over til t.d. landbruksområde/byggjeområde.
- Uttaksdjupn og uttaksvolum med skråningsvinklar og utforming av uttaksområdet med uttaksretning.
- At området må få ei trygg terrengmessig utforming i høve til natur og miljø, og at uttaksområdet med brotkantar, driftsvegar og bygningar, lagring m.m. må tilpassast omgjevnadene, jf. § 68, § 74 nr. 2 og § 89.
- At areala etterkvar som etappane i uttaksverksemda vert gjennomførte, skal utformast, avsluttast og tilplantast etter ein nærmere fastlagd plan på ein måte som oppfyller føresetnader om tilbakeføring eller etterbruk.
- At det på reguleringskartet bør teiknast inn "soner" for rehabilitering og istrandsetjing som bør vere forankra i føresegnehene. Dette inneber t.d. at uttak i sone 2 ikkje kan ta til før det avslutta uttaket i sone 1 er rehabiliter og istrandsett. Dette vil m.a. kunne lette handhevinga og kontrollen med verksemda innanfor planområdet. (Denne metoden kan brukast for reguleringsa av fyllplassar, m.a. søppelfyllingar.)



- At støy, støv og anna utslepp frå uttaket og verksemda i samband med uttaket ikkje må vere til ulempe for grunnvassførekostar og tilliggjande område som er vare for støy og støv, og til kvar tid må liggje innanfor dei retningsliner som er fastsette av Miljøvern-departementet (Statens forureiningstilsyn).
- Anlegg for råstoffutvinning skal normalt ha utsleppsløyve frå SFT eller fylkesmannen.
- Krav om skjerming og sikring av omgjevnadene mot utslepp, støy og støv, t.d. krav om gjerde, skjermar og randsoner.
- Kva tiltak som må setjast i verk når uttaksverksemda er slutt, og korleis området skal tilbakeførast til andre føremål med tilplanting, tilførsle av masse m.m. ut frå den arealbruk som er føresett etter avslutta uttak.
- Vilkår for bruk av uttaksområdet, t.d. føresegner om vegdimensjonering og trafikktilhøve, drift innanfor visse tidsrom og andre bøtande tiltak innanfor tiltaksområdet.
- At sprengings-, grave- og fyllingsarbeid må vere fastlagde på førehand og nødvendige tiltak sette i verk for å sikre mot skade på person, eigedom og trafikk, jf. § 100.
- At uttaksområdet skal vere sikra slik at det er utilgjengeleg for allmenta, t.d. med gjerde og skilt.
- Kva for bygningar og anlegg som elles skal til-latast i området, storleik, plassering, utforming og avskjerming m.m. av desse, evt. krav om utbyggingsplan.

- **Anlegg for telekommunikasjon
(Anlegg for Televerket)**

Luftstrekk, master og tilhøyrande hytter vert rekna for å høyre inn under kategorien Spesialområde anlegg for Televerket (telekommunikasjon).

Dersom tiltaket skal iverksetjast i ein bygningsmessig samanheng, t.d. på vegg eller tak, kan

kombinasjonsnemninga Spesialområde - telekom-munikasjon / byggjeområde brukast.

Det kan gjevast føresegner til reguleringsføremålet, til eksempels om største høgd på mastene, om utforming, farge og materialbruk, om bygningsmessige tiltak ut over sjølve antennemasta. Det er òg høve til å styre anleggsarbeida ved å krevje særskild trasé for anleggsveg og eventuelt fjerning av denne, eller krevje helikoptertransport der dette trengst.

Ved handsaming av søknader innan denne kategorien bør det takast kontakt med konkurrerande operatørar med sikte på å montere fleire antenner på same mast.

Eiga rettleiing for behandling av Telemobil-master er under utarbeiding.

- **Øvingsområde med tilhøyrande anlegg for forsvaret og sivilforsvaret**

Denne kategorien er aktuell for område som skal disponerast av forsvaret og sivilforsvaret til øvingsområde med tilhøyrande anlegg av ulike slag. Slike område vil i utgangspunktet vere offentleg føremål, men kan framleis vere i privat eige. Forsvaret eller sivilforsvaret sin ráderett må då fastleggjast i avtalar, eller det må oreignast nødvendige bruksrettar og ráderettsinnskrenkingar. Føremålet omfattar eksempelvis øvings- og skytefelt og andre militære aktivitetar og funksjo-nar, mellom anna område, bygningar og anlegg for undervisning og opplæring. Innanfor områda som vert regulerte til slikt føremål, vil det også kunne inngått bygningar og anlegg som det måtte vere behov for til utøving av verksemda. Byggetiltak m.m. som vert klassifiserte som hemmelege militæreranlegg, vert i det vesentlege kontrollerte av forsvaret, jf. plan- og bygningslova § 86.

Føresegner til øvingsområde med tilhøyrande anlegg for forsvaret og sivilforsvaret

Føresegne og detaljeringa av planen må utførmas i lys av forsvaret sitt behov for fortruleg handtering av militære anlegg og installasjonar m.m



Det kan til eksempels gjevast føresegner om:

- Kva for arealbruksfunksjonar og forsvarsaktivitetar som kan utøvast i området.
- Kva for bygningar og anlegg som kan førast opp.
- Føresegner som er aktuelle i byggjeområde, anleggsområde m.m.

- **Andre typar spesialtiltak/område som ikkje går fram av opprekninga**

Også område for andre spesielle tiltak og anlegg kan leggjast ut som spesialområde med nærmere opplysning om bruken.

Spesialområde - snøscooterløype kan nyttast for å fastlegge løyper for snøscooterkøring der denne skal kanaliserast til visse trasear. Løyve til motorferdsle i utmark må likevel handsamast og tildelast etter motorferdslelova.

Område der det er forureiningar i grunnen etter tiltak, eller der det ikkje er aktuelt å setje i verk tiltak, kan regulerast til spesialområde. Alternativt kan området t.d. regulerast til industri med eigne føresegner om graving/omdisponering av tomta, jf. kap. 3.3.3.

3.8.3 Konsekvensutgreiingar

Tiltak som går fram av vedlegg II til forskrift om konsekvensutgreiingar, skal konsekvensutgreiaast av tiltakshavar dersom tiltaket

- er føreslege lokalisert innanfor eller kjem i direkte konflikt med område for vern av kulturminne eller naturvernområde som er avsette i reguleringsplan. Det same gjeld for slike område der planarbeidet er kunngjort etter § 27-1 nr. 1, jf. forskrifta § 4 nr. 1 a),
- er føreslege lokalisert i friluftsområde, jf. forskrifta § 4 nr. 3 a).

3.9. Fellesområde

§ 25 Reguleringsbestemmelser - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

7. Fellesområder:

Felles avkjørsel og felles områder for parkering, felles lekeareal for barn, gårdslass og annet fellesareal for flere eiendommer."

3.9.1. Kva føremålet omfattar

Det er ofte aktuelt å setje av areal til fellesområde/felles anlegg for fleire eigedomar der slike areal skal dekkje behovet for felles parkeringslass/parkeringsanlegg, avkjørsle, leikeplass/uteareal og liknande funksjonar for heile utbygginga.

Fellesareal vil som regel liggje i eit "lukka system", ha avgrensa utstrekning og vere eksklusivt eigde av og til bruk for dei eigande eigedomane. Allmenta vil såleis ikkje ha tilgjenge eller rett til å bruke regulerte fellesområde.

Fellesområdet vert i regelen utskilt som eige gnr./bnr., og skal vere varig knytt til dei eigedomane som areala skal vere felles for. Dette vert gjerne ordna med gjensidig tinglyste erklæringar slik at det til kvart gnr./bnr. vert knytt ein varig sameigedel i fellesarealet. Planen må alltid opplyse og fastsetje kva for eigedomar som skal vere deltarar i fellesarealet.

Felles avkjørsle omfattar både den tekniske avkjørsla og tilhøyrande veg.

For at det skal vere aktuelt å nytte føremålet fellesareal, må det difor vere to eller fleire eigedomar som skal dekkje sine behov for fellesareal/-anlegg.

Ved feltutbyggingar kan i det praksis oppstå spørsmål om det kan regulerast fellesareal der frådelinga av dei einskilde tomtene først skal gjennomførast etter at bygningane er oppførte.



Dette medfører at byggjeområdet vert vist som ein eidegom / eitt gnr./bnr. i planen saman med eitt eller fleire fellesområde, slik at desse alt vert fastlagde saman med byggjeområdet. Dette må kunne løysast praktisk ved at det i føreseggn til planen vert sagt at vist(e) fellesområde skal knytast til eksisterande gnr./bnr. og framtidige parsellar av dette. Ei slik løysing kan også sjåast i tilknyting til § 25 andre ledd om rekkjefølgje, slik at fellesområdereguleringa vert aktuell når byggjetomta vert delt i fleire einingar.

Den som skaffar og opparbeider slike areal, kan krevje refusjon hos eigarane av dei tomtene som skal vere deltakarar i fellesarealet på dei vilkår som er fastsette i lova, kap. IX Refusjon for utgifter til veg, vann og avløp m.v.

3.9.2. Føresegner til fellesområde

Til denne kategorien kan det gjevast føresegner om

- Kva funksjon fellesområdet/-anlegget skal ha (avkjørsle, leik osb.).
- Kva for eidegomar som skal vere deltakarar i / sameigarar i fellesarealet.
- Eventuell opparbeiding eventuelt kva byggje- og anleggstiltak som er tillatne eller føresette m.m.
- At fellesområda skal vere oppretta og sikra før det vert gjeve byggjeløyve, og at dei skal vere opparbeidde samtidig før det utbygde området vert teke i bruk.
- Andre føresegner i byggjeområde etter vurdering av behov.

Det er ikkje rettsleg høve til å fastsetje at privatgedom, t.d. eit felles areal, skal vere offentleg tilgjengeleg.

Det inneber at føremålet friområde eller trafikkområde offentleg gangveg må brukast når området skal gje tilgjenge for allmenta, t.d. til strand, eller vere del av turvegdrag.

3.10. Fornyingsområde

§ 25 Reguleringsformål - utdrag

"I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

8. Fornyelsesområder:

Områder med tettbebyggelse som skal totalfornyes eller utbedres."

3.10.1. Kva føremålet omfattar

Regulering til fornying inneber at eldre bygningar med utemiljø skal rehabiliterast eller erstattast med nytt. Det vanlegaste er regulering til fornying i bustadstrok, men strok med kontor-, industri- og forretningsbygg kan også regulerast til fornying. Fornyingsområde for totalfornying eller utbetring kan berre innregulerast i tettbygd strok.

Regulering til fornying kan også vere ei aktuell reguleringsform der det frå styresmaktene si side er aktuelt med ei meir aktiv haldning og rolle når det gjeld småhusområde og utforming av tettstad- og byområde. Område kan regulerast utan at det er teke stilling til kva forningsform som skal veljast for dei ulike eideomane innanfor området. For å sikre at dei involverte partane får høve til å medverke i planprosessen, er det likevel gunstig om planen klargjer forningsforma.

Ved regulering av forningsområde skal det tilnærma råderettsinnskrenkingar for dei eiskeideomane som saka vedgår. Fornyingsføremålet kan brukast áleine, men regulering til fornying let seg også kombinere med andre reguleringarsføremål som er aktuelle innanfor tettbygd strok, jf. plan- og bygningslova § 25 andre ledd. Dette vil vere aktuelt dersom ein i samband med reguleringa også ønsker å fastleggje arealbruken for å endre utnyttinga som går fram av gjeldande regulering.

Dersom forningsområdet tidlegare er regulert og forningsplanen ikkje føreset endringar i gjeldande regulering, vil den gamle reguleringsplanen inngå i den nye. Reint teknisk bør denne



då framstillast som ein ny reguleringsplan med føremålsfarge og skravur. Eventuelle gamle planar fell dermed bort. Fornyingsområde kan avgrensast til å omfatte ein einskild eigedom.

I plan- og bygningslova § 31 nr. 4 er det teke inn ei særforesegn om at grunneigarane ikkje sjølve med heimel i planen kan gjennomføre ei fornying som er uønskt frå kommunen si side.

3.10.2. Føresegner til fornyingsområde

Utanom de føresegner som er vanlege for vedkomande type byggjeområde, kan det t.d. fastsetjast føresegner om:

- Kva for bygningar som skal fornyast, heilt eller delvis (fornyingsform).
- Kva for bygningar som skal rivast.
- I kva mon det skal førast opp nye bygningar.
- Andre føresegner i byggjeområde og eventuelle andre kategoriar etter vurdering av behov.

3.11. Kombinasjon av føremål innanfor same område eller i same bygning

§ 25. Reguleringsformål - andre ledd

"Det kan fastsettes flere reguleringsformål innenfor samme område eller i samme bygning. Reguleringsformålene friluftsområde og naturvernområde kan imidlertid ikke kombineres med reguleringsformålet landbruksområde. Det kan også fastsettes at område eller bygning etter nærmere angitt tid eller når nærmere angitte vilkår er oppfylt, skal gå over fra ett reguleringsformål til et annet."

Høve til kombinasjon eller fleir bruk følgjer av § 25 andre ledd. Både hovudføremål og underføremål kan kombinerast. Kombinasjon kan brukast både i same bygning og/eller for same areal. Kombinasjonen kan innebere fleire løysingar, enten slik at delar av bygningen vert reservert for ein arealbruk og resten til andre/anna føre-

mål. Føremålet kan òg gjevast opp meir generelt som ein heilt open kombinasjon. Dette inneber at bygningen/arealet er lagt ut alternative føremål. Eigar kan då velje kva funksjonar som skal vere innanfor den tillatne opprekninga.

Kombinasjonen kan òg fastleggjast nærare med fordelingsbrøk/prosent. Vidare kan kombinasjonen også gjelde i tid slik at eit areal eller ein bygning har ein viss bruk i delar av året og ein annan bruk resten av året, t.d. vintersport/skistadion om vinteren og parkeringsplass/utfartsparkering om sommaren.

Det er kombinasjonsforbod mellom landbruk og natur-/friluftsføremål i lova. Landbruk kan kombinerast med andre føremål så lenge landbruk ikkje er i strid med desse føremåla når verksemda/bruken vert utøvd. Elles må kombinasjon/fleirbruk/alternativ bruk vere slik at det er klart kven som er ansvarleg for plangjennomføringa, og at føremåla som er brukte, reelt kan fungere saman på forsvarleg måte av omsyn til seinare brukarar og forsvarlege og gjennomførlege planløysingar.


3.11.1. Føresegn om rekjkjefølgje ved skifte frå eitt føremål til eit anna i bygning eller for eit område

Ei anna form for kombinasjon av føremål som lova tilviser, er regulering av fleire føremål i rekjkjefølgje. Dette kan t.d. gjerast slik at eit område først vert regulert til anleggsområde eller område for råstoffutvinning og deretter til industriføremål når anleggsperioden eller råstoffutvinninga er slutt. Eit anna praktisk eksempel kan vere at eit forureina areal først vert regulert til fareområde eller spesialområde - deponi, og deretter skifter til eit byggjeføremål når forureininga er fjerna.


Likeins kan t.d. bygningar regulerast til ein type mellombels bruk, med skifte til anna føremål når behovet skifter. Eit praktisk eksempel her kan vere at bygningar vert tillatne til t.d. mellombels hotell, og deretter skifter til buføremål når behovet for mellombels gjesteinkvartering er borte. Skiftet av føremål kan såleis knytast til eit fastsett tidspunkt, til at visse vilkår er oppfylte eller til at behovet for ein bruk er opphørt og at føremålet då automatisk skifter.




Figur 3.8. Eksempel som viser frisiktsoner ved veg




Figur 3.9. Eksempel som viser regulering i fleire plan



Regulering på bakken



Regulering under lokk



Snitt




3.12. Eksempel på regulerings- og utbyggingsplanar med tilhøyrande føresegner

Nedanfor følgjer ein del eksempel på regulerings- og utbyggingsplanar med tilhøyrande føresegner som styrer og set rammer for utviklinga både i nokre enkle og nokre meir samansette plansituasjonar.

Dei tilhøyrande føresegnene er eit utval av føresegner som kan gjevast om det einskilde temaet. Føresegnene er ikkje nødvendigvis fullstendige i høve til dei planeksempla dei utdjupar. Det følgjer ikkje føresegner med alle illustrasjonane. Det er heller ikkje i alle tilfelle full samanheng mellom planeksempel og tilhøyrande føresegner.



Figur 3.10. Detaljert reguleringsplan med tilhøyrande føresegner som viser nye bustadområde og avgrensa fortetting av eksisterande bustadområde. Eksemplet viser øg regulering til landbruk, spesialområde bevaring, fareområde, friområde og fellesområde.





Reguleringsføresegner til figur 3.10. - Nytt bustadområde inntil landbrukseigedom med bevaringsverdige gardsbygningar og verneverdig landskap.

Føremålet med reguleringsplanen og dei tilhøyrande reguleringsføreseggnene er:

1. Å gje grunnlag for ei utbygging som tek omsyn til landskapsverdien og dei særegne miljøkvalitetane i området.
2. Å sikre at det verdifulle eldre gardstunet og kulturlandskapet innanfor planområdet vert verna.

Føresegner i tilknyting til reguleringsplan for ...område...

(sjå kap. 6 side 111 om redigering av reguleringsføresegner.)

§ 1 Generelt

Området skal regulerast til

.....

.....

§ 2 Felles føresegner

1 Plankrav:

1.1 Utbyggingsplan

I felt B1 kan ingen tomter frådelast eller byggjast ut før det ligg føre godkjend utbyggingsplan forfeltet og fellesareal FA3.

Planen skal vise:

- plassering av utbygginga, også høgdeplasering målsett ved inngangspartiet
- høgd og møneretning på bygningane
- avgrensing av tomter og fellesareal
- leikeareal, parkeringsløsing og anna disponering av ubygde delar av private areal og fellesareal, også terrenghandling og forstøttingsmurar med oppgjeven høgd der terrenget tilhøva krev slike tiltak, eksisterande tre som skal vernast
- område der tekniske anlegg og andre terrenghinngrep får konsekvensar for vegetasjonen
- støyskjerming (der reguleringsplanen krev det)

Som vedlegg til utbyggingsplanen skal det sendast inn plan i målestokk 1:500 for fellesareala. Denne skal vise terrenghandling, skjeringar og fyllingar og gjere greie for handsamingsmåten.

Av vedlegg til planen skal eventuelle etappar i opparbeidinga av fellesareala gå fram. Som vedlegg til planen skal det vidare liggje føre retningsliner for formgjeving, materialbruk eller andre prinsipp som skal følgjast for å oppnå innbyrdes harmonisering mellom ulike delar av utbygginga og mellom bygningars og landskap.

1.2 Tomtetildelingsplan

Før utbygging i områda B5-B8 kan setjast i gang, skal det liggje føre ein samla tomteinndelingsplan for det aktuelle området godkjend av det faste utvalet for plansaker.

1.3 Byggjesøknad

Saman med byggjesøknad skal det leggjast fram plan for ubygde del av tomta (utandørsplan) i målestokk 1:500.

2 Rammer for utbygging

Utbygginga av planområdet skal følgje den etappeinndelinga som er vist på reguleringsplanen.

Ny utbygging i området skal tilpassast stroket elles m.o.t. takform, materialbruk og farge. Utvendige fargar skal godkjennast av plan- og bygningsstyresmaktene.

Bygningane skal ha saltak med vinkel mellom 22 og 35 grader. Som hovudregel og spesielt for bygningars med eksponert plassering skal møneretninga følgje terrenget.

3 Fellesareal

Minst 1/5 av bustadområde med høg utnytting (BYA=18%) skal setjast av til areal for leik og opphold. Kvart fellesareal skal vere minst 100 m². Areala skal vere eigna for føremålet. Fellesarealet er avsett til følgjande parsellar.....

Dei regulerte fellesareala til leik, parkering og gangvegar skal vere ferdig opparbeidde når det utbygde området vert teke i bruk.



I område for konsentrert småhusutbygging / rekjkjehus er det ikkje tillate å setje opp gjerde innanfor det arealet som hører til den enskilde bueininga.

§ 3 Område for bustader B1

I buområde B1 er konsentrert småhusutbygging, kjedehus eller rekjkjehus tillate. Gesimshøgda må ikkje vere over m (to etasjar). Husa skal plasserast innanfor byggjegrensa.

§ 4 Område for bustader B2-B4

I bustadområda B2, B3 og B4 er open småhusutbygging tillate. Der terrenget tillet det, kan den eine etasjen vere underetasje. Bygningane skal plasserast som vist på reguleringskartet

§ 5 Landskap og vegetasjon

5.1 Byggeområda

I utbyggingsplanar og byggjesøknader innanfor felt ... skal eksisterande tre eller tregrupper som er verdifulle på grunn av storleik, omfang, plassering eller art, vere innmålte og viste på kartet.

Planframlegg skal òg vise tre som skal vernast og planlagd ny vegetasjon.

Der omsynet til landskap og/eller klimavern tilseier det, skal ny vegetasjon etablerast samtidig med utbygginga.

5.2 Spesialområde – Naturvern / SP N

I område SP N skal terren og vegetasjon vernast, og det kan ikkje setjast i verk tiltak eller etablerast anlegg som endrar arten eller karakteren av landskapet. Skjøtsel av vegetasjon og opparbeidning av terren skal skje i samråd med miljøetaten. (I området bør det berre gjennomførast tynning av skog og anna stell for å halde skogen ved like.)

5.3 Friområde F4

Friområdet skal nyttast til leik og sport. Byggverk og anlegg som fremjar bruk av området som friområde, kan oppførast etter godkjenning av det faste utvalet for plansaker. Det er tillate å leggje turveg med lysløype gjennom området.

§ 6 Parkering

I felta for frittliggjande småhus skal det opparbeidast .. biloppstillingsplassar pr. bustadeining.

I felt for konsentrert småhusutbygging (B1) skal det opparbeidast .. biloppstillingsplassar pr. bustadeining i fellesanlegg (FA3).

Garasjar og buer kan berre oppførast i første etasje med grunnflate ikkje overm² og skal vere tilpassa bustadhuset m.o.t. materialval, form og farge.

Plassering av garasjar og buer skal vere vist på situasjonsplanen som følgjer byggjesøknaden for bustadhuset, sjølv om dei ikkje skal førast opp samtidig med bustadhuset. (Det skal setjast og opparbeidast parkeringsplassar etter bygningsrådet si tilvising. Talet på parkeringsplassar skal likevel ikkje vere lågare enn gjeldande norm.)

§ 7 Trafikkområde

Gang- og sykkelveg (nr) og veg.... må vere bygd før områda B1, B2 og B3 vert tekne i bruk.

(Gang- og sykkelvegar i område skal vere ferdigbygde samtidig med veganlegget elles)

Vegskjeringar og -fyllingar skal plantast til eller setjast i stand på annan tiltalande måte.


§ 8 Fareområder

Trafokioskar må plasserast i samråd med det faste utvalet for plansaker.

Leidningar for straum, telefon og tv skal førast fram i jordkabel frå trafomast i felt B8.



Figur 3.11. Reguleringsplan med nokre eksempler på føresegner som styrer utviklinga av sentrum i ein mindre tettstad. Planen ryddar opp i vegsystemet, samlar buss- og jarnbaneterminalane og gjev rettleiing om kvar det er mogeleg å byggje.





Reguleringsføresegner til figur 3.11 - Flateplan som styrer utviklinga av del av tettstad:

Eksemplet omfattar nokre føresegner som t.d. sikrar at eit område berre vert brukt til bustadføremål, eller gjev ei meir open styring med blanda utnytting der t.d. bustader, forretningar og mindre verkstader er likestilte som reguleringsføremål.

Eit slikt blanda reguleringsføremål inneber ikkje at kvart einskilt bygg skal innehalde bustad, forretning og industri. Føresegne opnar for både bygningar med og utan blanda føremål.

Det kan og gjevast føresegner om at utbygginga skal vere samanhengande.

Med ei slik føresegn vert kravet om avstand til nabogrense og nabobygningar etter plan- og bygningslova § 70 oppheva.

Med samanhengande utbygging tenker ein særleg på karréutbygging i sentrumsområde. Slik utbygging må vere branngrygg, jf. byggjeforskriften.

Som bustad reknar ein også aldersbustader, bustader for handikappa, bukollektiv og andre spesialbustader som ikkje er offentleg institusjon eller særleg allmennyttig føremål.

Blanda bruk

I område --- skal det byggjast blokker med gesimshøgd inntil ... m (3 etasjar) og koncentrert småhusutbygging med gesimshøgd inntil ... m (2 etasjar) (rekkjehus, kjedehus, atriumhus).

I område ... skal det førast opp bustader. I området kan det i tillegg til bustader tillatast mindre verkstader, forretningar og sosiale føremål som ikkje er til sjenanse for omkringliggjande bygningar m.o.t. støy, trafikk, parkering m.m.

Forretning/bustad

I området skal det førast opp bygningar for forretningar, mindre handverksbedrifter og bustader med tilhøyrande anlegg.

Bygningane skal ha forretnings-/kontorverksemd i 1. etasje. Etasjane over kan berre nyttast til bustader.

Området skal nyttast til forretningsutbygging med tilhøyrande anlegg.

Parkering

Parkeringsplassar for forretningar og bustader skal opparbeidast som skilde anlegg.

Det skal opparbeidast x parkeringsplassar på eigen grunn per ... m² golvareal forretning (salsareal/publikumsareal)

Bustad

I område B2, B3 og B4 skal det førast opp bustader med tilhøyrande anlegg.



Figur 3.12. Reguleringsplan med tilhørende føresegner for meir samansett og krevjande by-/tettstadsituasjon med krav om nærmere detaljering/utbyggingsplan i reguleringsføreseggnene. Eksemplet viser både eksisterande og nytt, blanda føremål, bevaring og fornyingsområde.





Reguleringsføresegner til figur 3.12. - Endra reguleringsplan i sentralt byområde

Området vert regulert til:

- Byggjeområde for allmennytig føremål (skule)
- Byggjeområde for bustader og allmennytig føremål
- Byggjeområde for kontor, industri og lager
- Byggjeområde for kontor, forretningar
- Fornyingsområde
- Byggjeområde for bustader
- Fellesareal (gardsrom)
- Byggjeområde for allmennytig føremål (uteareal for barnehage)
- Offentleg trafikkområde (gågate, torg)
- Spesialområde bevaring allmennytig føremål (museum)
- Spesialområde bevaring bustad, kontor, forretning.

Maks. tillatne gesims- og byggjehøgder er viste på reguleringskartet.

§ 1

Felt A

Byggjeområde for allmennytig føremål (skule)

Nybygg kan tillatast oppført inntil bygning som skal bevarast. Gesimshøgder og grunnflate går fram av reguleringskartet. Nybygg skal tilpassast eksisterande bygg i dimensjonering, detaljering og materialbruk. Før byggjeløyve kan gjevast, skal det ligge føre fråsegn frå byantikvaren. Eksisterande bygg kan byggjast om eller moderniserast på den føresetnad at eksteriøret vert som det er eller vert ført tilbake til den opphavlege utsjånaden.

Dersom bevaringsverdig bygg på grunn av brann eller av andre årsaker må erstattast av nybygg, kan det oppførast bygg med same plassering og dimensjonering. Høgder, form og fasadeuttrykk må tilpassast det bevaringsverdig miljøet.

Felt B Spesialområde bevaring allmennytig føremål (museum)

Eksisterande varmesentral og pipa skal bevarast. Varmesentralen kan byggjast om eller moderniserast. Eksisterande fasade mot vest skal bevarast. Før det kan gjevast løyve til eksteriørendringar, skal det ligge føre fråsegn frå byantikvaren.

Felt C Spesialområde bevaring bustader, kontor og forretningar

I vestre delen avfeltet kan det førast opp nybygg med gesimshøgd (5 etasjar). Mot Lestredet skal bygg trappast ned til gesimshøgd ... (4 etasjar). Største tillatne høgder er oppgjevne på reguleringskartet. I austre delen kan det reisast tilbygg med ny fløy med gesimshøgd ... (3 etasjar).

Bygningar som skal bevarast, kan moderniserast eller omarbeidast med ei utforming tilpassa det bevaringsverdige miljøet. Før det kan gjevast løyve til oppføring av nybygg eller eksteriørforandringar, skal det ligge føre fråsegn frå byantikvaren.

Felt D Byggjeområde for bustader

Innanfor den viste grensa for utbygging kan det oppførast bygg med gesimshøgd ... (6 etasjar) som oppgjeve på reguleringskartet. Mot nord og aust skal høgda trappast ned til gesimshøgd ... (5 etasjar).

Felt E Bygningar for kontor, industri og lager

Innanfor den viste feltgrensa kan det oppførast bygg med gesimshøgd ... (8 etasjar). Tillaten høgde er vist på reguleringskartet. Mot Berggata og Falkes gate skal gesimshøgda vere inntrekt min. 4,5 m og trappe ned til gesimshøgd ... (5 etasjar). I 1. etasje kan det vere forretningar og service for stroket.

Sjá òg vedk. krav om utbyggingsplan.



Opplysning om byggjehøgder

Fornyingsområde

Felt G Byggjeområde for bustader

Innanfor grense for utbygging kan det førast opp bustadbygg med høgd som vist på reguleringskartet (7 etasjar med tilbaketrekt 8. etasje).

Bustadene skal ha felles uteareal i gardsrom. Fellesarealet skal vere minst like stort som bruksarealet for bustaden. Til utearealet kan òg medrekna balkongar og terrassar med sol- og støytihøve som gjer dei eigna for opphold.

Felt H Byggjeområde for bustader. Allmennytig føremål (barnehage) 1. etasje

Innanfor den viste feltgrensa kan det førast opp bustadbygg med høgd som vist på reguleringskartet (6 etasjar med tilbaketrekt 7. etasje). Uteareal som for felt G.

I 1. etasje skal det inngåssast barnehage for 55 barn (4 avd.). Barnehagen skal ha direkte kontakt til eige uteareal, felt L.

Felt J Byggjeområde for bustader

Dersom eksisterande bygg skal rivast, kan desse erstattast av nybygg med same høgder og dimensjonar.

Bustadene skal ha felles uteareal i gardsrom (felt K) med ein storleik på minst 25% av bruksarealet til bustaden. Til utearealet kan òg medrekna balkongar og terrassar med sol- og støytihøve som gjer dei eigna for opphold. Mot gate kan det vere forretning i 1. etasje.

Felt K Fellesareal (gårdsrom)

Området skal vere felles for bustadene i felta G, H og J.

§ 2 Parkerering

Det skal opparbeidast parkeringsanlegg på eigen grunn etter gjeldande parkeringsnorm. All parkering skal leggjast under terrenget.

Tilkomst til parkering og varelevering skal skje frå Falkes gt.

§ 3 Støy, luftforureining

Bustader, undervisningslokale, barnehagar og arbeidslokale med avgrensa bakgrunnsstøy som vert utsette for vegtrafikkstøy over dei lågaste grenseverdiane i Miljøverndepartementet sine retningslinjer etter rundskriv T-8/79, skal vernast mot støy ved hjelp av skjerming, ytterveggisolering, plassering av bygningane, planløsing o.l., slik at:

- Innandørs støynivå tilfredsstiller dei lågaste grenseverdiane i rundskriv T-8/79. Støynivå frå vegtrafikk utanfor fasadar ligg under dei lågaste grenseverdiane i retningslinene for eit fleirtal av rom for varig opphold i kvar bustad.
- Det til kvar tid kan tilvisast eit utandørs opphaltsområde der rundskrivet sitt lågaste grensenivå for bustadnære opphaltsområde er tilfredsstilt.
- For å unngå påverknad frå bilavgassar innandørs må ikkje friskluftinntak til ventilasjonsanlegg for bygningane plasserast på fasadar mot sterkt trafikkerte gater.
- For utandørs luftforureining gjeld tilrådde grenseverdiar fastsette i rapport 38 frå Statens forureiningstilsyn (1982), "Luftforurensning, virkninger på helse og miljø".
- For støy frå industri gjeld "Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v." frå Statens forureiningstilsyn, mars 1985, T-506.

Anlegg og tiltak skal vere ferdige ved innflytting.



§ 4 Utbyggingsplan

For felta E og F skal det liggje føre godkjend utbyggingsplan før byggjeløyve vert gjeve. Denne skal vise forma og dimensjonane på bygningane, tilkomst for bilar og fotgengarar, dimensjonering og opparbeiding av felles og private uterom, framlegg til materialbruk og formspråk.

§ 5 Rekkjefølgje

Barnehage i felt H skal etablerast seinast samtidig med at det første av felta G eller H vert teke i bruk.



Figur 3.13. Utbyggingsplan med tilhøyrande føresegner for del av reguleringsområdet i figur 3.12 som viser nærmere høgder og form på bygningane





Føresegner til figur 3.13 - Utbyggingsplan for del av sentralt byområde

§ 1

Utbyggingsplanen inneholder:

Byggjeområde for forretning, kontor, industri og lager.

Offentlige trafikkområder: gågate, torg, parkering.

§ 2

Største tillaten høgd på bygningane er vist på plankartet.

Innanfor byggjeområdet kan det byggjast følgjande maksimale bruksareal i m² over terreng:

Felt E: 18.850 m²

Felt F: 18.850 m²

§ 3

Gågata Fredenlund skal utformast som eit markert grøntdrag, opparbeidast parkmessig og med ein 5 m brei gangveg. Utbygginga langs Fredenslunden skal utfomast med opne vindusflater på 1. etasjeplan.

Det skal innpassast publikumsretta funksjonar i ein del av arealet på 1. etasjeplan. Gangstrøket skal stå ferdig seinast samtidig med det feltet som vert bygt ut først (sjå også § 4).

§ 4

Rekkjefølgje for utbygging av felta:


Felta E og F kan byggjast ut uavhengig av kvarandre. Den delen av parkeringsanlegget som ligg under det offentlege gangstrøket skal byggjast ut samtidig med det feltet som vert bygt ut først.

§ 5

Utbygging av krysset Berggata/Lestredet skal vere ferdig samtidig med 1. byggjetrinn av parkeringskjellaren.




Figur 3.14. Illustrasjon til utbyggingsplan Eksist. bygg Eksist. mur/fasade Nybygg




Oppriss mot Lestredet

Figur 3.15. Illustrasjon til utbyggingsplan






Figur 3.16. Utbyggingsplan for mindre bustadområde etter krav i kommuneplan. Viser eksisterende og nye bustader, felles tilkomst, fellesareal, leik/opphold/vegetasjons belte (grøntdrag og klimavern).





Figur 3.17. Reguleringsplan med tilhøyrande føresegner som viser trafikkområde for større veganlegg med lokalisering av bensinstasjoner, skjermingstiltak og anna handtering av sideareala til vegen. Viser også byggjeområde for industri med industribelte.





**Føresegner i tilknyting til figur 3.17 -
Reguleringsplan for trafikkområde
m/støyskjermingstiltak, bensinstasjon, industri-
område m.m.**

§ 1

Området vert regulert til følgjande mål:

- Offentleg trafikkområde: veg, fortau, gang-/sykkelveg, undergang, skulder, anna vegareal
- Byggjeområde for bustader
- Byggjeområde for bensinstasjon
- Byggjeområde for industri
- Friområde: turveg
- Spesialområde: vegsamband

Det skal opparbeidast støyvoll/skjerm/tilplatingsbelte som vist på plankartet. Skjermen/vollen skal ha ei høgd på .. meter over vegen. Støyskjermar skal meldast til kommunen, som skal godkjenne form og farge og sjå til at skjermen har tilfredsstillende støydempande eigenskapar (materialval).

Veganleggget kan ikkje takast i bruk før støyskjermar og støyvollar som vist på planen er ferdigbygde. Dette gjeld òg tilbode støytiltak på eksisterande bygningar.

Vegskjeringar mot byggjeområde, friområde, fellesareal m.m. og, må vere sikra med gjerde når området vert teke i bruk.

**§ 2
Byggjegrense**

Regulert byggjegrense langs begge sider av Ulvechausseen vert oppheva. Etter veglova § 29 vert ny grense for utbygging då 30 m frå senter ytste køyrefelt.

**§ 3
Trafikkområde/støytiltak**

For bygningar der krava til utandørs støynivå etter rundskriv T-8/79 frå Miljøvern-departementet ikkje er oppfylte, skal det gjevast tilbod om nødvendige fasadetiltak. Ein skal prøve å oppnå innandørs ekvivalent støynivå (døgn) på 35 dBA, og det skal vere mogelegheit for eit uteoppahaldsareal med støynivå under 60 dBA.

Kostnadene må i kvart tilfelle stå i rimeleg tilhøve til effekten av støytiltaka. Støydempingstiltaka skal gjennomførast som ein del av og parallelt med anleggsarbeida på Ulvechausseen.
(Støyutrekningar skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med fasadetiltaka.)

Bygningar som er spesielt avmerkte på plankartet, skal fasadeisolerast slik at støynivået innandørs ikkje vert over På eksisterande bygningar skal tilleggsisolering mot støy utførast slik at dei ikkje endrar karakter.

**§ 4
Bensinstasjon**

Ved bensinstasjonane skal støyskjermar integrerast og tilpassast mest mogeleg til bygningsmassen. Stasjonane og skjermane på begge sider av Ringvegen bør utgjere ein arkitektonisk heilskap. Skjermingseffekten må svare til det ein kan oppnå med ordinære støyskjermar langs vegkanten (sjå støyutrekningane frå ...)

Utbyggingsplan med perspektivskisser av bygningane på bensinstasjonane må liggje ved søknad om byggjeløyve. Det skal òg liggje føre ei vurdering av støyskjermingseffekten av bygningane. Dersom krava ikkje kan tilfredsstillast på denne måten, må tradisjonelle skjermingstiltak setjast i verk.



§ 5 Industri

I området skal det oppførast bygningar for lett industri og/eller handverksbedrifter med tilhøyrande anlegg.

Brann- og eksplosjonsfarleg industri må ikke leggjast til planområdet.

I industriområdet må det heller ikke etablerast bedrifter som på grunn av støy, andre forureiningar eller trafikk vil vere til vesentleg ulempe for dei som bur i omkringliggjande bustadområde.

I området må det ikke førast opp bustadbygg, med unnatak av vaktmeisterbustad o.l.

Den ubygde delen av tomta må ikke nyttast til lagring. Mellombels skur, hallar o.l. er ikke tillate.

Det skal etablerast eit parkbelte mellom industribygg og tilstøytande bustadområde som vist på planen.

Parkbeltet skal vere ferdigstilt samtidig med industrianlegget elles. Området skal ikkje byggjast ut eller brukast til lagring.


Gjerde langs parkbeltet skal ikke vere høgare enn ... meter.

Innanfor industriområdet kan arealet delast opp etter dei einskilde bedriftene sine behov, etter grenser som skal godkjennast av det faste utvalet for plansaker. Parsellane skal ha ei regelmessig form.

Saman med søknad om byggjeløyve skal det sendast inn plan for den ubygde delen av tomta. Planen skal vise eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, vegar, gangvegar og parkeringsareal.



Figur 3.18. Reguleringsplan med tilhørende føresegner som viser anlegg for idrett og sport, fareområde/skytebane og industri. Områda har felles tilkomst og parkering. Industribygg og idrettshall er lagde som støyskjerm.





Reguleringsføresegner til figur 3.18 - Reguleringsplan for skytebane, industri og friområde

Området vert regulert til følgjande føremål:

- fareområde (skytebane)
- friområde (anlegg for idrett og sport)
- byggjeområde for industri
- felles avkørsle
- fellesareal parkering (skytebane, friområde og industri)

§ 1 Fareområde (skytebane)

Innanfor fareområdet kan det byggiast standplass og skyttarhus - bygd i grenselina mot friområdet, eventuelt i kombinasjon med idretts-hallen. Før skytebanene kan takast i bruk, skal støytltaka tilfredsstille dei faste støygrensene. Støytltaka skal utførast etter plan utforma på grunnlag av detaljmålingar ved prøveskyting.

§ 2 Byggjeområde for industri

Grad av utnytting skal ikkje overstige TU Bygningen skal vere samanhengande og fungere som støyskjerm. Høgda på bygningen skal godkjennast av det faste utvalet for plansaker. Gesimshøgda skal ikkje vere over C + 205, men skal elles tilpassast på grunnlag av støymålingar frå skytebana for å gje optimal skjermingseffekt.

§ 3 Friområde - anlegg for idrett og sport

I friområdet kan det oppførast anlegg for og leik, idrett og sport. Idrettshall kan oppførast i grensa mot fareområdet i kombinasjon med standplass/skyttarhus. Grad av utnytting skal ikkje vere over TU.... Gesimshøgda skal ikkje vere over C

§ 4 Fellesføresegner - parkering


Det skal opparbeidast biloppstillingsplass etter følgjande norm:

- Skytebane: 1,5 P-plassar per skyttar som det er rom for på standplass.
- Produksjon/verkstad: tal plassar per 1000 m²: 6 plassar for tilsette, 6 for besøk og 5 reserve. Biloppstillingsplassane for dei tilsette skal dekkjast på eigen eigedom. Minimum 50% av desse skal vere i kjellar/underetasje.
- Lager: tal plassar per 1000 m²: 6 for tilsette, 6 for besøk og 2 reserve.
- Kontor: tal plassar per 1000 m²: 11 for tilsette, 4 for besøk og 5 reserve.
- Friområde (idrett og sport): 1-3 plassar per 10 tilskodarplassar.

§ 5 Fellesareal - avkørsle og parkering


Areala skal vere felles for fareområde - skytebane, friområde idrett og sport og industriområde.

Figur 3.19. Reguleringsplan som viser anlegg i sjøen.





Figur 3.20. Reguleringsplan med føresegner som viser bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevarast.





Reguleringsføresegner til figur 3.20 - Reguleringsplan for bevaring

§ 1 Eksisterande bygninger

Eksisterande bygningar innanför spesialområdet må ikkje rivast.

Verneverdige bygningar er regulerte med eksisterande gesimshøgd, takform og etasjetal.

Innanför området kan eksisterande bygningar setjast i stand på den føresetnad at målestokk, takform, fasadar, vidusinndeling, dør- og vindusutforming og materialbruk vert halde ved lag eller mest mogeleg tilbakeført.

Krav om bevaring gjeld også for anlegg på eiga tomt eller i eigedomsgrense som forstøttingsmur, port, gjerde og køyreareal. Nye innhegningar skal godkjennast særskilt av plan- og bygningsstyresmakten og utformast og tilpassast den opphavlege karakteren til stroket.

Før byggjesøknad kan godkjennast, skal det ligge føre fråsegn frå byantikvaren.

§ 2 Nybygg

Det faste utvalet for plansaker kan tillate tilbygg og nybygg på føresetnad av at dette er tilpassa stroket elles, heilskapen av hus og hage og eksisterande bygg med omsyn til storleik, form, materialbruk og farge.

Ved totalskade etter brann eller tilsvarande kan nybygg setjast opp med same krav til tilpassing som nemnt ovanfor.

I tilknyting til noverande bygning skal nybygg i skrätrerrenget ikkje overstige kote + 22,75. Der nybygget vender mot bygningen, skal gesims i 3. etasje vere kote + 19,80.

I vestre hjørnet av eigedomen kan det oppførast eit hybelhus med gesimshøgd ... (2 etasjar).

§ 3 Hagar og grøntareal

Forhagar og hagar skal bevarast som tilplanta område, og må ikkje nyttast til parkeringsplassar, lager eller liknande. Vegetasjonen skal bevarast mest mogeleg i si opphavlege form. Varige endringar av eksisterande hageanlegg skal godkjennast av det faste utvalet for plansaker. Før dette skjer, skal det ligge føre fråsegn frå park- og idrettsvesenet.

§ 4 Gatemøbler m.m.

Gatemøblar, lysarmatur o.l. skal vere utforma med omtanke for den kulturhistoriske karakteren til området.



3.12.1. Andre plantema

Forureining

Av forureiningslova § 2 går det fram at forureiningsstyremaktene skal samordne verksemda si med planorgana for å unngå og avgrense forureining. Forureningsomsyn kan varetakast av plan- og bygningslova m.a. ved å lokalisere rett verksemrd til rett stad og be om tilstrekkeleg dokumentasjon før planvedtak. Rett lokalisering av verksemder vil vere viktig for å førebyggje miljøulemper.

Potensialet til plan- og bygningslova i forureiningssamanheng ligg først og fremst i den store fordelen det inneber at slike omsyn skal vurderast før ferdige løysingar for arealdisponering ligg føre. Ved å dra miljømessige omsyn inn i den breie, samfunnsmessige vurderinga som planlegging etter plan- og bygningslova krev, kan ein på førehand ta standpunkt til kva slag verksemrd som av forureiningsgrunnar ikkje bør tillatast i eit område. I staden for at problema vert vurderte isolert for kvar einskild sektor, får ein då ei samla avvegning av dei omsyn som gjer seg gjeldande.

Planorgana bør be om tidleg og tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at forureiningsomsynet vert tilfredsstillande vareteke før planvedtak, jf. T-1189 om Forskrift om grenseverdier for lokal luftforurensning og støy.

Reguleringsføresegner som varetek forureiningsomsynet

Gjennom reguleringsplanen kan ein fastsetje eigne reguleringsføresegner som set grenser for karakteren og utføringa av verksemda for å vareta forureiningsomsynet.

Nedanfor følgjer eit par eksempel på reguleringsføresegner som sikrar at ulike forueiningsomsyn vert tekne i samsvar med forureiningslova.

- Før det vert gjort inngrep i form av graving eller fylling, skal det avklarast om det ligg føre jordforureining i reguleringsområdet.

Dersom det ligg føre jordforureining i reguleringsområdet, skal forureiningsstyremaktene varslast, jf. forureiningslova § 7 om plikt til å unngå forureining.

- Det skal utarbeidast ein deponiplan for overskotsmasse som dokumenterer miljøkonsekvensane.

Retningslinjer

- Drensvatn og spillvatn frå tunnel skal ha ein vasskvalitet som ikkje medfører fare for forureining.
- Etter at veganlegget er ferdigbygd, skal det sytast for målingar av gass- og partikkkelkonsentrasjonar (CO, NOx, PM10) ved og rundt tunnelmunningen. Måleresultata skal leggjast fram for kommunen til fråsegn, og leggjast til grunn for vurdering av eventuelle bøtande tiltak.

Småbåthamn

Småbåthamn kan gå inn i ulike samanhengar:

- Del av offentleg hamn. Her bør småbåthamna gå inn som hamneområde i sjø - småbåtanlegg/trafikkområde - småbåtanlegg.
- Separat kommunal eller privat småbåthamn (offentleg småbåthamn) bør regulerast som spesialområde - småbåtanlegg.
- Gjestebryggje i friområde kan regulerast som friområde - småbåtanlegg.
- Fellesbryggjer med båtplassar kan regulerast til fellesareal - småbåtanlegg.



4

Planprosessen og sakshandsaminga

4.1. Organiseringa av arbeidet med reguleringsplan / utbyggingsplan

Plan- og bygningslova byggjer på prinsippa om lokal, folkevald styring, desentralisering av styatingsansvar og at privatpersonar og fagorgan som saka vedgår, skal kunne medverke. Det vil i praksis seie at kommunen skal drive den lovfeste planprosessen og fatte vedtak innanfor overordna mål og rammer. Kommunen skal søkje å samarbeide med alle organ som saka vedkjem og med andre som har interesser i planarbeidet, slik at ein trygjer interessene til einskildpersonar,

organisasjonar, kommunale organ og statlege fagorgan. Fleire føresegner i lova legg føringer for planprosessen samla sett, for organiseringa av planarbeidet, for samarbeid og deltaking og for planhandtering. Reglane for sakshandsaminga finn ein i dei generelle føresegnene og i særreglane for det einskilde plannivået.



§ 9-1. Planleggingsmyndigheter i kommunen

"Kommunestyret skal ha ansvaret for ledelsen av kommuneplanleggingen og arbeidet med reguleringsplaner i kommunen. I hver kommune skal det være et fast utvalg for plansaker."

Kommunestyret skal peke ut en etatssjef eller annen tjenestemann som skal ha særlig ansvar for å ivareta barns interesser når det faste utvalget etter denne paragraf utarbeider og behandler forslag til planer."

§ 9-2. Planadministrasjon i kommunen

"Lederen av kommunens administrasjon skal ha det administrative ansvaret for kommunens planleggingsoppgaver etter loven."

§ 9-3. Samarbeidsplikt for andre offentlige organer

"Organer som har oppgaver vedrørende ressursutvikling, vernetiltak, utbygging eller sosial og kulturell utvikling innenfor kommunens område, skal gi kommunen nødvendig hjelp i planleggingsarbeidet.

Slike organer skal etter anmodning fra kommunen delta i rådgivende utvalg som kommunestyret oppretter til å fremme samarbeid om planleggingsvirksomheten.

Etter at kommunen og vedkommende organ har uttalt seg, kan departementet frita fylkeskommunalt eller statlig organ fra å delta i slike samarbeidsutvalg."

§ 10-1. Kommunens oppgaver og samarbeidsplikt

"Kommunen skal utføre de gjøremål som er lagt til den i denne lov, forskrift og vedtekts, og føre tilsyn med at plan- og bygningslovgivningen holdes i kommunen.

Plan- og bygningsmyndighetene skal søke samarbeid med andre offentlige myndigheter som

har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde."

§ 16. Samråd, offentlighet og informasjon

"Planleggingsmyndighetene i stat, fylkeskommune og kommune skal fra et tidlig tidspunkt i planleggingsarbeidet drive en aktiv opplysningsvirksomhet overfor offentligheten om planleggingsvirksomheten etter loven. Berørte enkeltpersoner og grupper skal gis anledning til å delta aktivt i planprosessen.

Ved kunngjøring av planutkast etter §§ 18, 20-5 og 27-1 skal det gjøres oppmerksom på om det foreligger alternative utkast til planen i medhold av denne lov som ikke har vært eller vil bli kunngjort. Det skal i tilfelle også opplyses at de er tilgjengelige på planmyndighetenes kontor.

Enhver har hos vedkommende myndighet rett til å gjøre seg kjent med alternative utkast til planer som nevnt i annet ledd og med de dokumenter som ligger til grunn for planutkastene med de unntak som følger av offentlighetsloven §§ 5a eller 6."

§ 27-1. Utarbeiding av reguleringsplan nr. 1 - utdrag

"1 .Kommunestyret skal sørge for at det faste utvalget for plansaker lar utarbeide forslag til de reguleringsplaner som er påbudt etter § 23 og at planene tas opp til revisjon etter som forholdene gjør det påkrevet. Kommunestyret kan i dette øye med gi det faste utvalg for plansaker de pålegg og generelle retningslinjer for arbeidet som trengs. Planene skal utarbeides av fagkyndige, og gis en entydig og forståelig form. På samme måte kan kommunestyret pålegge det faste utvalget for plansaker å la utarbeide reguleringsplan for områder som ikke går inn under reguleringsplikten i § 23, eller revidere slike planer."



Kommunestyret har som øvste planleggingsorgan i kommunen ansvaret for og leiinga av reguleringsarbeidet.

Kvar kommune skal ha eit fast utval for plansaker. Dette utvalet har teke over oppgåvene til det tidlegare bygningsrådet med å utforme planar, kunnjere, underrette partane det gjeld, leggje opp til medverknad, leggje ut til offentleg ettersyn og samarbeide med andre styresmakter. Av omsyn til samanhengen med plan er m.a. fullmakta til å dispensere frå plan, til å behandle klager på plan, til å gjøre mindre vesentlege endringar i plan og til å leggje ned dele- og byggjeforbot i medhald av plan, lagd til det faste planutvalet.

Det er svært viktig at "barnrepresentanten" i § 9-1 er med i den kommunale planprosessen. I motsett fall kan det føre til at planvedtak vert ugyldige, jf. § 41 i forvaltningslova. Dersom "barnrepresentanten" ikkje deltek, kan det òg føre til motsegn til planen.

Private kan òg utarbeide forslag til reguleringsplan. Dette forslaget må òg leggjast fram for kommunestyret av det faste utvalet for plansaker.

Det faste planutvalet kan i utgangspunktet delegera oppgåver etter reglane i kommunelova og innanfor skrankane som er sette i plan- og bygningslova. Kommunane står fritt i å organisere byggjesakshandsaminga. Men det er mange grunnar som talar for at det same folkevalde organet bør handsame både plansaker og byggjesøknader o.l. Dette kan gjerast ved at byggjesakshandsaminga vert knytt til det faste utvalet for plansaker

slik at fordelane med eit fast og koordinert kontaktpunkt mellom plansaker og byggjesaker kan utnyttast, med den effektivisering, forenkling og rettstryggleiksgaranti dette inneber.

Kommunestyret vedtek reguleringsplanar med endeleg verknad dersom det ikkje vert reist motsegn mot planen.


Det faste utvalet for plansaker vedtek utbyggingsplanar med endeleg verknad dersom det ikkje er reist motsegn. Dersom det vert reist motsegn, må ein handtere utbyggingsplanen som reguleringsplan, sjå pkt. 4.2.3.

Regulerings- og utbyggingsplanar skal utarbeidast av fagkunlige. På dette viset sikrar ein at det faglege grunnlaget for planvedtaka vert forsvarleg og at planane er eintydige når dei skal setjast i verk.

4.2. Sakshandsaming av reguleringsplan/utbyggingsplan

Figur 4.1.

Reguleringsplanprosessen. Skjematisk framstilling av hovudfasar i planprosessen og nokre formelle milesteinar etter lova. Figuren viser òg korleis og når medverknad og samarbeid kan skje. (Figuren signaliserer ikkje tidsbruk for dei ulike fasane.)





4.2.1. Utarbeiding av planforslag

Avklaring av rammer og utfordringar for planarbeidet

Planarbeidet bør starte med registrering og avklaring av planstatus, naturgjevne tilhøve og andre rammer og tilhøve som har noko å seie for avgrensinga av planområdet og kva detaljeringsgrad ein vel (sjå kap. 2 og 3). Aktuelle spørsmål som må avklarast kan vere:

- Er den påtenkte arealbruken i samsvar med godkjend arealdel til kommuneplan?
- Blir planområdet avgrensa slik at ein tek omsyn til dei vilkåra arealdelen i kommuneplanen byggjer på (tilkomst, trafikktryggleik, friareal o.l.)?
- Vil planen medføre endringar i arealbruken i høve til arealdelen i kommuneplanen, og vil endringane medføre nye tilhøve for naboområde?
- Får ein løyst dei miljøulempene planen eventuelt medfører innanfor planområdet (forureining, støy)?
- Kva følgjer av planen er ikkje behandla i samanheng med kommuneplanen?
- Dersom reguleringsplanen er basert på eit konkret utbyggingstiltak/prosjekt, krev dette at planen blir handsama etter føresegnehene om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova?

Kor grundig den einskilde reguleringsplanen må gjere greie for desse spørsmåla, kjem an på kor omfattande planen er og kor mykje som er avklara gjennom kommuneplanprosessen. Stort sett vil krava til ein reguleringsplan vere store dersom planen skil seg ut frå kommuneplanen, eller der det ikkje finst avklaring i kommuneplanen for det aktuelle området.

Dersom reguleringsplanen endrar arealbruken slik at det i høve til arealdelen i kommuneplanen skulle ha vore ein annan realbrukskategori enn det den gjeldande kommuneplanen viser, bør ein i saksførebuinga vise til dei tilhøva som ligg til grunn for at ein endrar bruken av arealet vesentleg, og følgjene for områda omkring ved den nye bruken.

Eksempel på andre tilhøve som kan gje innspel og føringar for korleis ein bør utforme ein detaljplan i tillegg til dei som alt er nemnde:

- Tilhøvet til rikspolitiske retningsliner.
- Er det utarbeidd stadianalysar eller temaplanar, t.d. for grøntstruktur, som vedkjem det aktuelle området?
- Har området særskilde naturverdiar eller kulturminne som ein må ta vare på gjennom planlegginga?
- Tilhøvet til eksisterande vegnett, planlagde vegar, trafikksikring og gang- og sykkelvegnett.

Avgjerd om utgreiingsplikt - melding etter føresegnehene om konsekvensutgreiingar

Dersom planen handlar om tiltak som går inn under reglane for konsekvensutgreiingar, og ein aktuell tiltakshavar finst, trer utvida sakshandsamingsreglar inn. Dersom tiltaket kjem inn under vedlegg II, skal ein vurdere om det er utgreiingsplikt før planoppstart vert kunngjort. Prosedyren for denne avgjerala er omtala i § 7 i forskrift om konsekvensutgreiingar. M.a. skal miljøvernstyresmaktene (fylkesmannen som miljøvernnetat og fylkeskommunen som kulturminneetat) uttale seg om kor vidt tiltaka kjem inn under kriteria for utgreiingsplikt.

Dersom det er utgreiingsplikt, skal tiltakshavar utarbeide ei melding som skildrar tiltaket og føreslår eit program for utgreiinga. Når ein utarbeider plan som omhandlar tiltaket, bør meldinga leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast ut på høyring samstundes med at ein kunngjør at planarbeidet startar. Det skal setjast ein rimeleg frist for kommentarar til meldinga. Fristen bør ikkje setjast kortare enn 6 veker.



Under 4.2.2. Høyring og offentleg ettersyn

Kunngjøring

§ 27-1. Utarbeiding av reguleringsplan nr. 1 - utdrag

"Det faste utvalget for plansaker skal, når et område tas opp til regulering, sørge for at det blir kunngjort en melding om dette, som regel i minst 2 avisar som er alminnelig lest på stedet. I kunngjøringen skal det kort gjøres rede for påtenkte formål med reguleringen og hvilke følger den kan tenkes å få for området. Så vidt mulig bør grunneiere og rettighetshavere (herunder leietakere) underrettes ved brev og få en rimelig frist for å uttale seg før det faste utvalget for plansaker eventuelt behandler reguleringsforslaget.

Ved regulering og omregulering av områder med eksisterende bebyggelse skal kommunen legge forholdene til rette for aktiv medvirkning fra de som bor i området eller driver næringsvirksomhet der.

Det faste utvalget for plansaker skal på et tidlig tidspunkt under forberedelsen søke samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner m.v som har særlig interesser i reguleringsarbeidet, jf. §§ 9-3 og 16."

Når eit reguleringsarbeid startar, skal det kunngjera, og grunneigarar, leitetakarar og andre som saka vedkjem direkte, bør så langt råd er varslast per brev. Kunngjeringa skal gjere kort greie for føremålet ein tenker seg med reguleringsa og kva følgjer ho kan få for området. Ein kan også varsle på anna vis, t.d. ved å sende ut brosjyrar til husstandane som planen vedkjem.

Figur 4.2. Eksempel på kunngjering av planoppstart

ULLENSAKER KOMMUNE
Rådhuset - 2051 Jessheim
Tlf. 63 94 62 00 - Telefax 63 94 62 10

REGULERING

Varsel om regulering
I henhold til plan-og bygningsloven § 27-1.1 kunngjøres herved varsel om oppstart av reguleringsarbeid:

UTBEDRING AV ALPINBAKKE, RANDBYDALEN
Hensikten med planarbeidet er å se på muligheten for å foreta en landskapstilpasset utbedring av den nordre traseen til alpinbakken i Randbydalen. Planarbeidet vil bli sett i sammenheng med planarbeidet for det pågående steinbruddet i Randbydalen.
Kommentarer/merknader til det igangsatte planarbeidet kan rettes til Ullensaker kommune, Reguleringsavdelingen, Rådhuset, 2050 Jessheim, innen 12. januar 1996.

Reguleringssjefen

Korleis organisasjonar og einskild-personar kan medverke

Kommunen kan i stor mon sjølv avgjere korleis ein skal trekkje organisasjonar og einskildpersonar inn i planarbeidet for å få til den offentlege debatten som er nødvendig.

Mange ulike former for medverknad er utvikla og vert praktiserte, frå nokså enkle metodar bygde på skriftleg informasjon til meir ambisiøse opplegg som krev store ressursar gjennom heile planprosessen. Kommunen må tilpasse ambisjonsnivået for slike medverknadsopplegg etter ressursane, kva som er realistisk å gjennomføre og kor omfatande planen er.

Det er viktig å leggje opp til at hovudtyngda av opplegget for medverknad kjem inn tidleg i planprosessen, då konstruktive innspel og dialog vanlegvis får størst gjennomslag her.



Lova krev ei aktiv opplysningsverksemd mot publikum når det gjeld medverknad. Skriftlege metodar for informasjon og opplysning kan vere:

Informasjonsblad og brosjyrar om planarbeidet
Utstillingar på lett tilgjengelege stader

I tillegg til skriftleg informasjon bør kommunen vurdere å nytte andre medium av omsyn til personar som ikkje forstår eller kan lese skriftleg informasjon. Dette kan vere nærradio, lydavis eller andre medium. Ved større eller kontroversielle planar bør ein følgje opp skriftlege opplegg med møte for publikum for å informere, diskutere og hente inn synspunkt.

Uavhengig av metode for medverknad er det eit hovudpoeng at innbyggjarar / organisasjonar får vite kva planarbeidet dreier seg om og kva for spørsmål ein skal ta opp.

Nokre råd i denne samanhengen er:

- Kommunen bør framstille planforslaget slik at mottakarane forstår både innhaldet og konsekvensane.
- Ein bør informere om kva som er mogeleg og kva grenser som er sette for planarbeidet.
- Planprosessen må vere føreseieleg.
- Planetaten må vere tilgjengeleg for publikum.
- Kommunen må stille til disposisjon dei ressursane som trengst for den metoden som vert vald.

Rettleiing T-862 "Deltakelse og innflytelse" tek for seg ulike metodar for medverknad. Sjá òg side 70 i T-1225 Kommuneplanens arealdel og Konsekvensvurderinger i Kommunal Arealplanlegging, Erik Plathe Asplan Viak, 1998.

Samarbeid med statlege fagorgan og fylkeskommunen

Informasjon om kva for aktørar som gjev arealopplysingar, finn ein i Rundskriv T-5/95 Retningslinjer for bruk av innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven og T-4/95 Retningsliner for bruk av motsegn etter plan- og bygningslova.

Det faste planutvalet skal så tidleg som mogeleg søkje samarbeid med dei offentlege styresmakten, organisasjonane m.m. som planen får verknad for. Den gjensidige kontakt- og samarbeidsplikta mellom kommunane og sektororgana er nødvendig for å kunne oppnå tidleg avklaring, raske avgjerder, betre samordning og redusert konflikt-nivå.

Kommunen skal oppmøde fylkeskommunen og aktuelle sektororgan til å kome med innspel og standpunkt så tidleg i prosessen at kommunen kan ta omsyn til innspela når han utformar og handsamar planforslaget, dvs. før det skal handsamast i politisk utval med siktet på å leggje saka ut til offentleg ettersyn. Ein legg då opp saksførebuingane slik at kommunen kjenner til eventuelle grunnlag for motsegn når saka er klar for offentleg ettersyn.

Eventuell motsegn må i alle høve liggje føre før kommunestyret gjer vedtak.

God kontakt krev mykje tid i seg sjølv, særleg i planarbeidet før offentleg høyring. Kommunane bør difor setje klare og realistiske fristar for sektorane sin medverknad. Å fastsetje og formidle ein framdriftsplan er nødvendig av omsyn til effektivitet og sikker planlegging for styresmakter og private.

Organisering av samarbeidet med fagstyresmakter

Samarbeid og dialog med fagorganene kan skje skriftleg eller munnleg, eller ved ein kombinasjon av desse. Skriftleg informasjonsutveksling gjev mindre rom for drøfting og forhandling og set større krav til at dokumentasjon frå kommunen og innspel frå fagstyresmaktene er utforma slik at ein kan unngå forvirring og mistyding. Den beste forma er at ein etablerer arenaer for munnleg dialog mellom kommunen og fagorganene, anten med fleire samla eller med kvart fagorgan for seg.

Dersom planen er i samsvar med godkjend kommuneplan, bør kommunen avklare med dei aktuelle sektororganene om det finst nye tilhøve som er komne inn og som gjer at planforslaget ikkje utan vidare kan byggje på kommuneplanen. For meir omfattande planar, eller dersom planen ikkje er i



samsvar med kommuneplanen, kan det vere aktuelt å nytte same kontaktform som ved utarbeiding av kommuneplanen. Rettleiing T-1225
Kommuneplanens arealdel omtalar desse kontaktformene:

- Skriftleg informasjonsutveksling - førehands-høyring
- Planforum
- Arbeidsgrupper / Styringsgrupper

For å kunne få til ein fruktbar dialog og konflikt-avklaring underveis gjev vi desse råda:

Innsatsen for medverknad bør gjerast på eit tidleg tidspunkt.

Deltakarane må ha mandat til å forhandle.

Partane må ha ei open og tillitsfull innstilling.

Tilbakemelding frå fagorgan

Fylkeskommunen og fagorgan verkar med ved å målbere nasjonale og regionale mål og retningslinjer gjennom faglege råd, merknader og rettleiing, eventuelt ved å varsle motsegn. Det er eit hovudpoeng at konfliktpotensialet kjem fram så tidleg som mogeleg.

Fylkeskommunen og fagorgana kan òg peike på at planen ikkje held mål fagleg sett og difor bør vurderast nærare.

Når kommunen inviterer til å avklare problemstillingar i planarbeidet, bør han òg oppmode fagorgana om å:

- Greie ut arealopplysingar og -interesser (eventuelt peike på nye tilhøve som er komme til etter at kommuneplanen vart godkjend).
- Vurdere eller greie ut kor sårbare eller konfliktfylte einskilde område er når det gjeld utbygging.
- Opplyse om eventuelle band på arealbruken. Tidlegare verksemrd på eit område, t.d. søppelfylling eller grunnforureining frå industri-verksemrd, kan setje grenser for ny areal bruk eller krevje at tiltak må setjast i verk før området høver for særskilde føremål.

Høyring og offentleg ettersyn

§ 27-1. Utarbeiding av reguleringsplan nr. 2

"2. Når forslag til reguleringsplan er utarbeidet i samsvar med reglene i nr. 1, skal det legges fram for det faste utvalg for plansaker som avgjør om det skal legges ut til offentlig ettersyn.

Kunngjøringen om offentlig ettersyn skal som regel skje i minst 2 avisar som er alminnelig lest på stedet. Den skal klart angi det området forslaget omfatter og skal gi en rimelig frist for merknader som ikke må settes kortere enn 30 dager. I mindre reguleringsaker kan det faste utvalg for plansaker likevel fastsette en kortere frist. Så vidt mulig bør grunneiere og rettighets-havere i området underrettes ved brev. Når fristen er ute, tar det faste utvalget for plansaker opp saken til behandling med de merknader som er kommet inn.

Det faste utvalget for plansaker skal i samband med kunngjøring etter reglene i første ledd legge saken fram for fylkeskommunen og de statlige fagorganer som har særlege interesser i området med en rimelig frist for uttalelse."

Offentleg ettersyn skal sikre at alle impliserte kan komme fram med sine synsmåtar. Ein annonse om offentleg ettersyn bør innehalde eit kartutsnitt som syner områdeavgrensinga eller ei nedfotografert prinsippskisse av planen eller tekstdelen, der det går klart fram kva planen omfattar. I annonsen bør namn, adresse, gards- og bruksnummer og andre opplysningar om eigedommane gå klart fram, slik at alle får det grunnlaget dei treng for å reagere.

Når plansaka blir lagd ut offentleg, skal dei aktuelle fagorgana få planforslaget tilsendt til formell fråsegn. Det må gå fram av oversendinga korleis kommunen vurderer plansaka. Fristen for merknader i samband med utlegginga skal vere minst 30 dagar. Ein kan likevel tenkje seg reguleringssaker som er så enkle og oversiktlege at det ikkje trengst så lang frist som 30 dagar. Då kan det faste planutvalet setje ein kortare frist. For store og innfløkte saker, og t.d. der ei sak blir lagd ut til offentleg ettersyn i ferietida, kan det vere aktuelt å setje ein lengre frist. I saker som kjem inn



under organ som har sjeldne møte, bør ein også vurdere lengre frist.

Kulturminneetaten har etter § 9 i kulturminnelova krav på 3 månaders frist, som kan forlengjast ytterlegare, for å finne ut om planen medfører konflikt med automatisk freda kulturminne. Sjølv om kommunen har sett kortare frist, kan han ikkje behandle planen ferdig før fristen går ut.

Der planen gjeld tiltak som skal konsekvensutgreiast, bør ein normalt sende konsekvensutgreiinga og planforslaget ut på høyring og leggje dei ut til offentleg ettersyn samtidig. Det tidlegaste ein kan sende planforslaget ut til høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn, er samstundes med konsekvensutgreiinga. Det skal setjast ein rimeleg frist for høyring av konsekvensutgreiinga. Fristen bør ikkje vere kortare enn 8 veker.

Figur 4.3. Eksempel på kunngjering av offentleg ettersyn



ULLENSAKER KOMMUNE
Rådhuset - 2051 Jessheim
Tlf. 63 94 62 00 - Telefax 63 94 62 10

REGULERING

OFFENTLIG ETTERSYN
Planutvalget har i møte den 29.11.95 vedtatt at følgende forslag til reguleringsplan skal legges ut til offentlig ettersyn i hht. plan og bygningslovens § 27-1.2:

**GOLFBANE PÅ HILLERN GÅRD,
GNR 28, BNR 1-3, KLØFTA**
Planforslaget er en flatereguleringsplan med bestemmelser datert 29.9.95, og illustrasjonsplan. Planområdet består i hovedsak av Hillern gård, øst for E6 og sør for dagens Rv 2 på Kløfta. Planområdet er på ca 1000 da. Illustrasjonsplanen inneholder forslag til en 18-hulls golfbane, en korthullsbane samt treningsområder.

Arealet i planen foreslås regulert til spesialområde, golfbane. Atkomst til golfbanen er forutsatt å gå via vegserviceanlegget ute ved E6.
Forslag til reguleringsplan med bestemmelser og illustrasjonsplan er lagt ut til offentlig ettersyn på Teknisk etat, Rådhuset, Jessheim og Biblioteket, Kløfta.
Evt. uttalelser/merknader til planforslaget rettes til Ullensaker kommune, Reguleringsavdelingen, Rådhuset, 2050 Jessheim, innen 26. januar 1996.

Reguleringssjefen



Fagorgana må gjere det klart om fråsegna deira er faglege råd eller motsegn, som i tilfelle gjer at kommunestyret ikkje kan vedta planen. Dersom reguleringsplanforslaget er i samsvar med kommuneplanen, skal nye og tungtvegande grunnar vere til stades før det kan reisast motsegn mot planen.

4.2.3. Planvedtak

§ 27-2 Reguleringsvedtak nr. 1

"1. Når forslaget er ferdigbehandlet av det faste utvalget for plansaker selv, legges det fram til kommunestyret for vedtak, eventuelt i alternativer. Er kommunestyret ikke enig i forslaget, kan det sende saken tilbake til ny behandling, i tilfelle med retningslinjer om det videre arbeid."

Kommunen kan gjere endeleg planvedtak med rettsverknad når:

- Eventuell utgreiingsplikt for tiltak knytte til planen er oppfylt.
- Det ikkje ligg føre motsegn til planen etter høyring.
- Eventuell motsegn er trekt tilbake av organet som fremja ho.
- Kommunen etter mekling har teke motsegna til følgje og gjort ei mindre endring i planforslaget i samsvar med dette utan å leggje det ut til offentleg ettersyn på nytt.
- Kommunen etter mekling har endra planforslaget vesentleg som følgje av motsegn, og lagt det ut til offentleg ettersyn på nytt.

Kommunen kan ikkje gjere endeleg planvedtak dersom:

- Det er komme motsegn til planen og kommunen ikkje vil endre vedtaket som følgje av det.
- Utgreiingsplikt for tiltak knytte til planen ikkje er oppfylt.

Kommunestyret sitt reguleringskjøn

Når kommunestyret vedtek innhaldet i ein reguleringsplan, byggjer det på det ein kallar det frie kjøn.

Men for å halde rettsleg mål må skjønet vere grunnlagt på lovreglane om bruk og vern av areal og utbygging. Følgja er at eit breitt spekter av omsyn er aktuelle, men nokre fell utanfor, jf. § 2 i lova. Vidare må vedtaket vere sakleg og rimeleg ut frå allmenne forvaltingsrettslege krav, og planen må vere handsama og utforma i samsvar med reglane i kap. VII. Reguleringsplan.

Motsegn

§ 27-2 Reguleringsvedtak nr 2

"2. Dersom det foreligger innsigelse mot planen fra fylkeskommunen, nabokommune eller fra statlig fagmyndighet hvis saksområde blir berørt, må reguleringsplan som er vedtatt av kommunestyret sendes departementet som avgjør om planen skal stadfestes. Hvis departementet stadfester planen, kan det etter at kommunen er gitt høve til å uttale seg, gjøre de endringer i planen som finnes påkrevd. Dette må imidlertid ikke medføre at planen endres i hovedtrekkene."

Vedkommande statlege fagorgan, fylkeskommune og nabokommune har rett til å reise motsegn når kommunale planar er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. Med vedkommande statleg fagorgan er meint det organet som er peika ut av sentrale styresmakter til å ta hand om faglege interesser i den aktuelle sektoren når det gjeld planlegging etter plan- og bygningslova. Retten til å reise motsegn gjeld berre viktige konfliktsaker som ledd i planprosessen, etter at ordinær medverknad er gjennomført. Motsegn må fremjast før kommunen vedtek reguleringsplanen.

Av innhald kan motsegna gå på realiteten i planen eller på formelle tilhøve, t.d. korleis eit planvedtak er utforma, om eit arealbruksføremål er lovleg eller ikkje, eller på sjølvé sakshandsaminga når eit spørsmål ikkje er ferdig utgreidd og ein difor



bør utsetje avgjerd. Det kan også reisast motsegn dersom planutkastet kjem i konflikt med planarbeid som er i gang på fylkesnivå.

Motsegna skal vere forankra i og grunngjeven ut frå vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningsliner og vere knytt direkte eller indirekte til realitetsspørsmål i planforslaget.

Kommunen bør ikkje sjå bort frå ei motsegn, og bør i alle høve drøfte saka med vedkommande organ som har reist motsegn eller fylkesmannen / fylkeskommunen. Her vil det vere viktig at kommunen nyttar samarbeidsarenaer som planforum og eventuelle arbeidsgrupper som er oppretta tidleg i planprosessen.

Mekling

Dersom det etter høring er komen inn motsegn frå eit statleg fagorgan, ein nabokommune eller fylkeskommunen, og kommunen ikkje vil følgje opp, bør det meklast mellom partane. Det er fylkesmannen som skal mekle, og fylkeskommunen skal gje den planfaglege hjelpa han treng.

Lova gjev ikkje pålegg om mekling. Det vil ikkje vere ein formell feil om det ikkje blir halde mekling.

Dersom kommunen og organet som har reist motsegn, ikkje vert samde i meklinga, skal kommunen etter vedtak i kommunestyret sende planen til fylkesmannen, som så skal sende han vidare til Miljøverndepartementet for stadfesting.

Oversending til departementet

Kommunen skal sende saka til fylkesmannen, som så sender henne til Miljøverndepartementet. Oversendinga frå kommunen skal innehalde følgjande:

- Utgreiing om konflikten og grunngjeving for ikkje å ta omsyn til motsegna.
- Saksframstilling med dokumentasjon som gjev fylkeskommune, fylkesmann og departement eit fyldig bilet av konflikten og korleis kommunen har handsama han.
- Fråsegn frå dei styresmaktene og organisjonane m.m. som har interesser i saka og fråsegn frå privatpersonar og grupper som har engasjert seg.
- Utgreiing om korleis planforslaget står i høve til overordna planar, rikspolitiske retningsliner, tidlegare planar og noverande planarbeid.

Alle saksdokument skal vere ordna kronologisk med 4 kartsett, vedtak, saksframstilling, fråsegn og planvedtak, i tillegg til dokumentliste.

Kommunen skal sende saka direkte til fylkesmannen. Kopi av brevet skal sendast til fylkeskommunen og det fagorganet som har reist motsegn.

Miljøverndepartementet kan gjere følgjande vedtak:

- Stadfeste vedtaket i kommunestyret - motsega vert ikkje teken til følgje.
- Ta motsegna heilt ut til følgje.
- Stadfeste vedtaket i kommunestyret med visse endringar.

Først når Miljøverndepartementet vedtek reguleringssplanen, vert han bindande og rettskraftig. Kommunen kan kunngjere planen først når departementet har gjort vedtak.

Verknadstidspunktet for plan som det er reist motsegn mot, men der motsegna vert trekt tilbake, vil vere tidspunktet då motsegna blir trekt tilbake. Plan som det vert reist motsegn mot og som departementet handsamar, får verknad frå tidspunktet då departementet gjer vedtak.



4.2.4. Etter planvedtak

Kunngjering, oversending og innkalling av plan som er vedteken.

§ 27-2 Reguleringsvedtak nr. 3

"3. Kommunen skal kunngjøre planen straks den er vedtatt og i tilfelle stadfestet. Avtrykk av planen sendes til fylkeskommunen og departementet. Kunngjøringen skal som regel skje i minst 2 aviser som er alminnelig lest på stedet. Den skal klart angi det området planen omfatter og gi opplysninger om de frister som er nevnt i § 32 nr. 1 annet ledd. Kommunen skal la vedtak om regulering til fornyelsesområder (§ 25 nr. 8) med rådighetsinnskrenkingene etter § 31 nr. 4 tinglyses på de berørte eiendommer. Grunneiere og rettighetshavere i området bør så vidt mulig varsles særskilt ved brev. Brevet skal inneholde opplysninger om eventuell klageadgang etter § 27-3 (jf. forvaltningslovens kap. VI) samt de frister som er nevnt i § 32 nr. 1 annet og tredje ledd og § 42 annet ledd.

Finner departementet at reguleringsplan som er sluttbehandlet i kommunen strider mot nasjonale interesser, fylkesplan eller arealdelen av kommuneplanen, kan det - etter at kommunen er gitt høve til å uttale seg - av eget tiltak oppheve planen eller gjøre de endringer som finnes påkrevd. Departementets endringer må ikke medføre at planen endres i hovedtrekkene."

kvensutgreiinga og høyningsfråsegnene til denne, og kva dette har hatt å seie for vedtaket. Særleg gjeld dette val av alternativ og kva vilkår som er fastsette for å bøte på skadeverknader.

Endeleg reguleringsplankart på lerret med føresegner skal sendast fylkesmannen, Riksarkivet (via fylkesmannen) og fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for utbyggingsplan.

Når planen er eigengodkjend av kommunestyret eller eventuelt vedteken og stadfest av departementet, skal han kunngjera. Annonsen skal nemne kva område det gjeld, klagerett og fristar for vederlag og eventuell innløysing. I tillegg bør ein så langt råd er varsle grunneigarar og rettshavarar særskilt ved brev.

I saker der planvedtaket gjeld tiltak som er konsekvensutgreidde, skal vedtaket i saka med grunngeving offentleggjerast i samsvar med plan- og bygningslova § 33-7. I kunngjeringa må det gå fram at vedtaket er gjort på bakgrunn av konsekvensutgreiinga, og at dei saka vedkjem og andre interesserte kan få ei skriftleg utgreiing hos kommunen om korleis ein har vurdert konse-



Figur 4.4. Eksempel på kunngjering av vedtak

 **ULLENSAKER KOMMUNE**
Rådhuset - 2051 Jessheim
Tlf. 63 94 62 00 - Telefax 63 94 62 10

REGULERING

MELDING OM REGULERINGSVEDTAK
I medhold av plan- og bygningslovens § 27-2 vedtok Ullensaker Herredsstyre i møte den 20.11.95 følgende reguleringsplaner:

HOVIN KIRKEGÅRD MED UTVIDELSE
HST-sak 58/95. Planområdet er på ca 34 daa, hvorav utvidelsen er på ca 16 da. Planen omfatter også trafikkområdene i tilknytning til kirken/kirkegården.

DEL AV OSPLI, KLØFTA
HST-sak 58/95. Planområdet omfatter eiendommene der tidligere Hellen radiofabrikk lå, samt boligeiendommene fram til Gamlevegen på Kløfta. Planen omfatter endring av reguleringsformålet fra industri til boliger. Den ubebygde delen reguleres til område for tett småhusbebyggelse, mens de bebygde tomtene reguleres til boliger for åpen småhusbebyggelse.

DEL AV GNR 174, BNR 2 M.FL., KVERNDALEN
HST-sak 59/95. Planområdet er på ca 27. daa, og ligger øst for Kverndalsvegen og sør for Smedalsvegen i Kverndalen. Planen viser ti nye boligtomter, samt at Smedalsvingen er ført frem til Kverndalvegen. Ca 5,8 da er omregulert fra friområde til boligformål.

AUSTVEGEN VEST, AURVEGEN ØST, HOVEDADKOMST FRA BLIKKVEGEN
HST-sak 60/95. Dette er 3 reguleringsplaner for sikring av adkomst fram til Gardermoen flystasjon, fra E6 via Blikkvegen og fra Rv 174 i Nannestad.

For Aurvegen Vest gjelder vedtaket kun den delen som ligger i Ullensaker kommune. Planene har tilknytning til vedtatt plan for Vaktområde Gardermoen flystasjon. De nye vegene er regulert byggeområder for offentlig formål nord for flystasjonen, samt spesialområde for vegetasjonsbelte øst for denne.
For Hovedadkomst fra Blikkvegen innebærer dette en endring av stadfestet reguleringsplan for hovedflyplassen.

GNR 199, BNR 34, «VARDENÆR», PÅ DAL
HST-sak 61/95. Planområdet er på ca 13 daa, og ligger i Sætregreina, inntil kommunal veg som går fra Vardekrysset til Dal. Planen viser 8 nye boligtomter, samt gang-/sykkelveg langs den kommunale vegen.

For ovennevnte vedtak gjelder:
Herredsstyret endelige vedtak kan i henhold til plan- og bygningslovens §§ 27-3 og 15, jfr. forvaltningslovens kap. VI, påklages til departementet. Eventuelle klager fremsettes skriftlig og sendes Ullensaker kommune, Planutvalget, 2050 Jessheim, innen 8. januar 1996.
Eventuelle krav om erstatning eller innløsning må fremsettes innen 3 - tre - år fra denne offentlige kunngjøringen av vedtaket, jfr. plan- og bygningslovens §§ 32 og 42. Eventuelle krav må fremsettes skriftlig for Ullensaker kommune.

Reguleringssjefen

Innkalling

Departementet har heimel til å oppheve eller endre reguleringsplanar som er eigengodkjende av kommunestyret dersom dei strir mot nasjonale interesser, fylkesplan eller arealdel av kommuneplan. Dette må reknast som ein tryggingsventil, og regelen vert ikkje mykje nytta i praksis. Han tek først og fremst sikte på situasjonar der dei normale handsamingsrutinane sviktar. Når avtrykk av reguleringsplanen skal sendast fylkesmannen i staden for departementet, vil det verte fylkesmannen si oppgåve å melde frå til departementet om planen er i strid med nasjonale interesser, fylkesplanen eller arealdelen av kommuneplanen.

Før ein plan kan opphevast eller endrast, må kommunen få høve til å uttale seg. Eventuelle endringar må ikkje føre til at planen blir endra i hovudtrekka - er det aktuelt med vesentlege endringar, må planen tilbake til kommunen for ny handsaming med nytt offentleg ettersyn m.m. Det er ikkje gjeve nokon tidsfrist for kor lang tid etter kommunestyrevedtak departementet kan kalle inn reguleringsplanar på denne måten.



Generelt om grunnlaget for innkalling:

Det må vere omsynet til heilt sentrale nasjonale interesser nedfelte i rikspolitiske retningsliner, stortingsmeldingar m.m. som ligg til grunn for vurderinga. I samband med Regjeringa si oppfølging av St.meld. nr. 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk og Stortinget si handsaming av denne, jf. Innst. S.nr. 219 (1996-97), har departementet kalla inn planar som kjem i konflikt med nasjonal jordvernpolitikk, kjøpesenterstopp og omsynet til landskap av nasjonal og internasjonal verdi.

I praksis kan innkalling vere aktuelt i tilfelle der ny nasjonal politikk er vedteken etter at den lokale planprosessen er avslutta, slik at regionale styremakter ikkje hadde godt nok politisk grunnlag til å fremje motsegn då høyringa fann stad.

Klagerett

§ 27-3 Klage over reguleringsvedtak

"Departementets vedtak i reguleringsaker kan ikke påklages.

Kommunestyrets endelige vedtak i reguleringsaker kan etter denne lovs § 15 påklages til departementet. Klagen forelegges det faste utvalget for plansaker som - hvis det finner grunn til å ta klagen til følge- legger saken fram for kommunestyret med forslag til endring av vedtaket, og ellers gir uttalelse og sender saken gjennom fylkesmannen til departementet."

Departementet sine reguleringsvedtak kan ikkje påklagast, enten det gjeld stadfestingsvedtak eller vedtak av statleg plan etter §18.

I reguleringsaker gjeld klageretten berre positive vedtak i kommunestyret om å fastsetje reguleringsplan eller endre slik plan. Avgjerd om forkastning av private forslag skal behandlast etter § 30.

Endeleg vedtak om både regulerings- og utbyggingsplan kan påklagast til fylkesmannen av parter og andre med rettsleg klageinteresse.

(Deleget frå Miljøverndepartementet 1. juli 1986.) Etter § 15 kan òg fylkesmannen, statlege styremakter og nabokommunen klage. Når fylkesmannen sjølv klagar, vil Arbeids- og administrasjonsdepartementet peike ut ein setjefylkesmann som skal handsame saka. Fylkesmannens vedtak i klagesaka kan ikkje påklagast vidare til departementet.

Når det vert klagt på utbyggingsplan, er det det faste planutvalet som gjev fråsegn / gjer om tidegare vedtak. Det faste planutvalet skal handsame klaga, og eventuelt legge henne fram for kommunestyret dersom det finn grunnlag for å rette seg etter klaga. Elles skal utvalet sende klaga med eiga fråsegn til fylkesmannen for avgjerd.

Det er elles grunn til å peike på at vedtak om å endre planar under klage handsaming først kan gjerast etter at ein har følgt sakshandsamingsreglane om høyring og varsling dersom endringane er av større omfang. Dersom endringa er av mindre

vesentleg karakter, kan det faste planutvalet gjennomføre endringa etter reglene i § 28-1 nr. 2 og 4, jf. §§ 16 og 17 i forvaltningslova.

4.2.5. Endring av plan

§ 28-1 Endring og oppheving av reguleringsplan

1. *For endring og oppheving av reguleringsplan gjelder §§ 27-1 og 27-2 tilsvarende.*
2. *Mindre vesentlige endringer i reguleringsplan kan gjøres av det faste utvalget for plansaker. Endringer som kan medføre økte utgifter for kommunen skal på forhånd legges fram for kommunestyret. For reguleringsplaner som gjelder riks- og fylkesveg kan mindre vesentlige endringer som følge av tekniske forhold i gjennomføringsperioden gjøres av vegsjeften.*
3. *Er tomteinndeling ikke fastsatt i reguleringsplanen, kan den fastsettes av det faste utvalget for plansaker.*
4. *Før det gjøres vedtak etter nr. 2 eller nr. 3 skal eierne / festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket gis høve til å uttale seg."*



Det reises ofte spørsmål om hva som kan anses Det vert ofte spurt kva som kan reknast som mindre vesentleg endring av reguleringsplan. I nokon grad må det vere opp til eit skjøn i det einskilde høvet kvar grensa går. Vi kan ikkje gje uttømmande retningsliner her. Sjølv om mindre vesentleg endring vert handsama noko enklare enn reguleringsendring etter § 28-1, gjeld reglane for samråd og medverknad også her, dvs. at m.a. aktuelle sektorstyresmakter må få høve til å uttale seg.

Grensegangen mellom vesentleg og mindre vesentleg endring av reguleringsplan er eit skjønsspørsmål ein må vurdere konkret i kvart tilfelle. (Sjå rundskriv T-5/84 frå Miljøverndepartementet.)

Viktige vilkår for å gjennomføre planen skal ikkje endrast nemneverdig dersom ein skal kunne kalle endringa mindre vesentleg. Å endre reguleringsføremål og det funksjonelle innhaldet i planen ser ein som regel som ei vesentleg endring, medan det å justere litt på føremålgrenser vil vere mindre vesentlege endringar. Reglane for handsaming går fram av § 28-1 i plan- og bygningslova. Dersom det faste planutvalet er i tvil om kor vidt endringa er vesentleg, bør saka handsamast som vesentleg etter § 28-1 nr. 1.

Det same kan vere tenleg dersom endringane tydeleg vil føre til konflikt mellom ulike interesser. Det er grunn til å peike på at dersom statleg fagorgan eller fylkeskommunen har gått imot ei "mindre planendring", kan ho vanlegvis ikkje reknast som mindre vesentleg. Då må saka handsamast som ei ordinær planendring.

Kjem det klage på vedtak i det faste planutvalet, kan skjønsvurderinga av om endringa er vesentleg eller ikkje, overprøvast etter vanlege reglar.

Planar som er meir enn 10 år gamle, eller som har vist seg å vere i utakt med dagens krav til eit godt fysisk miljø, bør takast opp til ny handsaming og ikkje endrast gjennom mindre vesentlege endringar eller dispensasjonar.

4.3. Handsaming av utbyggingsplan

§ 28-2 Bebyggelsesplan - utdrag

"For utarbeidelse av bebyggelsesplan gjelder bestemmelsene i § 27-1 nr. 1 annet, tredje og fjerde ledd. Når plan utarbeides av private gjelder § 30 tredje ledd tilsvarende.

Før forslag til bebyggelsesplan vedtas skal det legges ut til offentlig ettersyn i samsvar med bestemmelsene i § 27-1 nr. 2. Medfører forslaget til bebyggelsesplan annet enn mindre vesentlige endringer i forhold til arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplan, skal det legges frem for fylkeskommunen og statlig fagmyndighet som bestemt i § 27-1 nr. 2. Dersom det kommer innsigelser mot planen fra fylkeskommunen, nabokommunen eller statlig fagmyndighet hvis saksområde blir berørt, må planen sendes kommunestyret og behandles som reguleringsplan etter reglene i § 27-2 nr. 2.

Straks planen er vedtatt, skal kommunen kunngjøre den. Kunngjøringen skal som regel skje i minst 2 avisar som er alminnelig lest på stedet. Den skal klart angi det området planen omfatter og gi opplysninger om de frister som er nevnt i § 32 nr. 1 annet ledd og § 42 annet ledd. Grunneiere og rettighetshavere i området bør så vidt mulig varsles særskilt ved brev. Brevet skal inneholde opplysninger om eventuell klageadgang etter paragrafens sjette ledd (jfr: forvaltningslovens kap. VI) samt de frister som er nevnt i § 32 nr. 1 annet og tredje ledd og § 42 annet ledd.

Vedtak av det faste utvalget for plansaker om bebyggelsesplan kan påklates til departementet etter denne lovs § 15.

§ 31 nr. 1 gjelder tilsvarende for bebyggelsesplan som er vedtatt av det faste utvalg for plansaker.

Ved endring av bebyggelsesplan gjelder bestemmelsene ovenfor tilsvarende."

Utbyggingsplanen skal handsamast på same måte som reguleringsplanen, med unnatak av at det er det faste utvalet for plansaker som skal gjere endeleg vedtak.



Dersom planen medfører store endringar samanlikna med arealdel eller reguleringsplan, skal han leggjast fram for fylkeskommunen eller statleg fagorgan. Ved motsegn må planen handsamast som reguleringsplan. Gjennom utbyggingsplan kan ein heller ikkje endre den fastlagde arealbruken utover det som er heimla i § 28-2 andre ledd. Dersom forslaget til plan medfører anna enn mindre vesentlege endringar i høve til arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplan, skal det òg leggjast fram for fylkeskommunen og statleg fagstyresmakt i samsvar med § 27-1 nr. 2. Kjem det motsegn mot planen frå nokon av desse, må planen sendast til kommunestyret for handsaming etter § 27-2 nr. 2 dersom ein ikkje kan løyse striden gjennom handsaming i det faste planutvalet.

Både private, fylkeskommunen, statlege fagorgan og kommunen kan utarbeide forslag til utbyggingsplan. Plan kan utarbeidast for fleire eigedomar, men kommunen kan ikkje krevje at ein grunneigar utarbeider slik plan for meir enn sin eigen eigedom. Er det behov for å utarbeide plan for fleire eigedomar, må kommunen sjølv gjøre det dersom ein ikkje kan få i stand avtale med grunneigarar og andre involverte om at dei får planen utarbeidd.

Ettersom utbyggingsplan skal kunne utfylle og i ei viss mon endre fastlagd arealbruk og dessutan gjev same grunnlag for oreigning og innløysing som reguleringsplan, gjeld reglane om samråd, medverknad og open saksførehaving for arbeidet med utbyggingsplanar, jf. tredje ledd. Dette inneber at grunneigarar og rettshavarar så langt råd er skal varslast gjennom brev og skal ha rimeleg frist med å komme med merknader før utbyggingsplan vert utarbeidd. Arbeidet skal òg kunngjera. Dersom utbyggingsplanen blir utarbeidd av andre enn det faste utvalet for plansaker, skal desse underrette og kunngjere i samsvar med § 30 siste ledd.

Det faste planutvalet skal òg søkje å samarbeide med offentlege styresmakter, organisasjonar o.a. som har særleg interesse i arbeidet, og leggje til rettes for at dei som bur og driv næring i området skal kunne ta del.

Før ein vedtek forslag til utbyggingsplan, skal ein

leggje det ut til offentleg ettersyn i samsvar med føresegne i § 27-1 nr. 2. Sidan planen byggjer på den arealbruken som er fastsett i arealdelen av kommuneplan eller reguleringsplan, bør det faste utvalet for plansaker vurdere nøy om det er mogeleg å gje ein kortare frist for merknader enn 30 dagar. Dette gjeld særleg der planen omfattar mindre utbyggingsar og / eller det ikkje er gjort slike utfyllingar eller endringar i den fastlagde arealbruken som heimla i § 28-2 andre ledd.

Utbyggingsplan som er vedteken, skal kunngjera på same vis som reguleringsplan.

Bakgrunnen for dette er at planen får dei same rettsverknadene som reguleringsplan, både når det gjeld binding av arealbruk og som grunnlag for oreigning og innløysing. Difor skal ein varsle om fristane for å kreve innløysing og vederlag etter §§ 32 og 42.

For utbyggingsplan gjeld same klagerett som for reguleringsplan.

Etter denne klageordninga vil kommunestyret som øvste planorgan ikkje kunne gjøre om eller endre vedtak om utbyggingsplan som det faste utvalet for plansaker har gjort. På den andre sida står kommunestyret fritt til å pålegge det faste utvalet for plansaker å utarbeide reguleringsplan og gje pålegg om innhaldet i reguleringsplan. Dette kan kommunestyret gjøre sjølv om utarbeiding av utbyggingsplan er i gang eller planen alt er ferdig. Kommunestyret står òg fritt til å endre den overordna planen som utbyggingsplanen byggjer på. Om det trengst, vil kommunestyret kunne kreve at det faste utvalet for plansaker legg ned byggje- og deleforbod etter § 33 for å hindre at ein utbyggingsplan vert sett i verk.



4.4. Reguleringsforslag frå andre offentlege etatar

§ 29 Samarbeid mellom kommuner og offentlige etater om regulering

"Når fylkeskommunale eller statlige myndigheter skal forberede tiltak som gjør det nødvendig eller ønskelig å foreta regulering eller omregulering, skal de tidlig under forberedelsen søke samråd med kommunen.

Kommunen kan i tilfelle overlate til vedkommende myndighet å utarbeide forslag til reguleringsplan og foreta kunngjøringer i medhold av § 27-1 nr. 1 annet ledd og nr. 2.

Twistespørsmål mellom kommunen og fylkeskommunen om reguleringen avgjøres av departementet som i tilfelle kan gi de nødvendige pålegg om regulering, jf. § 18. Twist om statlige tiltak tas opp etter § 18."

Føresegna utfyller øg prinsippa i lova om samhandling og eventuell konfliktløysing mellom statlege styresmakter og fylkeskommunen på den eine sida og kommunen på den andre i handsaminga av planforslag frå statlege styresmakter og fylkeskommunen.

Statlege eller fylkeskommunale styresmakter skal tidleg i førebuinga av tiltaket som ligg til grunn for ei regulering, søkje samarbeid med kommunen med sikte på å innpasse tiltaket ved å regulere eller omregulere det aktuelle området.

Etter andre ledd kan kommunane overlate til vedkommende etat å utarbeide forslag til reguleringsplan. Forslag kan fremjast innanfor ramma av det regelverket vedkommende etat sjølv praktiserer, men elles skal dei handsamast etter føresegne om reguleringsplanar. Kunngjering om at regulering er igangsett og om vedtak i det faste planutvalet om å leggje saka ut til offentleg ettersyn, kan overlatast til etaten som skal utarbeide planframlegget. Elles gjeld dei vanlege reglane for planhandsaming etter §§ 27-1 og 27-2. Det faste planutvalet skal vedta planframlegget på vanleg måte før det går vidare til kommunestyret.

Etter tredje ledd skal twistespørsmål mellom kommunen og fylkeskommunen om regulering avgjørast av departementet som kan gje dei nødvendige direktiva for å løyse saka. Gjeld det twist om statlege tiltak, skal saka takast opp etter § 18.

Paragraf 29 gjer det enklare å innpasse den offentlege sektorplanlegginga, som øg skjer i medhald av anna regelverk, i plansystemet etter plan- og bygningslova.

Samarbeid mellom Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunen, mellom anna høve for Statens vegvesen til å utarbeide og fremje utkast til regulerings- og utbyggingsplan, er omtala i plan- og bygningslova § 9-4.

4.5. Private reguleringsforslag

§ 30. Private forslag om regulering

"Grunneiere, rettighetshavere eller andre interesserte som ønsker å la utarbeide reguleringsplan bør før planleggingen settes i gang forelegge reguleringsspørsmålet for det faste utvalget for plansaker. Det faste utvalget for plansaker kan gi råd om planen bør utarbeides og kan bistå i planarbeidet.

Når det kommer inn private reguleringsforslag, skal det faste utvalget for plansaker selv snarest mulig behandle forslaget. Finner ikke det faste utvalget for plansaker selv grunn til å fremme reguleringsforslag for området, skal forslagsstilleren underrettes ved brev. Omfatter forslaget uregulert område eller innebærer det en vesentlig endring av gjeldende reguleringsplan, kan forslagsstilleren kreve at reguleringsspørsmålet skal forelegges kommunestyret.

For private reguleringsforslag gjelder bestemmelsen i § 27-1 nr. 1 annet ledd tilsvarende. Plikten til kunngjøring og underretning etter § 27-1 nr. 1 annet ledd påhviler den som lar utarbeide reguleringsplanen."



Føresegna gjev grunneigarar, rettshavarar og andre interesserte fritt høve til å leggje fram private forslag til reguleringsplan. I første ledd er det likevel slått fast at dei som ønskjer å utarbeide reguleringsplan, bør leggje reguleringsspørsmålet fram for det faste utvalet for plansaker før dei set i gang planlegginga. Då kan utvalet gje råd om kor vidt plan bør utarbeidast og eventuelt hjelpe til i planarbeidet.

Etter andre ledd har det faste utvalet for plansaker plikt til å handsame private reguleringsforslag. Dersom utvalet ikkje går med på forslaget, kan den som set det fram, krevje å få lagt reguleringsspørsmålet fram for kommunestyret. Vilkåret er at forslaget gjeld ei vesentleg endring av gjeldande reguleringsplan eller omfattar uregulert område. Den som har sett fram forslaget, skal ha brev om at han kan krevje reguleringsforslaget sitt lagt fram for kommunestyret. Reelle omsyn, systemet i lova og omsynet til god forvaltingssikk tilseier at den private forslagsstillaren òg må kunne krevje at framlegget hans blir lagt ved eller omtala tilstrekkeleg når utvalet fremjar eige forslag til kommunestyret. Planutvalet kan med andre ord ikkje stoppe det private forslaget. Dersom forslaget berre gjeld ei mindre vesentleg endring av ein endeleg reguleringsplan, gjeld ikkje retten til å krevje saka lagd fram for kommunestyret. Dette er spørsmål som det faste utvalet for plansaker kan avgjere etter § 28-1 nr. 2, og som kan klagast inn etter § 15.

Etter tredje ledd har private same plikt som kommunen til å varsle om at reguleringsarbeid er sett i gang, jf. § 27-1 nr.1 andre ledd. Dei private må bere kostnadene med denne kunngjeringa.

Omsynet til open saksforehavning og medverknad tilseier at kunngjering og varsling i samsvar med § 27-1 nr. 1 andre ledd skal skje uavhengig av om det er teke førehandskontakt med det faste utvalet for plansaker. Slik førehandskontakt bør vere det normale, m.a. for å få den hjelpa ein treng med kunngjering og varsling. Dersom det kjem inn planforslag utan at det har vorte kunngjort og varsla, må ein gjere dette før ein går vidare med handsaming av saka.

Det er likevel det faste utvalet for plansaker som har plikt til å kunngjere private framlegg til regu-

leringsplanen etter at framlegget er tilrådd (førstegongshandsaming).

Dersom private fremjar planforslag som alternativ til plan som er under handsaming, kan ein handsame desse enten som sjølvstendige planalternativ eller som merknader til det forslaget som det faste utvalet for plansaker legg fram.



5

Rettsverknader og planen som rettsleg dokument

§ 31. Virkninger av reguleringsplan

“1. Endelig reguleringsplan er straks bindende for alle tiltak som nevnt i §§ 81, 86a, 86b og 93 innenfor planens område. Det samme gjelder fradeling til slike formål. Grunnen kan heller ikke på annen måte tas i bruk eller fradeles til formål som vil vanskeliggjøre gjennomføringen av planen.

Kommunestyrets vedtak etter § 27-2 nr. 1 er straks bindende hvis det er gyldig uten departementets stadfesting etter § 27-2 nr. 2. Det faste utvalget for plansaker vedtak etter § 28-1 nr. 2 og 3 er straks bindende.

2. Kommunestyrets adgang til å foreta ekspropriasjon i medhold av reguleringsplan eller bebyggelsesplan etter § 35 nr. 1 og 2 bortfaller dersom ikke kommunestyrets vedtak om ekspropriasjon er gjort innen 10 år etter at planen er

kunngjort etter § 27-2 nr. 3.

For områder regulert til fornyelse (§ 25 nr. 8) bortfaller ekspropriasjonsretten og rådighetsinnskrenkningene etter nr. 4 for de eiendommer som kommunestyret, eller eksproprianten etter § 35 nr. 6, ikke har begjært skjønn for innen 5 år.

3. Når offentlig veg blir nedlagt i henhold til reguleringsplan for områder hvor det er eller skal bli tettbebyggelse, gjelder ikke § 8 i vegloven av 21 juni 1963.

4. Fra den tid vedtak om regulering til fornyelsesområde (§ 25 nr. 8) er gjort kjent i samsvar med § 27-2 nr. 3 kan grunneier (rettighetshaver) innenfor området ikke gjøre rett gjeldende i henhold til planen. Fra samme tid skal reglene om innskrenkninger i rådighetsretten etter § 28 i lov 23. oktober 1959 om oregning av fast eide dom gjelde tilsvarende for grunneiere (rettighetshavere) innenfor fornyelsesområdet.”



Når ein reguleringsplan er endeleg vedteken, er han bindande for arealbruk, frådeling, byggje- og anleggsverksemd innanfor planområdet.

Rettsverknaden av ein plan vil følgje av den arealbruksreguleringa som vert fastsette for vedkommande område. Med det store spelerommet ein har når det gjeld detaljeringsgraden i planen, vil det også skilje seg mykje fra plan til plan kva restriksjonar som vert lagde på areala.

Rettsverknadene gjeld først og fremst oppføring av bygningar og plassering av anlegg. Paragraf 31 nr. 1 krev at arealutnyttinga som er fastsett på reguleringsplankartet og føresegndene som er knytte til planen etter §§ 25 og 26, skal utgjere forbod mot å setje i gang slike byggje- og anleggstiltak som blir omfatta av §§ 81, 86a, 86b og 93 i lova.

Paragraf 84 om varige konstruksjonar, anlegg og vesentlege terrengeinngrep er ikkje lenger med i opprekninga av paragrafar i § 31 nr. 1. Etter lovendringa av 1995 går desse tiltaka inn under § 93 direkte, jf. bokstavane a), i) og j), og kjem dermed inn under tilvisinga til denne paragrafen.

Paragraf 85 om mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg, campingvogner, medrekna telt og liknande, går etter lovendringa inn under § 93 første ledd bokstav a), og kjem dermed i utgangspunktet inn under rettsverknadsregelen. Etter lova og § 23 i forskriftena gjeld meldeplikta for dei mellombels tiltaka, mens dei transportable anlegga kan stå i tre månader utan melding.

I område som kjem inn under reguleringsplan, er rettssituasjonen slik at tiltak etter § 93, meldepliktige tiltak etter §§ 81, 86a, 86b og mellombels og transportable bygningar, konstruksjonar og anlegg ikkje kan plasserast i strid med plan og føresegner. Føresegna i forskriftena av 1997 §§ 5, 6 og 7 om unnatak frå sakshandsamingskrava m.m. får ikkje følgjer for rettsverknaden.

I visse tilfelle, t.d. når det gjeld sektortiltak som går inn under forskriftena § 6 og mindre tiltak som går inn under forskriftena § 7 som inneber unnatak frå ei rekke av byggjeføresegndene i bygningslova og frå sakshandsamingskrav m.m. (jf. ovanfor

under 2.4.), kan det verte vanskeleg å kontrollere om tiltaket er i samsvar med reguleringsplan. Gjennom reguleringsføresegner vil kommunane kunne sikre seg ein viss kontroll; dette kan t.d. vere viktig i planar for bevaring av eit område av antikvarisk eller annan kulturell verdi. Vidare kan det vere aktuelt i planar med omfattande sektortiltak å gje reguleringsføresegner med krav tilsvarende dei materielle føresegndene som det er gjort unnatak frå i forskriftena § 6, t.d. når det gjeld miljøtilhøve, plassering av tiltak m.m.

Etter § 31 nr. 1 andre punktum kan det heller ikkje setjast i verk andre tiltak som kan gjere det vanskeleg å gjennomføre planen eller siktet målet med planen. Eit viktig, men vanskeleg spørsmål er difor kva for andre fysiske tiltak enn bygningar og anlegg (som er avhengige av søknad eller melding) som går inn under denne delen av føresegna.

Landbrukstiltak, som t.d. skog- og landbruksvegar, grøfting, bakkeplanering og masseuttak også til husbehov m.m. i område som er regulerte til friluftsområde eller naturområde, kan vere i strid med planen. Også drenering og nydyrkning av urørt areal, treslagskifte og bygging av skogsbiologiske vegar kan tenkjast å gjere det vanskeleg å gjennomføre planen dersom området er regulert til anna enn landbruk.

Når det i føresegner er sett vilkår for gjennomføringa av planen, t.d. om gjennomføring av bøtande tiltak, opparbeiding av fastsette tekniske anlegg, særskilde grenser for bruken og særskilde krav til bygningar m.m., kan ein byggherre ikkje innrette seg etter planen utan samstundes å fylle dei vilkåra som er fastsette.

Rettsverknadene av regulering i sjø / vassdrag er tilsvarende som på land, dvs. at byggje- og anleggstiltak som ikkje er i samsvar med planen, er ulovlege. Dersom sjøområde eller vassdrag vert disponerte til naturvernforemål eller anna form for "bandlegging", vil tilgang for allmenta òg kunne vere i strid med planen. I slike høve er det viktig at reguleringsføresegndene er presist utforma.

Reguleringsplan fastset ikkje eigarform. Plan vil difor normalt ikkje vere til hinder for at eigedom blir seksjonert.



På bakgrunn av dei endringane som no er vedtekne i § 93, vil også gjenopptaking og vesentleg utviding av igangverande verksemد bli fanga opp som søknadspliktige tiltak, slik at rettsverknadene av planen òg vil gjelde for dette.

Rettsverknadene av planen gjeld berre innanfor områdegrensa som er vist på plankartet. Rettsverknaden kan såleis femne om grunnen, undergrunnen, sjøområde og vassdrag, slik at han kan omfatte både vassflata, vatnet og botnen, alt etter korleis planen er utforma. I ei viss mon vil rettsverknadene òg gjelde luftrommet over baken og sjøen m.m.

Rettsverknadene som følgjer av reguleringsplan, gjeld både kommunen sjølv, private og statlege styresmakter og andre. Verknadene av planen er altså partsuavhengige.

For kommunen vil planen likevel normalt også vere retningsgjevande for eiga planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

Planen får rettsverknad frå det tidspunkt han vert vedteken av kommunestyret, eller stadfest av departementet dersom det er reist motsegn. Dersom det er reist motsegn mot planen, og motsega blir trekt tilbake etter at kommunestyret har fatta vedtak, men før saka er send til handsaming i departementet som stadfestingssak, vil rettsverknadene av kommunestyrevedtaket gjelde frå det tidspunkt motsega vert trekt tilbake. Plan som det er reist motsegn mot og som departementet vedtek, får verknad frå tidspunktet då departementet tek si avgjerd.

Forboda som vert fastsette er strafflagde, og ulovleg bruk og ulovlege tiltak i strid med planen kan krevjast retta eller stansa etter sanksjonsføresegnene i plan- og bygningslova. Rettsverknadene etter § 31 gjeld både vedtak om reguleringsplan som nemnt i §§ 18, 22, 24, reguleringsendring etter § 28-1 nr. 2 og utbyggingsplan etter § 28-2.

Vidare gjev planen grunnlag for oreigning, opparbeidingskrav og refusjonsutrekning. Som oreigningsgrunnlag blir planen forelda 10 år etter at han er vedteken, men arealbruksverknadene av planen står ved lag til han vert endra, oppheva eller sett til sides av nyare plan. Dersom kommu-

nen skal skaffe seg ny oreigningsrett for same plan, må planområdet gjennomgå ny planprosess.

I samband med regulering til byfornyng inneber planen ytterlegare restriksjonar, slik at grunneigar ikkje sjølv kan gjennomføre planen. Han kan heller ikkje disponere eigedomen rettsleg på ein måte som vil gjere fornyinga vanskelegare eller dyrare.

Reguleringsplan gjev ikkje private nokon ukrenkeleg og vederlagssikra rett. Dette inneber at kommunen alltid kan endre ein vedteken reguleringsplan utan at det i seg sjølv gjev grunnlag for erstatning. Tilsvarande vil ikkje avgrensinga i retten etter § 35 i forvaltningslova til å gjere om forvaltingsvedtak som er til gunst for ein part, gjelde for reguleringsvedtak.

Ei viktig side ved planvedtaka er at kommunen følgjer dei opp og handhevar dei gjennom handsaminga av byggjesaker som seinare kjem opp i dei regulerte områda, jf. § 95 nr. 2 i plan- og bygningslova.



5.1. Erstatning / innløysing

§ 32. Erstatning for tap ved reguleringsplan og bebyggelsesplan

"1. Medfører en reguleringsplan eller bebyggelsesplan ved bestemmelser om byggegrense innenfor veglinjen eller av andre særlege grunner at en eiendom blir øydelagt som byggetomt, og den heller ikke kan nyttas på annen regningssvarende måte, skal kommunen betale erstatning etter skjønn med mindre den erverver eiendommen i medhold av § 43. Det samme gjelder hvis reguleringsplan medfører at eiendom som bare kan nyttas til landbruksformål ikke lenger kan drives regningssvarende. Ved regulering av naturvernområder etter loven her skal kommunen betale erstatning etter skjønn i samsvar med lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern §§ 20, 20 b og 20 c.

Krav om erstatning må være satt frem senest 3 år etter at reguleringsplanen er kunngjort etter § 27-2 nr. 3, eller vedtak etter § 28-1 nr. 2 er gjort kjent eller bebyggelsesplan er kunngjort etter § 28-2 femte ledd.

Er grunnen bebygd, har eieren (festeren) det samme krav når bebyggelsen er fjernet. Kravet må i så fall være satt frem senest 3 år etter dette tidspunkt.

Erstatning for tap ved reguleringsplan som blir utarbeidet og vedtatt av departementet eller av kommunen i medhold av § 18, skal når ikke annet er bestemt betales av staten.

2. Når en eiendom bebygges i henhold til reguleringsplan eller bebyggelsesplan som gir den en vesentlig bedre utnytting enn andre eiendommer i området, og verdien av disse som følge av dette er blitt betydelig forringet, kan deres eiere (fester) ved skjønn tilkjennes erstatning hos eieren av den førstnevnte eiendom. Erstatningsbeløpet kan ikke settes høyere enn den verdiøkning som den bedre utnytting medfører for vedkommende eiendom, etter fradrag for de refusjonsbeløp som eieren (festeren) i tilfelle er blitt tilpliktet å betale i medhold av bestemmelsene i lovens kap. IX som følge av eiendommens utnytting.

*Krav om erstatning må være satt frem senest 3 måneder etter at byggetillatelse er gitt. Eier (fester) av eiendom som gis bedre utnytting, kan kreve forhåndsskjønn til avgjørelse av erstatningsspørsmålet når endelig reguleringsplan eller bebyggelsesplan foreligger.
Erstatningsbeløpet forfaller til betaling når byggearbeider er satt i gang, men tidligst 3 måneder etter at beløpet er endelig fastsatt."*

Det alminnelege utgangspunktet er at grunneigarar og rettshavarar ikkje har krav på kompensasjon for restriksjonar som reguleringsplanar og utbyggingsplanar fører med seg. Kommunen kan òg som brei hovudregel endre arealdisponeringa i eit område, t.d. frå byggjeområde til landbruksområde, utan vederlag for reguleringa.

Spørsmålet om erstatning vil normalt først komme opp dersom kommunen må få hand om ny grunn for å gjennomføre ein plan. Det vert normalt ikkje ytt vederlag for den vinninga nokon går glipp av ved ikkje å kunne disponere etter tidlegare plan.

Likevel kan det i særskilde høve vere aktuelt at ein ny plan medfører råderettsband som gjev rett på erstatning, jf. § 32 i plan- og bygningslova. Vilkåra etter lova er følgjande:

- Det skal ikkje vere bygd på eigedomen.
- Regulerings-/utbyggingsplanen medfører at eigedomen blir øydelagd som byggetomt som følge av byggjegrenser langs veg eller av andre særlege grunnar. Det må heller ikkje vere mogeleg å nytte eigedomen på annan rekeningssvarende måte. For eigedomar som berre kan nyttast til landbruk, må reguleringsplanen gjere at eigedomen ikkje lenger kan drivast rekeningssvarende.
- Krav om erstatning må vere sett fram seinast 3 år etter at reguleringsplanen / utbyggingsplanen er kunngjort eller reguleringsendring gjort kjend. Dersom bygningane blir fjerna etter slik offentleggjering, skal fristen på 3 år reknast frå den tid bygningane vart fjerna.



- Når ein regulerer eigedomar til naturvern føremål etter § 25 nr. 6, skal erstatningsvurderinga vere forankra i §§ 20, 20 b) og 20 c) i naturvernlova. Dette inneber at dersom reguleringa medfører ráderettsband som svarar til vern til naturminne eller naturreservat, skal grunneigar ha vederlag for det økonomiske tapet reguleringssinngrepet er årsak til. For dei andre verneformene, t.d. landskapsvern, vil hovudregelen om erstatningsfritak gjelde med mindre reguleringssinngrepet er så stort at det blir aktuelt med erstatning etter alminnelege rettsgrunnsetningar, jf. Grl. § 105, jf. § 97. Paragraf 32 er forstått slik at han i høve til § 105 i Grunnlova inneheld dei unnataka som gjev grunnlag for erstatning i samband med reguleringsvedtak etter plan- og bygningslova.

Kommunen vil normalt velje å få hand om eigedom ved oreigning etter § 43 i plan- og bygningslova dersom det ser ut til at eit erstatningskrav vil kunne føre fram.

Etter § 42 første ledd i plan- og bygningslova kan ein grunneigar eller festar krevje at det straks vert gjennomført oreigning dersom det ligg føre regulerings- eller utbyggingsplan som inneber at det kan oreignast etter § 35 nr. 1 eller § 35 nr. 6 i lova i den grad det gjeld grunn som er avsett til føremål nemnde i § 25 nr. 3, 4, 7 og 8, offentlege trafikkområde, friområde, fellesområde og fornyingsområde. Vilkåra for å krevje innløysing etter § 42 fell langt på veg saman med vilkåra for vederlag etter § 32. Innløysingsreglane er eit unnatak frå regelen om at det er kommunen som set tidspunktet for oreigning, og dei gjer det såleis mogleg for grunneigaren å framkunde den offentlege overtakinga av ein eigedom.

Ny plan eller endring av eksisterande plan kan hindre gjennomføring av eit planlagt byggjetiltak i samsvar med tidlegare gjeldande plan. Dette kan føre til erstatning for spilte prosjekteringskostnader i samband med utarbeiding av byggjeteikningar. Her har utbyggjar i god tru utarbeidd desse i tillit til gjeldande plan utan å ha vore orientert om eller hatt kjennskap til det nye planarbeidet.

Rettspraksis går elles ut på at ein ikkje gjev erstatning til å dekkje slike faktiske kostnader med

planlegging av tiltak. Difor er det berre utgifter som knyter seg til utarbeiding av søknad om bygjeløyve som kan falle inn under denne erstatningsordninga.

5.2. Oreigning

Etter § 35 i plan- og bygningslova gjev reguleringsplan og utbyggingsplan heimel til å oreigne for å gjennomføre alle dei føremåla som kan leggjast ut i slik plan, men med unnatak for område som er lagde ut til landbruksføremål etter § 25 nr. 2. Både staten og kommunen kan oreigne utan at det trengst særskilt samtykke til å gjennomføre oreigningsskjønet. Fylkeskommunen har òg oreigningsrett til visse føremål.

Når det gjeld oreigning til fornying etter § 25 nr. 8, kan kommunen overlate til tredjepart å gjennomføre eventuell oreigning. Ut over dette kan grunneigar eller festar med samtykke frå kommunestyret få samtykke etter § 38 i plan- og bygningslova til oreigning av tiltak som krevst opparbeidde etter §§ 67 og 67 a) som vilkår for å dele eller byggje ut ein eigedom. Dette gjeld tilkomst, avlopsanlegg og fellesareal og parkbelte i industriområde.

Elles gjev § 36 i plan- og bygningslova rett til å oreigne byggjegrunn til nytt tettbygd område m.m., og etter § 38 kan kommunen eller private oreigne med sikte på høvesvis tomtearrondering og nødvendig flytting av eigedomsgrenser for at grensene mellom byggjetomter skal ligge høvelig til.

Oreigning inneber tvangsoverdraging av eigedom eller rettar mot vederlag som skjønsretten fastset etter reglane i vederlagslova.



5.3. Opparbeidingskrav

Når det gjeld søknad om deling av eideom etter § 63 nr. 3 i plan- og bygningslova eller om byggleiye etter § 93, følgjer det at lova at kommunen skal eller kan krevje tilknyting til tekniske anlegg eller opparbeiding av veg, vatn og avløp m.m. etter reglane i §§ 65-67 a). Opparbeidingsplikta gjeld i utgangspunktet også tiltak etter §§ 81, 82 og 87 nr. 2 (§ 87 nr. 2 berre når det vert etablert nye bueiningar).

Paragraf 67 gjeld plikt til å opparbeide slike anlegg i strok som kjem inn under reguleringsplan og / eller utbyggingsplan for å sikre at tekniske anlegg vert ført vidare etter kvart som eit strok vert bygd ut.

Det kan krevjast opparbeiding i strok som er lagde ut til utbygging eller råstoffutvinning etter § 20-4 første ledd nr. 1 eller 3 i plan- og bygningslova når ein slik plan legg fast kvar vegar og leidningar skal plasserast.

Veg skal opparbeidast frå enden av ein eksisterande veg til og langs den tomota (på den sida der tomota har tilkomst/avkørsle) som skal frådelast eller byggjast ut. Vegen kan krevjast opparbeidd i regulert vegbreidd inntil 10 meter i tillegg til nødvendige sideareal for skjeringar og fyllingar.

Opparbeidingsplikta er som hovudregel avgrensa til 6 meter effektiv vegbreidd, som omfattar køyrebane og fortau. For visse slag utbygging (forretning, kontor, industri og bustadblokker) kan ein utvide opparbeidingsplikta til 20 meter. Krav om opparbeiding av felles avkørsle er forankra i § 67 a).

Også leidningar må leggjast frå næreste hovedleidning for vatn eller avløp fram til og langs eller over tomta.

Kommunen har rett og plikt til å ta over anlegget og vedlikehaldsplikta når anlegget er gjennomført etter dei krav kommunen har fastsett.

5.4. Refusjon

Ut over dette har plan- og bygningslova reglar i kap. IX om at den som må opparbeide nødvendige fellesanlegg for veg, vatn og avløp, eller fellesareal for fleire eigedomar, kan krevje økonomisk refusjon hos andre som også får nytte av tiltaka som vert opparbeidde. Føremålet med refusjonsreglane er å dele utgiftene til opparbeiding av nødvendige tekniske fellesanlegg og fellesareal, jf. m.a. reglane i kap. XII i plan- og bygningslova om tekniske krav som vert stilte til bygjetomta for at ho skal kunne byggjast ut. Eitt av grunnkrava for å kunne krevje refusjon er at det aktuelle stroket er regulert eller planvurdert, jf. omtale ovanfor av kva tiltak som kan krevjast opparbeidde, og krevet om plangrunnlag og planvurdering. Refusjon kan krevjast både av offentleg styresmakt og av private.



5.5. Dispensasjon

§ 7 Dispensasjon

"Når særlige grunner foreligger, kan kommunen, dersom ikke annet er fastsatt i vedkommende bestemmelse, etter søknad gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser i denne lov, vedtekts eller forskrift. Myndigheten til å gjøre vedtak om dispensasjon fra arealdel til kommuneplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan, er med mindre annet er bestemt i vedkommende plan, lagt til det faste utvalget for plansaker etter denne lovs § 9-1. Det faste utvalg for plansaker er videre dispensasjonsmyndighet etter §§ 17-2, 23 og 33 i loven her. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid og innebærer at søkeren ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg uten utgift for kommunen må fjerne eller endre det utførte eller opphøre med midlertidig tillatt bruk eller

oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand.

Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier (fester) for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.

Før det gjøres vedtak, skal naboer og gjenboere varsles på den måten som nevnt i § 94 nr. 3.

Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter § 93 eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Ved dispensasjon fra kommuneplanens arealdel, reguleringsplan, bebyggelsesplan eller fra denne lovs §§ 17-2 og 23, skal fylkeskommunen og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, være gitt hove til å uttale seg før dispensasjon gis."

Paragraf 7 gjev det faste utvalet for plansaker heimel til å dispensere frå planen. Men det kan ikkje gjevast dispensasjon utan at særlege grunnar ligg føre. Dette inneber at ingen har krav på dispensasjon.

I ein godkjend plan ligg at arealbruken er vurdert gjennom ein omfattande vedtaksprosess, der dei ulike interessene har hatt hove til å ta del. Det skal difor ikkje vere enkelt å fråvike reguleringsplan gjennom dispensasjon. Ein dispensasjon frå godkjend plan inneber at det er godkjent eit avvik frå planen utan at sjølvé planen dermed er endra. Dispensasjon vil dermed vere mest aktuelt for mellombels og tidsavgrensa unnatak, men kan òg gjevast ved varige unnatak der ein likevel ikkje ser det som ønskjeleg å endre sjølvé planen.

Vesentlege planføresetnader må ikkje fråvikast ved bruk av dispensasjon. I slike hove bør det heller reisast framlegg om endra plan.

Vurdering av særlege grunnar

Uttrykket "særlege grunnar" må tolkast på bakgrunn av dei offentlege omsyna som skal vareta-

kast gjennom planlegginga. Dersom tiltaket strir direkte mot desse omsyna, ligg ikkje særlege grunnar føre, og det er ikkje hove til å gje dispensasjon.

Er det derimot ei overvekt av omsyn som talar for dispensasjon, vil lovkravet om særlege grunnar vere oppfylt, og det faste utvalet for plansaker må då ut frå skjøn vurdere om det bør gje dispensasjon. Om "særlege grunnar" sjá elles "Planavdelingen informerer" nr. 2/95.

Vedtak om dispensasjon skal grunngjevast. Det faste utvalet for plansaker må i kvart tilfelle gjøre ei konkret og reell vurdering av alle relevante omstende. I vurderinga er det viktig å legge vekt på kva det aktuelle området er lagt ut til i planen og kva grunnar som er gjevne for dette. Ein bør t.d. vere svært varsam med å dispensere i område som har fått særleg vern. Det same gjeld område som er disponerte til særskilde føremål, der ein har teke omsyn til interessene til andre styremakter eller på anna vis sikra dei for ein særskild bruk.

Som nemnt ovanfor i kapittel 3 kan kommunestyret for kvar einskild plan gjøre greie for kva



omsyn som vert varetekne i planen. Dette vil verke inn på vurderinga av om det ligg føre "særlege grunnar" for å dispensere. Men ein må alltid vurdere dei særlege grunnane konkret, og ein kan ikkje trekke opp allmenne retningsliner for når vilkåra i lova er oppfylte eller ikkje. Når det gjeld saker der kravet om særlege grunnar er oppfylt, kan kommunane på den andre sida gå lengre i å trekke opp eigne retningsliner ut frå lokalpolitiske føresetnader for skjønsvurderinga av om ein skal / bør gje dispensasjon, jf. omgrepet "kan" som vert brukt i lova.

Sakshandsaming

Spørsmålet om dispensasjon skal gjerast kjent for naboar før det faste utvalet handsamar dispensasjonssaka.

Fylkeskommunen og sektoretatar som saka vedkjem direkte, skal ha høve til å uttale seg.

Kommunen må vurdere kven som er impliserte partar og aktuelle høyningsinstansar. Ein gjennomgang av aktuelle innspel til planen handsaminga av planen kan gje haldepunkt for å vurdere kva for interesser planen får følgjer for. Det kan t.d. vere fagstyresmakter som har stilt krav til sakshandsaminga ved sluttbehandlinga av arealdelen. Desse vil vere naturlege høyningspartar saman med andre aktuelle interessentar i området.

Sektorstyresmaktene, fylkeskommunane og kommunane bør søkje å finne praktiske og føreseilege rutinar for når slike saker skal leggjast fram for sektorstyresmaktene og fylkeskommunane.

Dersom statlege eller fylkeskommunale etatar går imot dispensasjon, bør det faste utvalet for plansaker ikkje gje dispensasjon. Ein kan då gå ut frå at særlege grunnar ikkje ligg føre. Sjá elles rundskriv T-5/84 om tilhøvet mellom dispensasjon og mindre vesentleg endring av reguleringsplan.

Klagerett for statleg fagorgan og fylkeskommune

Den kommunale bygningsetaten er ikkje fráteken vedtaksfullmakt ved at eit statleg eller fylkeskom-

munalt styringsorgan går imot at det vert dispensert (slik det er ved motsegn mot planforslag). Kommunale organ kan difor gjere vedtak i strid med interessene til statlege fagorgan eller fylkeskommunen der desse er sikra i bindande arealplanar.

Lova har likevel ein utvida klagerett for offentlege organ. Plan- og bygningslova § 15 "Forholdet til forvaltningsloven og klage" gjev statlege etatar og fylkeskommunen rett til å klage på vedtak om dispensasjon. Spørsmålet om eit dispensasjonsvedtak er gyldig og haldbart når det er i strid med interessene til sektororgana eller fylkeskommunen, vil då kunne etter- og overprøvast av Miljøverndepartementet (fylkesmannen).

Når statlege sektororgan eller fylkeskommunen har uttala seg og kome med merknader, har dei òg krav på å bli underretta om vedtaket, slik at dei kan nytte klageretten.

Endring av dispensasjonskompetanse

Lovreglane om dispensasjon og dispensasjonsrett kan ikkje opphevast i planvedtak.

Det kan likevel fastsetjast at fullmakta til å dispensere frå planen blir lagd til eit anna organ enn det faste utvalet for plansaker. Dette kan kommunestyret gjere i planvedtak, eller Miljøverndepartementet kan gjere det i samband med stadfesting av plan som det er reist motsegn mot. Dispensasjonskompetansen kan t.d. leggjast til formannskapet, kommuneplanutvalet eller kommunestyret sjølv dersom kommunestyret finn at lokale omsyn talar for at eit høgare kommunalt styringsorgan skal vurdere og avgjere dispensasjonar.

Miljøverndepartementet har i eitt høve avgjort at fullmakta til å vedta dispensasjonssaker mellomtids blei lagd til fylkesmannen i påvente av at grensa mellom byggjeområde og landbruksområde vart endeleg avklara.



5.6. Plan- og bygningslova og tilhøve til sektorlovene

Planlegging og forvalting av arealbruk og andre naturressursar skal som eit hovudprinsipp skje etter reglane i plan- og bygningslova. Det går klart fram av § 2 Formål, som seier at denne lova skal ha både formell og reell overordna og samordnande funksjon i slike saker. Jf. òg Stortinget sin føresetnad om forenkling av regelverk om arealdisponering i anna lovverk og samordning med plan- og bygningslova i Innst. O. nr. 30 for 1988-89. I størst mogeleg grad skal avgjerder om arealdisponering og om bruk og vern av naturressursar takast av lokalt, sektornøytralt og folkevælt organ.

På den andre sida er det ei rekke sektorlover som har reglar om korleis areal og naturressursar skal disponerast innanfor sine ulike saksområde. Desse lovene blir for det meste handheva av fagetatar på ulike nivå i forvaltninga. Reglane i sektorlovene om handsaming av slike saker skil seg fra reglane om planlegging og handsaming av einskildsaker i plan- og bygningslova, og samordninga med reglane i plan- og bygningslova varierer.

Ut frå skilnadene i oppbygging, sakleg verkeområde og føremål vil det ikkje sjeldan oppstå konfliktar i sakshandsaminga og mellom vedtak i medhald av sektorlov og plan etter plan- og bygningslova.

Det er difor ei særskilt viktig oppgåve å få dei ulike føresegnene om arealdisponering betre samordna. Dei ulike sektorlovene det er tale om (sjå lista nedanfor), utgjer samla eit ganske ueinsarta lovverk. Ein må difor søkje smidige løysingar etter konkrete vurderingar i høve til kvar einskild lov.

Dette kan m.a. skje ved å bruke "samtykkemodellen". Etter denne står reglane for sakshandsaming etter sektorlova ved lag, men det vert innført krav om at planetaten må samtykkje i at saker vert ferdighandsama etter sektorlova dersom dei er i strid med plan etter plan- og bygningslova.

I saker der sektorlov og plan- og bygningslov krev særskild handsaming, må siktemålet vere å få parallelitet i handsaminga, slik at ein slepp sepa-

rate og etterfølgjande førehavingar. Dette siste vil gjere planprosessen både seinare og meir uklar.

Det er også viktig at sektorlov og plan- og bygningslov blir handsama på ein slik måte at rettsverknadene av vedtak og plan samsvarer.

For saker som fører til reine arealdisponeringsvedtak, vil løysinga kunne vere at ein held fast ved dei materielle reglane i sektorlova, medan sakshandsaminga skal gå føre seg i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Det følgjer av føremålsparagrafen i plan- og bygningslova og §§ 1, 20-6, 31 m.fl. at rettsverknadene av planar også gjeld fullt ut for tiltak og arealbruk som kjem inn under sektorlov, dvs. at plan- og bygningslova og sektorlov gjeld side om side.

Aktuelle lover som vedrører arealdisponering, er m.a.
følgjande:

Lov av 14. desember 1917, vassdragsreguleringslova

Lov av 7. mars 1940 nr. 3, vassdragslova

Lov av 21. juni 1963 nr. 23, veglova

Paragraf 12 i lova slår fast at planlegginga etter veglova skal skje etter reglane i plan- og bygningslova om arealplanlegging. Vegplan kan ikkje vere i strid med bindande arealdel av kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan.

Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965 (skogbrukslova)

Paragraf 3 første og andre ledd i skogbrukslova svarer etter endringar ved "samordningslova" av 1989 fullt ut til jordlova § 2 første og andre ledd. Det vil seie at § 50 i skogbrukslova, som krev løyve frå skogoppsynet for å leggje om skogmark, vik for planar etter plan- og bygningslova.

Lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern

Etter § 18 skal vernevedtak følgje tilnærma same saksgang som statleg reguleringsplan etter § 18 i plan- og bygningslova.



Lov av 31. mai 1974 nr. 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova)

Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner

Det er Riksantikvaren som treffer fredingsvedtak etter §§ 5, 15 og 21. Fredingssaker skal elles håndsamast etter same saksgang som statleg reguleringsplan etter § 18 i plan- og bygningslova.

Lov av 9. juni 1978 nr. 49 om reindrift

Lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingslova)

Lov av 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a.

Etter § 41 skal jordskifteretten ta omsyn til planar etter plan- og bygningslova.

Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall

Om mogeleg skal ein søkje å løyse forureinings-spørsmål for større område under eitt og på grunnlag av oversiktspelanar og reguleringsplanar. Dersom verksemda vil vere i strid med endelige planar etter plan- og bygningslova, skal forureningsstyrestrukta berre gje løyve etter forureningslova med samtykke frå planstyresmaktene (samtykkemodellen).

Lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet

Paragraf 7 i viltlova stiller eit allment krav om at omsynet til viltinteressene skal innpassast i oversiktspelanlegginga etter plan- og bygningslova.

Lov av 19. november 1982 nr. 68 om planlegging av helse- og sosialtjenesten i kommunene

Etter § 6 i denne lova skal kommunen samordne planane for sosialtenesta og helsetenesta med kommuneplanen.

Lov av 4. mars 1983 nr. 77 om eierseksjoner

Ein kan ikkje seksjonere eigedom som kjem inn under vedtak om utgreiingsprogram eller reguleringsplan til fornyingsområde etter plan- og bygningslova.

Lov av 8. juni 1984 nr. 51 om havner og farvann m.v.

Etter § 27 kjem hamneplanlegging inn som ein del av kommune- og fylkesplanlegginga etter plan- og bygningslova.

Lov av 14. juni 1985 nr. 68 om oppdrett av fisk, skalldyr m.v.

Lov av 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

Denne lova har ikkje nokon samordningsregel med plan- og bygningslova

Lov av 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart

Lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)

Etter § 2 i den nye jordlova gjeld ikkje reglane i § 9 om arealdisponering og § 12 om forbodet mot deling eller omdisponering av eigedom som vert nytta eller kan bli nytta til jordbruk eller skogbruk i område som:

- i reguleringsplan eller utbyggingsplan er lagde ut til andre føremål enn landbruk og fareområde.
- i bindande arealdel av kommuneplan er lagde ut til byggeområde, område for råstoffutvinning eller landbruks-, natur- og friluftsområde, der grøntutnyttinga er i samsvar med reglar om spreidd utbygging, som krev at utbyggingsplan ligg føre før ein kan byggje ut.



6

Saksframstilling og saksmateriale

6.1. Juridisk bindande planmateriale

Vedteken regulerings- eller utbyggingsplan omfattar vanlegvis godkjent/stadfest plankart og eit sett tilhøyrande føresegner. Desse utgjer det juridiske dokumentet som får rettsverknader etter plan- og bygningslova § 31. Det juridiske dokumentet kan framstillast tredimensjonalt. For å få planen eintydig kan det vere nødvendig å målsetje delar av han.

6.2. Redigering av reguleringsføresegner

For å gjere føresegne oversiktlege og for å gje eit grunnlag for einsarta oppbygging av føresegne fra reguleringssak til reguleringssak, bør dei redigerast slik:

- Overskrift med kommunenamn
 - Namn eller anna kjennemerke på reguleringsområdet, eventuelt gnr./bnr.
 - Dato på plankartet: siste revisjonsdato og dato for vedtak i kommunestyret
- Fellesføresegner
- Føresegner for dei einskilde byggjeområde
- Føresegner for andre reguleringsføremål
- Andre aktuelle føresegner
- Både føresegner for dei einskilde reguleringsføremål og fellesføresegne bør følgje tematiseringa i plan- og bygningslova § 26, jf. omtalen ovanfor i kapittel 3 og dei einskilde reguleringsplandøma.

6.3. Planframstilling og anna saksmateriale

Planen bør vere enkelt framstilt og må vere nøyaktig, slik at forståinga blir eintydig, både p.g.a. rettsverknadene av planen og av omsyn til den einskilde og fordi planen skal vere eit grunnlag for utbygging og gjennomføring. Forstælelege planar er òg nødvendige for å oppfylle føresetnaden i plan- og bygningslova om medverknad frå alle partar som planen får følgjer for.

Planomtale, illustrasjonar og modellar er viktig forklarande tilleggsmateriale til planen. Omtalen bør m.a. innehalde bakgrunnen for planutforminga, viktige føresetnader, tilhøvet til kommuneplanen og ikkje minst målsetjing med planen.

Illustrasjonar (eksempel på konkrete løysingar) og skisser, t.d. snitt og perspektiv og/eller modellar, er med på å klargjere kva planen inneber for utbygging i planområdet. Illustrasjonsplanar er ikkje rettsleg bindande.



6.4. Tilhøvet til andre planar

6.4.1. Tilhøvet til andre reguleringsplanar

Tilhøvet til andre gjeldande reguleringsplanar som rører ved området, må gå fram av saksmaterialet. Ved reguleringsendringar på mindre areal må verknader av endringa gå fram av planmaterialet.

6.4.2. Tilhøvet til kommuneplanen

Høyringsinstansane må i si sakshandsaming kunne vurdere planområdet i høve til område omkring. Planområdet må difor visast på eit oversiktskart, som bør vere eit eksemplar av arealdelen til kommuneplanen (medrekna eventuell kommunedelplan eller "tematisk kommundelplan").

6.4.3. Andre overordna planar og opplysningar

Planomtalen som skal følgje planen, skal omfatte eventuelle rikspolitiske retningsliner som påverkar planen og tilhøvet til fylkeskommunen. Mellom anna føreset rikspolitiske retningsliner at det med plansaka følgjer ei utgreiing om konsekvensane for barn og unge som kan styrke interessene til desse gruppene i planlegginga.

Eventuelle avvik frå arealdelen av kommuneplanen må grunngjenvast spesielt. Det same gjeld avvik frå fylkesplan, rikspolitiske retningsliner eller andre overordna planar og retningsliner. Ugrunna avvik kan føre til motsegn frå aktuelle fagorgan.

I planomtalen skal det òg gjerast greie for tilhøvet til trafikkstøy, anna forureining og andre viktige miljøspørsmål, kommunikasjonar, servicefunksjonar, grøne område og andre omstende som spelar inn i vurderinga av innhaldet i planen og kva følger han får.

6.5. Saksmateriale ved formell handsaming

Nedanfor følgjer eit oversyn over kva saksmateriale saka bør innehalde når ho vert send til fylkeskommunen og andre aktuelle fagstyresmakter til uttale, når planen vert lagd ut for offentleg ettersyn og ved handsaming i kommunestyret.

Oversending til fylkeskommunen og andre aktuelle fagstyresmakter for uttale:

Framlegg til plankart med føresegner, oversiktskart, illustrasjonar og planomtale med grunngeven utgreiing om tilhøvet til kommuneplanen og/eller fylkesplanen.

Offentleg ettersyn:

Forslag til plankart med føresegner, oversiktskart, planomtale og illustrasjonar.

Førehaving i kommunestyret

Saksframstilling, vedtaket i det faste utvalet for plansaker, plankart med føresegner, planomtale, gjennomgang av merknadene til planforslaget og nødvendig illustrasjonsmateriale for å gje god forståing av konsekvensane av framlegget det skal takast stilling til.

Dersom saka fell inn under føresegnehene om melding og konsekvensutgreiing i kap. VII a i lova, må også godkjenningsbrev m.m. i KU-saka leggjast ved.

Saksframstillinga:

Omtale av merknader som er komne inn under sakshandsaminga, må leggjast ved. Det må gå fram om og i tilfelle korleis merknader er tekne til følgje. Det må opplysts om grunn der merknader ikkje er tekne til følgje. Plandokumenta for siste handsaming i det faste utvalet for plansaker bør gjere klart greie for kvar det ligg føre motsegner og merknader, og om ein meiner at desse bør takast til følgje. Innkomne merknader må fullt ut vere tilgjengelege for kommunestyret og for klagehandsaming og sentral sakshandsaming etter motsegner.



6.6. Handsamingsskjema

Som eit hjelpemiddel til å sikre at alle sider ved planinnhaldet, utforminga, tilhøvet til bebuarar og andre interesser, samarbeidet med andre styremakter, planframstilling og sakshandsaming er tekne godt hand om, kan det brukast eit handsamingsskjema. Her markerer ein dei ulike fasane i planarbeidet, som så vert kryssa ut etter kvart som dei vert gjennomførte.

Fleire fylke har utarbeidd slikt handsamingskjema.

6.7. Avgrensing av planområdet

Planområdet skal vere klart og eintydig avgrensa og vist med ei tydeleg grenseline på plankartet. Dette er nødvendig også i sjøen. Grensar planen mot sjø / og eller vatn, skal plangrensa trekjast langs den strandlinia som er flomål i sjø og langs middelvannstand i ferskvatn.

Planområdet bør fremne om dei arealsom har ein bruk som naturleg høyrer eller bør høyre saman. Elles bør planen i størst mogeleg grag følge naturlege grenser (elv, strand planlagte eller eksisterande vegar m.v.) eller eigedomsgrenser.

Planar før veganlegg bør også fremne om tilgrensande areal som vert påverka av utbygginga. Planområdet bør fremne om heile trafikkområdet slik som skjeringar, fyllingar, støyskjerming og friuktssoner. På same måte bør planen i grensa mellom utbyggingsområde og naturområde, vassdrag, m.v. også fremneomdei delane av naturområde som vert påverka av utbygginga, slik at utbygginga kan tilpassast lanskapstilhøve og bruken av naturområde.

6.8. Avgrensing av føremåla

Alle areal i planområdet (land, ferskvatn og sjø) skal tildelast eit arealbruksføremål. Planen må vise klart kva reguleringsføremål dei einiske areala i planområdet er avsette til. Det kan ikkje brukast nemningar som t.d. "uregulert" eller "reserveareal", og det kan heller ikkje setjast av kvite felt utan nemning. Viss det ikkje kan takast stilling til alle areal i planområdet, må planområdet avgrensast på nytt slik at uspesifiserte areal fell utanfor.

6.9. Rettslege krav til planframstillinga og følgjene av eventuelle feil

Planen er eit enkeltvedtak og eit rettsleg grunnlag for utbygging, vern, refusjon, oreigning m.m., jf. omteie av rettsverknadene av planen i kapittel 5. Planen må vere slik utforma at han løyer alle aktuelle spørsmål om arealbruk og utbygging innanfor planområdet, slik at han gjev grunnlag for ei forsvarleg og lovleg utbygging og gjennomføring. Legalitetsprinsippet inneber at reguleringa i sitt innhald berre kan gå så langt som det er heimel for i lova etter §§ 25 og 26, jf. §§ 2 og 22.

Dei same krava gjeld ved forenkla reguleringsplan etter § 24 og utbyggingsplan etter § 28-2. Dersom ein plan inneheld "føresegner" og "arealbruksføremål" o.l. som ikkje har heimel i lova, er desse ugyldige. I så fall må det vurderast konkret om planen er delvis eller heilt ugyldig. I utgangspunktet vil planen vere ugyldig berre så langt grunnane til rettskraftmangelen tilseier.



7

Framstilling av reguleringsplanar og bebyggelsesplanar

7.1. Omgrep

Basiskart er nemninga på det kartgrunnlaget som vert brukt til presentasjon av reguleringsplan eller utbyggingsplan. Basiskartet skal sikre at stadfestinga av planinhaldet blir tilfredsstillande identifisert.

Plankart vert brukt som nemning på presentasjon av reguleringsplan eller utbyggingsplan på basiskart. Plankartet omfattar alle utgåver av planane, frå det første framlegget som ligg føre, gjennom ulike høyringsutkast og fram til endeleg godkjend plan.

Godkjent plankart vert brukt som nemning på kartet som inneholdt presentasjonen av den endeleg godkjende utgåva av reguleringsplan eller utbyggingsplan. Det godkjende plankartet er det rettslege dokumentet i høve til plan- og bygningslova, og dette skal ligge føre i 4 like eksemplar med påteikning om kven som har godkjent det.

Plantema vert brukt som nemning på all kartfest informasjon i plankartet utover basiskartet.

7.2. Utarbeiding av plankart

Analog/digital planlegging

Dei fleste reguleringsplanar og utbyggingsplanar er framstilte analogt ved hjelp av oppteikning på folie av analogt basiskart. Dette inneber at det ved gjennomføring av planen må utførast stikkingsbereking av senterliner, føremålgrenser, byggjegrenser m.m. basert på rutenettet i kartet. Då digitale grunnkart og DAK-system vart tekne i bruk, kunne data frå grunnkart importerast til DAK-systemet, og planen vart då koordinatfesta alt ved oppteikninga, slik at stikkingsdata kunne hentast direkte frå teikninga. Ulempa var at DAK-teikninga ikkje gav den kartografiske utsjånaden som ein var van med frå analoge kart. I mange tilfelle vart difor den digitale planen plotta på folie for samkopiering med eit analogt presentert grunnkart. DAK-systema er baserte på konstruksjon av liner der desse vert lagde på like lag avhengig av tema og seinare presentasjon. Det var i liten grad fokusert på standardisering av lagoppdeling for bruk i oppteikning av planar etter plan- og bygningslova. Utviklinga dei siste åra har resultert i både DAK-system og kartsystem som



er spesielt laga for digital planlegging og presentasjon av planar. Dei baserer seg på ein standard for plandata som innehold kodar for dei ulike liner og føremål som vert nytta i reguleringsplanar og utbyggingsplanar. Dette inneber at digitale planema både kan knytast mot presentasjonsreglar for plankartet og integrerast i eit geografisk informasjonssystem.

SOSI-standarden

SOSI står for Samordna Opplegg for Stadfest Informasjon, og er eit strukturert sett av standarar for informasjon som vedkjem objekt eller fenomen som er direkte eller indirekte stedfeste. Standardane inneholder mellom anna definisjonar og omtale av typiske kartdata, og spesifiserer metodar for overføring av slike data i digital / elektronisk form mellom ulike brukarar, system og geografiske område.

SOSI versjon 3.0 er pr. oktober 1998 siste gjeldande utgåve. SOSI-standarden kan ein få ved å vende seg til SOSI-sekretariatet i Statens kartverk.

Data som skal registrerast, må ha ein eller fleire (multiple) temakodar. Temakodane er til vanleg numeriske kodar. Ei grenseline kan vere koda som eigedomsgrense, ei anna kan t.d. også vere kommunegrense. Sjølve flata som vert avgrensa, får dessutan opplysningar om kva liner som avgrensar flata og kva eigenskapar flata har, t.d. gnr./bnr. Ved å utvikle eit bestemt kodesett, er det i røynda også føreteke ei strukturering av dataene. Statens kartverk har gjennomført eit omfattande standardiseringsarbeid m.o.t. bruk av temakodar for å sikre at ulike miljø skal kunne utveksle data. Utarbeiding av standardane er utført i samarbeid med dei aktuelle fagmiljøa.

Omtalen av plandata er teken inn i SOSI i kap. Plantema. Omtalen inneholder kodar for dei ulike linene (LTEMA) som førekjem i arealdelen av kommuneplanen (avgrensing av arealbrukskategoriar, bandlegging m.m.) og viktige ledd i kommunikasjonssystemet (vegar, jarnbane m.m.). For arealbruksflatene (FTEMA) er det oppgjeve kodeseriar for arealbrukskategoriar, restriksjonar, grad av utnytting m.m. Som ledd i arbeidet med revi-

sjon av rettleiinga er departementet og SOSI plandatagruppe samde om nokre endringar som gjeld nemningar og kodar i SOSI versjon 3.0. Rettleiinga si norm for fargar og symbol omfattar desse endringane, og dei vil verta innarbeidde i den neste revisjonen av SOSI.

Kartgrunnlag

Kommunen skal sjå til at det vert utarbeidd kartgrunnlag for dei planføremåla som er omhandla i plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova sine tekniske forskrifter § 2-1 Kartverk. Departementet vil med det aller første gje ut ei eiga rettleiing til forskriftene. Kommunane kan basere kartgrunnlaget på kartlegging i eigen regi eller kartgrunnlag frå Statens kartverk.

Eit analogt kartgrunnlag vil vere kommunen sitt tekniske kartverk i målestokk 1:500 - 1:2000, eller i særskilde tilfelle Statens kartverk sine kartseriar Økonomisk kartverk i målestokk 1:5000.

Ved analog planlegging vil kartgrunnlaget for utarbeiding og for presentasjon vere det same. For å få eit mest mogeleg nøyaktig resultat der planen skal presenterast i mindre målestokk enn originalkartet, bør plantema innteiknast i originalmålestokk. Plankartet kan deretter nedfotograferast.

Miljøverndepartementet rår kommunane til å gå over til digital kartforvaltning, og at kommunane sine kartverk vert forvalta i samarbeid mellom kommunane, Statens kartverk og andre større geodatabrukarar, helst basert på Geovekstavtalen. Det digitale kartgrunnlaget bør følgje SOSI-standarden sine spesifikasjonar for Felles KartdataBase (FKB) i samsvar med detaljeringsstandardane FKB-A, B, C og D alt etter utbyggingsettleiken i dei ulike område av kommunane. Reguleringsplanar og utbyggingsplanar vil normalt krevje kartlegging etter FKB-A eller B standard.

Temagrunnlag

I tillegg til kartgrunnlaget kan det vere behov for å hente grunnlaget for føremålsgrenser m.m. også frå andre opplysningskjelder, t.d. eigedoms-



tilhøve, avgrensing av tilgrensande planar, naturvernområde, kulturminne m.m. Mange av desse regis tra vil etter kvart liggje føre i digital form.

Arealis

I løpet av 1998 vil alle fylke vere i gang med etablering av «Arealis», som er nemninga for fylkesvise arealinformasjonssystem. Etablering av ein felles database er i gang i kvart fylke, med geografisk informasjon om natur, landbruk, kultur, rekreasjon, landskap, beredskap, kyst, forureining m.m.

Målgruppa for arbeidet er kommunal planlegging, og føremålet er at arealinformasjon skal bli lettare tilgjengeleg tidleg i planprosessen for dermed å oppnå ei raskare planlegging og handsaming og færre motsegner.

Arealis er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmann, fylkeskommune, etatar på fylkesnivå og samarbeidande kommunar. Statens kartverk er ansvarleg for drifta av databasen, og spørsmål om kva datasett og geografiske område som ligg inne i basen, kan rettast til fylkeskartkontoret.

Planar som del av eit kommunalt forvaltingssystem

Mange kommunar har etablert digitale kartforvaltingssystem eller GIS-løysingar (Geografisk Informasjons System). Desse er som regel baserte på kommunedekkjande fagdatabasar der t.d. digitalt eigedomskart (DEK), vegnett, bygningar, terrenghform, vassdrag, kulturminne, naturvern-område m.m. utgjer separate basar. I samband med detaljplanlegging kan det hentast inn data frå desse databasane til dei fleste digitale planverktøy (DAK-system med 2D eller 3D og kartsystem med planmodul). Desse databasane vert jamleg ajourførte, og medverkar både til digitaliseringsgrunnlag for føremålgrenser m.m., digitalt bakgrunnskart for plankartet og til ulike temakart. Ved digital produksjon av reguleringsplanar og utbyggingsplanar kan plantema frå godkjende plankart hentast inn i ein eigen fagdatabase for oversiktsplanar, og denne vil då til kvar tid inne-

halde gjeldande reguleringsituasjon. Når det skal utarbeidast nye planar eller planendringar, vil eit uttrekk frå planbasen gje det digitale basisgrunnlaget for tilpassing til gjeldande planar.

Ved meir omfattande GIS-løysingar som er knytte opp mot sakssystem, vert planinnhaldet gjort tilgjengeleg hos kvar einskild sakshandsamar, og kan nyttast direkte som tekst eller kartutsnitt i dokument og innstillingar til politiske utval. Data kan også nyttast til digital produksjon av situasjonskart, meklaropplysningar, oreigningskart m.m., og vil vere grunnlag for uthenting av stikkingsdata. Basen kan også brukast som temagrunnlag ved kommuneplanrullering vedrørande gjeldande reguleringsituasjon og kva planar som skal setjast til sides av kommuneplan.

7.3. Innhaldet i plankartet

Rettsverknad

For alle plantypane i plan- og bygningslova gjeld at det berre er kartfest informasjon, med eventuelle tilhøyrande føresegner, som kan få rettsverknad. For reguleringsplanar og utbyggingsplanar må reguleringsføremål og føresegner vere innanfor ramma av plan- og bygningslova §§ 25 og 26. Dersom ikkje anna går fram av føresegnerne, er all annan kartinformasjon og tekst berre rettleiande. For å sikre at rettsverknaden i plankartet er klar og lettfatteleg, må informasjon i form av registreringar, illustrasjonar m.m. ikkje visast på plankartet, men på eigne vedlegg.

Plankartet med eventuelle føresegner er rettsleg bindande når det er godkjent med endeleg verknad. Dersom det vert gjort endringar i føremål e.l. på plankartet etter offentleg ettersyn, må planen leggjast ut og sendast dei involverte på nytt før endeleg vedtak. Ved eventuelle mindre justeringar (arrondering av føremålgrenser o.l.) er det tilstrekkeleg å avklare desse endringane med dei offentlege og private organ og privatpersonar som saka vedkjem.

Godkjent plankart skal liggje føre som analogt dokument, utferda i 4 like eksemplar, med påteikning om kven som har godkjent kartet.



Kopi av godkjent plankart skal gje identisk informasjon med originalen, også same symbol og fargebruk. Kopien kan vere analog som originalen, eller ei digitalt lagra plottefil som kan reproduserast. Det er berre originalen av plankartet som er rettsgyldig, ikkje digitalt lagra data.

Ved digital produksjon av plankart er dette sett saman av både digitalt basiskart og digitale plantema. Dei digitale plantema i godkjende plankart bør lagrast som ei eiga datafil i SOSI-format, slik at data kan eksporterast separat til t.d. andre instansar, eller importerast til eit geografisk informasjonssystem.

Målestokk

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar er detaljplanar der det er viktig at kartgrunnlaget har eit innhald og ein detaljeringsgrad som gjer at konsekvensane av planframlegget kan vurderast.

Presentasjonsmålestokk for plankartet bør til vanleg vere 1:1000 eller 1:2000. For område med einsarta utnytting og oversiktlege tilhøve kan det i særskilde tilfelle brukast 1:5000. I bymessige område og der det er behov for stor detaljeringsgrad, kan målestokk 1:500 brukast.

Kartgrunnlag for presentasjon

Når analogt kartgrunnlag skal brukast, har det vore vanleg å bruke kommunen sitt tekniske kartverk med standard kartinhald som basiskart for planpresentasjon. Ved bruk av digitalt kartgrunnlag bør basiskartet ha eit innhald og ei presentasjonsform som så langt råd er samsvarer med dette. Basiskartet bør berre visast med gråtone og utan fylte flater (bygningar, vassflater m.m. berre med omriss). Høgdeinformasjon skal visast i form av kotar, og kompletterast med høgdeopplysning for vatn og markerte sprang i terrenget. Basiskartet skal kompletterast med eigedomsinformasjon (adresser, gnr./bnr.), vegnamn og vegnummer (for riks- og fylkesvegar). Stadnamn skal skrivast i samsvar med vedteken skrivemåte, og skal vere godt leselege.

Basiskartet skal vere ajourført så langt ei forsvarleg forståing av planen krev det. Det er særleg

viktig at nye vegar og nybygg vert ajourførte. Oppdatert situasjon må ajourførast like nøyaktig som originalkartet. Kartet skal innehalde rutenett med opplysningar om koordinatar.

Fargar

Plantema i plankartet skal kunne presenterast i fargar. Fargane må vere transparente, slik at dei ikkje skjuler informasjonen i basiskartet. For reguleringsføremål i sjø og vassdrag skal det nytast blå farge på plankartet. Sjøområde som skal fyllast opp, skal visast med føremålsfarge for den tillatne bruken. For å kunne mangfaldiggjere planar på ein enkel måte under planhandsaminga er det ofte ønskjeleg å kunne presentere planen i svart/kvitt. Ein føresetnad for ei slik forenkling er at tekst med opplysning om reguleringsføremål er påført alle føremålsområde slik at planen også er eintydig i svart/kvitt.

Tekstinformasjon

Behovet for tekstinformasjon som skal påførast plankartet må vurderast i kvart tilfelle. Følgjande tekstinformasjon vil i dei fleste tilfelle gje dei nødvendigaste opplysningane:

- reguleringsføremål med eventuell feltnemning, grad av utnytting og områdestørleik i dekar (daa).
- målsetjing av avstandar frå senterline til føremåsgrense, byggjegrense m.m.
- opplysning om kurveradiar.

Teiknforklaring

Teiknforklaringa skal plasserast slik at det er synleg når plankartet vert bretta ned til A4-format. Dei fargane og streksymbola som vert nytta på plankartet, skal visast på teiknforklaringa, og koordinatsystem, målestokk og nordpil må også oppgjevast. Det bør ikkje brukast avvikande nordretning. I tillegg bør teiknforklaringa ajourførast med sakshandsamingsopplysningar. Når plankartet er godkjent med endeleg verknad, skal dette førast på teiknforklaringa. Dette er nødvendig av omsyn til den rettslege funksjonen til plankartet.



7.4. Produksjonsmetodar for presentasjon av plankart

I motsetnad til arealdelen av kommuneplanar og kommunedelplanar er det sjeldan behov for så mange eksemplar av plankartet at det forsvarer kostnadene med ein trykkjeprosess. Det normale vil difor vere kopiering eller plotting i svart/kvitt eller fargar.

Planar som er framstilte analogt ved oppeikning på folie av analogt grunnkart, kan kopierast i svart/kvitt. I tillegg må det fargeleggjast nødvendig tal eksemplar ved offentleg utlegging, politisk handsaming og ved godkjenning av plankart. Ved fulldigital produksjon vert det definert teiknereglar for dei ulike fargefyllingane og plankartet vert plotta i aktuelt tal på fargeplottar. For planar inntil A3-storleik kan mangfaldiggjering skje ved fargekopiering av originalen frå fargeplottar.

7.5. Fargar og symbol i reguleringsplanar og utbyggingsplanar

Departementet gjev i det følgjande ein norm for fargar og symbolbruk som til vanleg bør nyttast for all framstilling av plankart for reguleringsplanar og utbyggingsplanar.

Fargeblandingssystem

Det finst mange fargeblandingssystem som kan brukast på plankart. I den etterfølgjande norma for liner, fargar og symbol er det teke utgangspunkt i det mykje brukte CMYK-systemet. I tillegg er det oppgjeve tilsvarende fargenemning i RGB og PMS-systema.

CMYK står for Cyan (blå), Magenta (raud), Yellow (gul), Black (svart), og er eit digitalt fage-system for å blande (beskrive) fargar for dataprogram, fargeplottar, trykkjeripresse osv. for å oppnå dei ønskte fargenyansane. Ved trykking trengst det 4 filmar som innehold berre grátonar for å fastsetje fargemettinga for vedkommande farge.


RGB står for Red (raud), Green (grøn), Blue (blå), og er eit digitalt fagesystem som er basert på ulike blandingsforhold mellom dei tre primærfargane.

PMS står for Pantone Matching System og er eit fagesystem der kvar fargenyanse har si eiga nemning, og ikkje som i RGB og CMYK der blandingsforholdet vert oppgjeve. Systemet omfattar fleire media som trykkfilmar, skjerefoliar og tusjpennar.


Norm for fargar, liner og symbol i reguleringsplanar og utbyggingsplanar



NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UTBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR




Fornyning



Bevaring



Restriksjon



Fare



Føremål (bruk)



Liner med styrande funksjon
(byggjegrense, senterline o.l.)

NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - LINESYMBOL OG PUNKTSYMBOL

| PLANINNHOLD | SOSI | SPESIFIKASJON SYMBOL | | | SYMBOL | MERKNADER |
|--|-------|----------------------|-----------|---|--------|--|
| LINESYMBOL | | Breidd (mm) | Stippling | FARGE: CMYK 0-0-100 RGB 0-0-0 PMS E 325-1 | | |
| | | Lengd mm | Mellom mm | | | |
| Planavgrensing | LTEMA | 1,00 | 1,0 | 2,0 | | Lina skal følge eksakt planavgrensing (= ytre føremålsgrense LTEMA 1202) slik: |
| Føremålsgrense | 1201 | 0,50 | | | | |
| Regulert tomtegrense | 1202 | 0,25 | | | | |
| Eigdomsgrense som skal opphevast | 1203 | | | | | |
| Grense for fareområde | 1204 | 0,20 | 2,0 | 1,5 | | |
| Grense for restriksjonsområde | 1205 | 0,50 | 4,0 | 2,0 | | |
| Grense for bevaringsområde | 1206 | 0,18 | 2,0 | 1,0 | | |
| Grense for fornyingsområde | 1207 | 0,50 | 3,0 | 2,0 | | |
| Bygg som skal bevarast (berre bevaringsområde) | 1208 | 0,50 | 2,0 | 2,0 | | |
| Byggjegrense | 1210 | 1,00 | | | | |
| Byggjeline (påboden plassering i eldre planar) | 1211 | 0,35 | 4,0 | 2,0 | | |
| Omriss av planlagde bygg | 1212 | 0,35 | 3,0 | 2,0 | | |
| Omriss av eksisterende bygg som inngår i *1) | 1213 | 0,35 | | | | |
| Omriß av eksisterende bygg som inngår i *1) | 1214 | 0,50 | | | | |
| Bygg som skal fjernast | 1215 | 0,35 | 2,0 | 2,0 | | |
| Regulert senterline | 1221 | 0,18 | 8,0 | 2,0 | | |
| Frisiktline | 1222 | 0,18 | 2,0 | 1,0 | | |
| Regulert kant køyrebane *2) | 1223 | 0,35 | 4,0 | 3,0 | | |
| Regulert køyrefelt *2) | 1224 | 0,35 | 2,5 | 2,0 | | |
| Regulert parkeringsfelt *2) | 1225 | 0,35 | 1,5 | 1,0 | | |
| Regulert fotgjengarfelt *2) | 1226 | 0,35 | 1,0 | 0,5 | | |
| PUNKTSYMBOL | | | | | | Døme på bruk av punktsymbol for brukar og tunnelopning. |
| Stenging av avkjørsle | 1241 | | | | | |
| Avkjørsle | 1242 | | | | | |
| Brukars * | 1251 | | | | | |
| Tunnelopning *2) | 1253 | | | | | |

*1) Vert brukt på eksisterande bygning som kan først opp att etter eventuell skade sjølv om plassering, høgd o.l. vil vere i strid med planen.

*2) Kan berre brukast der planen skal fastsetje bindande plassering, slik at endring må håndtasmost som minst vesentlig endring.



NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR



| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CMYK | FARGE RGB | PMS | BREIDD MM | SKRAVUR AVSTAND MM | VINKEL MM | EKSEMPEL |
|--|-----------------|-------------|--------------|---------|--------------|--------------------------|--------------|-------------------|
| BYGGEOMRÅDE (PBL § 25, 1. ledd nr. 1) | (100) * | 10-30-100-0 | 229-178-0 | E 9-1 | | | | |
| Område for bustader med tilhørende anlegg 1) | 110 | 0-0-100-0 | 255-255-0 | E 1-3 | | | | BUSTAD |
| Frittliggende småhusutbygging 1) | 111 | 0-0-40-0 | 255-255-153 | E 1-7 | | | | FS |
| Konsentrent småhusutbygging 1) | 112 | 0-0-100-0 | 255-255-0 | E 1-3 | | | | KS |
| Blokkutbygging 1) | 113 | 0-0-100-0 | 255-255-0 | E 1-3 | | | | B |
| Garasjer til bustadområde | 115 | 0-0-100-0 | 255-255-0 | E 1-3 | | | | G |
| Område for forretning | 120 | 20-15-0-0 | 204-216-255 | E 196-9 | | | | F |
| Område for kontor | 130 | 60-40-20-0 | 102-153-204 | E 190-6 | | | | K |
| Område for industri/lager 2) | 140 | 30-70-0-0 | 178-76-255 | E 164-3 | | | | I/L |
| Område for fritidsbusettnad | 150 | 0-35-100-0 | 255-165-0 | E 18-1 | | | | F |
| Område for offentlige bygg (stat, fylkeskommune, kommune) | (160) * | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | OFF. BYGN. |
| Offentleg barnehage | 162 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | B |
| Offentleg undervisning (skule, universitet m.m.) | 163 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | U |
| Offentleg institusjon (sjukehus, aldersheim, sjukeheim m.m.) | 164 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | I |
| Offentleg kyrkje | 166 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | Kyrkje |
| Offentleg forsamlingslokale (kino, teater m.m.) | 167 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | FL |
| Offentleg administrasjon | 169 | 0-85-85-0 | 255-38-38 | E 73-2 | | | | AB |

*) Kodar i () vert brukte ved generalisering.

1) Må spesifiserast med påskrift og reguleringsføresegner
2) Industri og/eller lager må spesifiserast i reguleringsføresegnene.

NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR



| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CMYK | RGB | FARGE | PMS | BREIDD MM | AVSTAND MM | SKRAVUR VINKEL MM | EKSEMPEL |
|--|-----------------|-------------|-------------|---------|-----|--------------|---------------|-------------------------|-------------------------------|
| Område for særskilt oppgjeve allmennytig føremål 1) | (170) * | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | |
| Allmennytig barnehage | 172 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Barnehage |
| Allmennytig undervisning (skule, universitet m.m.) | 173 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Skule |
| Allmennytig institusjon (sjukehus, aldersheim, sjukeheim m.m.) | 174 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Sjukehus |
| Allmennytig kyrkje | 176 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Kyrkje |
| Allmennytig forsamlingslokale (grendehus m.m.) | 177 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Forsamlingslokale |
| Allmennytig administrasjon | 179 | 30-80-100-0 | 178-51-0 | E 64-2 | | | | | Administrative bygg |
| Område for herberge og serveringssteder | (180) * | 80-25-0-0 | 51-191-255 | E 214-3 | | | | | Herberge/serveringssteder |
| Hotell med tilhørende anlegg | 181 | 80-25-0-0 | 51-191-255 | E 214-3 | | | | | Hotell |
| Servering | 182 | 80-25-0-0 | 51-191-255 | E 214-3 | | | | | Servering |
| Område for garasjeanlegg og bensinstasjoner | (190) * | 50-15-0-0 | 127-216-255 | E 214-5 | | | | | Garasjeanlegg/bensinstasjoner |
| Garasjeanlegg | 191 | 50-15-0-0 | 127-216-255 | E 214-5 | | | | | Garasjeanlegg |
| Bensinstasjoner | 192 | 50-15-0-0 | 127-216-255 | E 214-5 | | | | | Bensinstasjoner |
| LANDBRUKSMÅDE (PBL § 25, 1. ledd nr. 2) | (200) * | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | | | |
| Område for jord- og skogbruk | 210 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | | | J & S-bruk |
| Område for reindrift | 220 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | | | Reindrift |
| Område for gartneri | 230 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | | | Gartneri |
| Område for parsellhagar | 240 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | | | Parsellhagar |

*) Kodar i () vert brukte ved generalisering.
1) Det bør om mogleg opplystast om eigar

NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSSPLAN OG UTBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR



| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | FARGE CMYK | FARGE RGB | P/M/S | BREIDD MM | SKRAVUR AVSTAND MM | VINKEL MM | EKSEMPEL |
|--|-----------------|---------------|--------------|---------|--------------|--------------------------|--------------|---------------------|
| OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE...(PBL § 25, 1. ledd nr. 3) | (300) * | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | | | | |
| Køyreveg | 310 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | | | | Køyreweg |
| Gate med fortau | 311 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | | | | Gate med fortau |
| Annan veggrunn | 319 | 0-0-0-15 | 216-216-216 | E 325-8 | | | | Annan veggrunn |
| Gang /sykkelveg | 320 | 0-0-0-25 | 191-191-191 | E330-7 | | | | Gang/sykkelveg |
| Sykkelveg | 321 | 0-0-0-25 | 191-191-191 | E330-7 | | | | Sykkelveg |
| Gangveg | 322 | 0-0-0-25 | 191-191-191 | E330-7 | | | | Gangveg |
| Gatetun | 330 | 0-0-0-25 | 191-191-191 | E330-7 | | | | Gatetun |
| Torg | 331 | 0-0-0-25 | 191-191-191 | E330-7 | | | | Torg |
| Rastepllass | 332 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | | | | Rastepllass |
| Parkeringsplass | 333 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | | | | Parkeringsplass |
| Kollektivanlegg | 340 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Kollektivanlegg |
| Bussterminal | 341 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Bussterminal |
| Busshaldeplass | 342 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Busshaldeplass |
| Drosjehaldeplass | 343 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Drosjehaldeplass |
| Jernbane | 350 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Jernbane |
| Sporveg/forstadbane | 360 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E326-3 | | | | Sporveg/forstadbane |

*) Kodar i () vert brukte ved generalisering.



NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR


| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CMYK | RGB | FARGE | PMS | BREIDD MM | SKRAVUR AVSTAND MM | VINKEL MM | EKSEMPEL |
|---|-----------------|-----------|-------------|-----------|---------|--------------|--------------------------|--------------|-----------------------|
| Flyplass med administrasjonsbygningar | 370 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Flyplass |
| Flyplass/taxebane | 371 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Flyplass/taxebane |
| Hangar, verkstad/administrasjonsbygg | 372 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Hangar, verkstad m.m. |
| Hanneområde (landdelen) | 380 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Hanneområde |
| Kai | 381 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Kai |
| Småbåtanlegg (landdelen) | 382 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 325-6 | | | | | Småbåtanlegg |
| Trafikkområde i sjø og vassdrag | 390 | 50-5-5-0 | 127-242-242 | E 232-6 | | | | | Trafikkområde |
| Skipstlei | 391 | 50-5-5-0 | 127-242-242 | E 232-6 | | | | | Skipstlei |
| Hanneområde i sjø | 392 | 50-5-5-0 | 127-242-242 | E 232-6 | | | | | Hanneområde i sjø |
| FRIOMRÅDE (PBL § 25, 1. ledd nr.4) | | (400) * | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | | | | |
| Park | 410 | 35-0-35-0 | 165-255-165 | E 274-7 | | | | | Park |
| Turveg | 420 | 35-0-35-0 | 165-255-165 | E 274-7 | | | | | Turveg |
| Skiløype | 421 | 35-0-35-0 | 165-255-165 | E 274-7 | | | | | Skiløype |
| Anlegg for leik | 430 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | | | | | Leikeplass |
| Anlegg for idrett og sport | 440 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | | | | | Idrettsanlegg |
| Leirplass | 450 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | | | | | Leirplass |

*) Kodar i () vert brukte ved generalisering.



NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR

| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CMYK | FARGE RGB | PMS | BRIDD MM | AVSTAND MM | SKRAVUR MM | EKSEMPEL | MERKNADER |
|---|-----------------|-----------|--------------|---------|-------------|---------------|---------------|-------------|-----------|
| Friområde i sjø og vassdrag | 460 | 30-3-0-0 | 178-247-255 | E 225-7 | | | | Friområde | |
| Badeområde | 461 | 75-15-0-0 | 63-216-255 | E 225-4 | | | | Badeområde | |
| Småbåthamn | 462 | 75-15-0-0 | 63-216-255 | E 225-4 | | | | Småbåthamn | |
| Regattabane | 463 | 75-15-0-0 | 63-216-255 | E 225-4 | | | | Regattabane | |
| FAREOMRÅDE (PBL § 25, 1. ledd nr. 5) | | | | | | | | | |
| Høgspenningsanlegg | (500)* | | | | | | | | |
| Skytebane | 510 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |
| Ildsfarleg opplegg og andre innretninger som kan vere farlige for allmenheten | 520 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |
| Område med rasfare | 530 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |
| Flaumfare | 540 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |
| Annan fare | 550 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |
| | 590 | | | | 0,35 | 5 | 135 | | |



*) Koder i () brukes ved generalisering.


NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR

| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CM/YK RGB | FARGE PMS | BREIDD MM | SKRAVUR AVSTAND MM | VINKEL MM | EKSEMPEL |
|---|-----------------|--------------|--------------|--------------|--------------------------|--------------|--|
| SPESIALOMRÅDE (PBL § 25, 1. ledd nr. 6) | (600)* | | | | | | |
| Privat veg | 601 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | 0,18 | 2,5 | 90  Privat veg |
| Parkbelte i industristrøk | 611 | 35-0-35-0 | 165-255-165 | E 274-7 | 0,18 | 2,5 | 90  Parkbelte |
| Campingplass | 612 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | 0,18 | 2,5 | 90  Campingplass |
| Friluftsområde (på land) | 613 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | 0,18 | 5 | 0  Friluftsområde |
| Friluftsområde i sjø og vassdrag | 614 | 30-5-0-0 | 178-242-255 | E 232-7 | 0,18 | 5 | 0  Friluftsområde i sjø/vassdrag |
| Idrettsanlegg som ikke er offentlig tilgjengelig | 615 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | 0,18 | 2,5 | 90  Idrettsanlegg |
| Golfbane | 616 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | 0,18 | 2,5 | 90  Golfbane |
| Grav- og urnelund | 617 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Grav- og urnelund  |
| Privat småbåtanlegg (land) | 618 | 0-0-0-60 | 102-102-102 | E 326-3 | 0,18 | 2,5 | 90  Privat småbåtanlegg (land) |
| Privat småbåtanlegg (sjø) | 619 | 30-3-0-0 | 178-247-255 | E 255-7 | 0,18 | 2,5 | 90  Privat småbåtanlegg (sjø) |
| Område for anlegg i grunnen | 620 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Anlegg i grunnen |
| Område for anlegg og drift av kommunalteknisk verksmed | 621 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Kommunalteknisk verksmed Driftekvarth |
| Driftekvarasmagasin | 622 | 74-15-0-0 | 63-216-255 | E 225-4 | 0,18 | 2,5 | 0 Driftekvarth |
| Vass- og avløpsanlegg | 623 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | VA - anlegg |
| Område for bygging og drift av fjernvarmeanlegg | 624 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Fjernvarmeanlegg |
| Anlegg for Televerket (telekommunikasjon) | 625 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Teleanlegg |
| Øvingsområde med tilhørende anlegg for forsvaret/sivilforsvaret | 626 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Forsvaresanlegg |
| Område for anlegg og drift av radionavigasjonshjelpemiddel utanfor flyplass | 627 | 0-35-35-0 | 255-165-165 | E 73-7 | | | Radionavigasjon |
| Fiskebruk | 630 | 30-5-0-5 | 169-230-242 | E 233-7 | | | Fiskebruk |
| Andre område for anlegg i vassdrag eller sjø | 631 | 30-5-0-5 | 169-230-242 | E 233-7 | | | Andre anlegg |

*) Kodar i () vert brukt ved generalisering




NORM FOR FRAMSTILLING AV REGULERINGSPLAN OG UΤBYGGINGSPLAN - FARGE OG SKRAVUR

| PLANINNHOLD | SOSI REGFORM | CMYK FARGE | PMS RGB | BREIDD MM | AVSTAND MM | SKRAVUR MM | VINKEL MM |
|--|-----------------|---------------|-------------|--------------|---------------|---------------|--------------|
| Frisiksone ved veg | 640 | | | 0,18 | 1,5 | 0 | |
| Restriksjonsonråde rundt flyplass | 641 | | | 0,25 | 5 | 0 | |
| Grunnvassmagasin | 645 | | | 0,18 | 2,5 | 0 | |
| Nedslagsfelt for drikkevatn | 646 | | | 0,18 | 2,5 | 0 | |
| Naturvernområde (på land) | 650 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | 0,35 | 5 | 0 |
| Naturvernområde i sjø og vassdrag | 651 | 30-5-0-0 | 178-242-255 | E 232-7 | 0,35 | 5 | 0 |
| Klimavernsone | 652 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | 0,18 | 5 | 0 |
| Bevaringsområde for bygninga og anlegg | 660 | | | 0,35 | 5 | 90 | |
| Bevaring av bygningar | 661 | | | 0,35 | 5 | 90 | |
| Bevaring av anlegg | 662 | | | 0,35 | 5 | 90 | |
| Område for steinbrot og masseuttak | 670 | 10-50-20-25 | 172-95-153 | E 140-5 | | | |
| Andre område for vesentlige terregninggrep | 671 | 5-15-5-20 | 193-173-193 | E 140-8 | | | |
| Område for reindrift | 680 | 10-0-35-0 | 229-255-165 | E 302-7 | | | |
| Område for særskilde anlegg | (690)* | 0-10-50-5 | 242-218-121 | E 6-5 | | | |
| Taubane | 691 | 0-10-50-5 | 242-218-121 | E 6-5 | | | |
| Fritidspark | 692 | 0-10-50-5 | 242-218-121 | E 6-5 | | | |
| FELLESOMRÅDE (PBL § 25, 1 ledd nr. 7) | (700)* | 0-15-20-5 | 242-205-188 | E 22-7 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Felles avkjørsle 1) | 710 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Felles gangareal 1) | 720 | 0-0-0-20 | 191-191-191 | E 330-7 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Felles parkeringsplass 1) | 730 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Felles leikeareal for barn | 750 | 85-0-85-0 | 38-255-38 | E 274-2 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Felles gardsplass 1) | 760 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Fellesareal for garasjar | 770 | 0-0-0-40 | 153-153-153 | E 325-6 | 0,18 | 2,5 | 45 |
| Anna fellesareal for fleire eigedomar | 790 | 0-15-20-5 | 242-205-188 | E 22-7 | 0,18 | 2,5 | 45 |



